

Årsmelding 2025

Bjørnafjorden

Oppfølging politiske tiltak

| Oppdrag | Status | Kommentar |
|--|--------|---|
| A. Redusere driftskostnader – setja tæring etter næring | | Kommunen sine utgifter veks langt mindre enn inntektene. |
| B. Auka driftsinntektene – stimulera til bustad- og næringsetableringar | | Kommunen sine inntekter veks langt meir enn utgiftene. |
| E. Merkevara Bjørnafjorden – byggja felles identitet | | Organisasjonen arbeidar med ei rekke tiltak som støttar vidareutvikling av ein felles kultur. |
| Utgreia skule- og barnehagestrukturen på nytt | | Arbeid pågår. Struktursaka kjem i løpet av 2026. |
| Vurdere utvikling av frivillig opplæringsarena ved ei eller fleire skular for born med spesielle behov | | Sak kjem til politisk behandling 1 tertial 2026. |
| Legga til rette for at frivillig sektor kan nytta Ung Arena og Fjorden Arena | | Ser på moglege løysingar for å sikre bygg og drift. Ikkje fullført. |
| Oppfølging av "innsatsstrappa"-prosjektet - TEN og FSK tett på | | Overordna statusoppdatering i møter, samt delprosjekt til handsaming |
| Parkering Eikelandsosen | | Sak ferdig til april |
| Framtidas bibliotek, må også omfatte skulebiblioteka | | Sak er lagt fram til politisk handsaming |
| Ekstra merksemd på Frigjeringsjubileet - 80 år | | Hovudfokus har vore på 8. mai og 17. mai. I tillegg vert initiativ frå lagslivet følgt opp som tiltak i regi av |
| Ekstra merksemd på Friluftslivets år | | Opning markert 18.1. og eige stimuleringsordning der 175.000 kroner fordelt på 24 ulike tiltak. |
| Kulturskolen - samarbeid med Kongshaug | | Gjennomført møte med Kongshaug i juni. Ikkje lagt konkrete avtalar/tiltak. |
| Månadsrapportering økonomi/rapportering oppfølging tiltak til FSK | | Månadleg økonomirapportering til formannskapet. |
| Årsverkrapportering på tenesteniwa som del av økonomirapporteringa til FSK | | Rapporteres pr tertial |
| Opparbeiding Tellevikjo friluftsområde | | Opparbeiding pågår |
| Opparbeiding Steinavikjo friluftsområde | | Fullført. |
| Rehab stupetårn i Mobergsvikjo om det er att penger frå dei to prosjekta over | | Mangler finansiering |
| Utgreiing grunntilhøva på Kuventræ sentralidrettsanlegg i 2025 | | Rapport er levert (fått nytt oppdrag med sak om finansieringsløysning) |
| Nytt ventilasjonsanlegg i Osbadet i 2025 og 2026 (framskunda eitt år) | | Sak fremmer for kommunestyret. Avventer eventuelt ny budsjettamme i 2026 |
| Før "utgreiing ny barnehage Lysekloster" - politisk orienteringssak om rammene for utgreiinga | | Politisk vedtak om å fortsette. Konseptfase pågår. |
| Særleg fokus på nærværarbeid | | Eit breidt spekter av tiltak er sett i gong, nærværet har auka i snitt siste året. Framleis utfordrande i nok |
| Utgreie bonus for å komma på jobb | | Pilot blir sett i gong frå januar 2026 i utvalde einingar. |
| Organisering prosjektavdelinga og teknisk drift | | Kartlegging og rapport er ferdig. Tiltak er igang. Politisk sak til hausten. |
| Arealeffektivisering og sal av eigedommar | | Kontinuerleg oppgåve som vert vidareført i 2026 |
| Frivillig skogvern av Raudlio og Stokkedalen - utgreie inntekspotensiale | | Sak må sjåast i samanheng med skogsdrift, rekreasjon og VA. Meir helskapleg sak vert fremja i 2026. |
| Greia ut om det er meir ASVO Bjørnafjorden kan gjere for kommunen | | Asvo har fått grunnlagstal for vask av tøy sett opp mot satsing på vaskeritenester. Ny sak i 2026. |
| Jobba aktivt med finansierings- og realiseringsplan for parkeringsanlegget og ny kollektivterminal | | Reg.planarbeidet har pågått i 2025. Sak vert lagt fram før sommaren 2026. |
| Søkje Vestland fylkeskommune om økonomisk tilskot til gjennomføring av arkitektkonkurranse - kaifronten - i 2025 | | Søknadsordning er utgått |
| Greie ut måtar landbruket kan nytta overskotsmassar til jordforbetring på eksisterande landbruksareal. | | Under arbeid |
| Digitalt førsteval - innsparing 1,5 mill | | Opplæring og kompetanseheving knytt til digitale løysingar ute i tenestene, mange tenester har nytta til |
| Systematisk arbeid for å redusere vald og truslar | | KomLab blir gjennomført. Avvik blir følgt opp i einingane. |
| Effektivisering av legevakt og legetenester | | Reforhandling av ny avtale med Austevoll kommune ikkje signert - i prosess |
| Reklame på offentlig stad | | Pågår, men det har vore vanskeleg å finne godt eigna flater og interessentar for reklame. |
| Innsparing Brann og redning | | Politisk sak før sommaren 2026 |
| Klima - Tilsette bruke dele-bil eller kollektiv i større grad | | Bruken av delebil har auka med om lag 20 % samanlikna med 2024. |
| Klima - ENØK-tiltak i kommunale bygg for å redusere straumforbruk | | Pågår kontinuerleg |
| Klima - Grønt flagg-barnehagar | | Ein barnehage godkjent. Fleire barnehagar i prosess. Gjennomført ca. 20%. |
| Klima - Omlegging til fossilfrie køyretøy så langt som råd er | | Blir vurdert i samband med skifte av køyretøy. |
| Klima - Redusere matsvinn ved institusjonane våre | | Vanskeleg å definere måttal da det krev system for målingar. Vi har ingen system for det pr i dag. Det er ei auka bevisstheit kring matsvinn. |
| Klima - halde fram med miljøsertifisering av kommunale tenester | | Pågår. Miljøfyrårn vert og vurdert. |
| Permanent ordning - Seniorordse | | Følgd opp med politisk sak til råd, tenesteval og formannskap i oktober |
| Fleire ladestasjonar - særleg i Austre delen av kommunen | | Fullført. |
| Privat utbygging av bustader for eldre - utarbeide strategi | | Strategi vedteke i politisk sak "Strategisk bustadpolitikk". Forhandlingar igang. |

Politisk organisering og styring

Kommunestyret er det øvste organet i Bjørnafjorden kommune. Kommunestyret består av 35 representantar og blir leia av ordføraren.

Ordføraren i Bjørnafjorden kommune er Terje Søviknes frå Framskrittspartiet. Marie Elisabeth Lunde Bruarøy frå Høgre er varaordførar.

Bjørnafjorden kommune har seks faste politiske utval:

- Formannskap
- Plan-, bygg- og miljøutval (utgjør også trafikksikringsutval)
- Tenesteval
- Administrasjonsutval (partssamansett utval)
- Eigedomsutval
- Kontrollutval

I tillegg er det tre lovpålagte brukarråd med politisk representasjon:

- Eldreråd
- Råd for menneskje med nedsett funksjonsevne
- Ungdomsråd

Administrativ organisering og styring


Arild McClellan Stein er kommunedirektør og den øvste administrative leiaren i Bjørnafjorden kommune.


Med seg i leiargruppa har kommunedirektøren hatt kommunalsjef for oppvekst Line Rye, kommunalsjef for Helse og velferd Monica Totland Melvold, kommunalsjef for samfunnsutvikling Runar Lunde (fram til juni 2025), kommunalsjef for samfunnsutvikling Eystein J. Vennesslan (frå juni 2025) økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas, HR-sjef Ingrid Kristin Askvik og spesialrådgjevar Ingrid E. Tøsdal.


Kommunalsjef for samfunnsutvikling Runar Lunde sa opp stillinga si i mai 2025, med verknad frå august 2025. Eystein Vennesslan vart konstituert i stillinga frå juni, og etter open utlysing og tilsettingsprosess vart han fast tilsett i stillinga frå oktober.


Tidlegare kontorsjef Andris Hamre sa opp stillinga si hausten 2024 med verknad frå og med 1.1.2025. Frå 1.6.2025 vart han erstatta av spesialrådgjevar Ingrid E. Tøsdal.

Sjå organisasjonskart for meir detaljert organisering.









Plan- og styringssystem

Bjørnafjorden blir styrt etter ein planstrategi som omfattar alle sektorar og områder.

Kommunen sin planstrategi er styrande for alt vi gjer. Budsjett og økonomiplan er ein sentral del av dette og lovpålagt å ha. Kravet til økonomiplan er at den skal strekke seg fire år fram i tid.

Bjørnafjorden kommune sin samfunnsdel av kommuneplanen blei vedteken av kommunestyret 3. november 2022. Den legg rammene for tenester, planarbeid, samfunnsutvikling og arealbruk.

- [Samfunnsdelen av kommuneplan for Bjørnafjorden kommune 2023-2035 \(PDF, 4 MB\)](#)

I 2025 vart arbeidet med kommuneplanen sin arealdel starta opp. Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel blei vedteke av kommunestyret 18. desember 2025.

Visjon og verdiar

Visjon

Eit raust og attraktivt lokalsamfunn med evne og vilje til nyskaping.

Misjon

Det gode liv for alle.

Verdiar

- Vi lyttar med respekt.
- Vi finn smarte løysingar.
- Vi gjer det vi seier.
- Vi er inkluderande.

Satsingsområde

Folk: Vi skal legge til rette for trygge, stolte, likeverdige og engasjerte innbyggjarar og medarbeidarar.

Fellesskap: Vi skal bygge nye fellesskap - små og store, internt og eksternt.

Framtidsretta: Vi skal vere nytenkande, endringsvillige og yte treffsikre tenester.



Kommunedirektøren si innleiing

2025 vart eit år der Bjørnafjorden, i likskap med resten av kommunesektoren, stod midt i eit krevjande landskap. Kostnadsvekst, demografiske endringar, kompetansemangel og press på tenestene utfordra økonomien vår – samstundes som forventningane til kva kommunen skal levera held fram å auke. Likevel er det grunn til å merka seg at mykje har gått i rett retning dette året.

Rekneskapen for 2025 viser eit positivt netto driftsresultat på 53,9 mill. kr, og resultatgraden på 1,97 % ligg over staten sitt krav til ein sunn kommuneøkonomi. Kostnadsveksten har bremsa opp, driftsutgiftene har vakse langt mindre enn dei siste åra, og fleire av dei store økonomiske risikopostane er handterte betre enn venta. Sjølv om betringane i stor grad kjem frå enkeltpostar og ikkje frå varige endringar, gir det oss likevel eit viktig pusterom – og eit teikn til at arbeidet med omstilling, innsats- og bustadtrapp og meir treffsikre tenester er på veg i riktig retning.

Samtidig står dei strukturelle utfordringane ved lag. Behovet aukar fortare enn inntektene, og presset er tydelegast i helse- og velferdstenestene. Rekruttering er krevjande, særleg innan pleie og omsorg, og sjukefråværet er framleis for høgt. I oppvekstsektoren ser me ein tydeleg auke i barn og unge med samansette behov, større utfordringar i skulemiljøa og eit barnevern som handterer meir komplekse saker. Alt dette krev både kompetanse, kapasitet og nye måtar å jobba på.

Likevel vart 2025 eit år der organisasjonen viste ei imponerende evne til å stå i trykket – og til å utvikla seg trass det. Sjukefråværet gjekk ned i fleire einingar, rekrutteringa lukkast betre nokre stader, og både skular og barnehagar jobba systematisk med kvalitetsforbetring. Familiens hus, ungdomsteam, lågterskeltilbod og førebyggjande tenester har redusert ventelister og styrkt laget rundt barn og familiar. Det er nettopp i slikt arbeid me ser konturane av framtida: tidleg innsats, tett samhandling og meir treffsikre tenester.

2025 har synt at omstilling ikkje berre er kutt – men òg utvikling, innovasjon og nye løysingar. Innsatstrappa, digitalisering, og sterkare fagleg samarbeid på tvers har lagt grunnlag for betre prioriteringar i åra som kjem. Me er ikkje i mål, men me er i rørsle – og det gjev grunn til optimisme.

For eg skreiv i budsjettinnleiinga at eg var ein optimist. Året som har gått har styrkt den kjensla. I starten skimta eg berre lyset i det fjerne – no ser eg det klarare. Lyset kjem ikkje frå staten, eller frå tilfeldige medvindar. Det kjem frå medarbeidarane våre, frå leiarane, frå dei politiske prioriteringane og ikkje minst frå innbyggjarane som møter oss med både forventningar, engasjement og tillit. Det er dette samspelet som gjer meg trygg på at me kjem til å lukkast med dei store endringane me skal gjennom dei neste åra.

2025 har vist at Bjørnafjorden kommune ikkje berre står i stormane – me klarer å utvikla oss i dei. Og det gir oss den viktigaste lærdommen av alle: Framtida er ikkje noko som skjer med oss. Framtida er noko me formar – saman.

Økonomi

Innleiing

Bjørnafjorden kommune sin driftsrekneskap for 2025 (kommunekassa) viser eit netto driftsresultat på kr 53.937.682. Årets rekneskapsmessige mindreforbruk før strykingar er kr 30.092.526. Bruk av disposisjonsfond er redusert med denne summen slik at årets mindreforbruk etter dette er kr 0.

Investeringsrekneskapen for 2025 viser eit rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk på kr 0.

Konsolidert rekneskap for Bjørnafjorden kommune viser eit netto driftsresultat på kr 58.112.118. Konsolidert rekneskap omfattar Bjørnafjorden kommune, Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF og Os Idrettspark Bjørnafjorden KF, men konsern-interne transaksjonar er eliminerte. Den konsoliderte driftsrekneskapen for 2025 viser eit meirforbruk/mindreforbruk på kr 0. Den konsoliderte investeringsrekneskapen for 2025 viser eit meirforbruk/mindreforbruk på kr 0.

Staten har uttrykt ei forventning om at kommunane over tid skal ha ein resultatgrad på 1,75% (netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter). Resultatgraden for Bjørnafjorden kommune i 2025 er 1,97%. For den konsoliderte rekneskapen er resultatgraden 2,10%.

Økonomisk stilling

Kommunen skal forvalte økonomien sin slik at den økonomiske handlefridomen blir ivaretatt over tid. Kommunen sine langsiktige utgifter skal vere finansiert av langsiktige inntekter. Dette inneber at tiltak av varig karakter som blir sett i verk må ha langsiktig budsjettdekning. Det overordna målet med økonomistyringa er å sette kommunen i stand til å gje innbyggjarane stabile og gode velferdstenester på kort og lang sikt.

Kommunen har lagt bak seg fleire år med ein krevjande økonomisk situasjon. Ulike konsulentbyrå har vore engasjerte for å identifisere kostnadsreducerande tiltak, og ei rekke tiltak er sette i verk. Likevel har vi heller ikkje i 2025 klart å redusere kostnadsnivået til dei vedtatte budsjetttrammene. Allereie i 1. tertialrapport viste tala at det ville gå mot ei overskriding av budsjetttrammene, og i 2. tertialrapport blei det gitt ei større tilleggsføring for å finansiere varsla avvik i sektorane.

Rekneskapsresultatet blei til slutt betre enn venta, også for sektorane, sjølv om auka skatteinntekter og godt finansresultat er viktige element. Dette skuldast i hovudsak enkeltpostar som blei betre enn vi såg for oss meir enn ei «friskmelding» av organisasjonen. Analysene viser likevel at kostnadsveksten har bremsa opp, og at ein del «pilar» pekar rett veg. Også budsjettarbeidet for 2026 gjekk noko lettare enn dei siste åra, og det er sett i verk fleire konkrete omstillingsprosjekt under paraplyen «Heilskapleg innsatstrapp» som vi håper vil få effekt framover. Saman gjev dette ei fornya optimisme for framtida med omsyn til å få ein sunn kommuneøkonomi i Bjørnafjorden.

Finansielle måltall - økonomisk handlefridom

Bjørnafjorden kommune bruker ein modell for økonomisk handlefridom utvikla av KS som basis for sine finansielle måltal, ref. K sak 105/22.

Modellen kan skjematisk settast opp slik:

Årsmelding 2025

| | | |
|--------------------------------|-------------------------------------|---|
| Netto lånegjeld, korrigert for | Netto driftsresultat, korrigert for | Disposisjonsfond, inkl rekneskapsmessig |
| ubunde investeringsfond, i % | netto bundne avsetninger, i % | mer-/mindreforbruk, i % |
| av driftsinntekter | av driftsinntekter | av driftsinntekter |
| | | |
| Under 65% | Over 2% | Over 8% |
| Mellom 65% og 85% | Mellom 1% og 2% | Mellom 5% og 8% |
| Over 85% | Under 1% | Under 5% |

Grønt nivå indikerer større grad av økonomisk handlefridom, gult nivå indikerer moderat økonomiske handlefridom medan raudt nivå indikerer avgrensa/lite økonomisk handlefridom.

På bakgrunn av modellen er det etablert følgjande finansielle måltal for Bjørnafjorden kommune:

Netto lånegjeld korrigert for ubunde investeringsfond i % av driftsinntekter: 112%

Netto driftsresultat korrigert for netto bundne avsetningar i % av driftsinntekter: 1,5%

Disposisjonsfond inkl. meir-/mindreforbruk i prosent av driftsinntekter: 20%

Resultat finansielle måltal Bjørnafjorden kommune:

| | Mål Bjørnafjorden | Kommune 2025 | Konsern 2025 | Landet 2025 | Kommune 2024 | Konsern 2024 | Landet 2024 |
|---------------------------------------|----------------------|-----------------|-----------------|----------------|-----------------|-----------------|----------------|
| Netto lånegjeld, korrigert | 112 % | 101,0 % | 99,6 % | 88,1 % | 108,7 % | 107,4 % | 87,9 % |
| Netto driftsresultat, korrigert | 1,5 % | 2,0 % | 2,1 % | 1,9 % | -2,5 % | -2,5 % | -0,6 % |
| Disposisjonsfond | 20 % | 19,1 % | 19,1 % | 11,6 % | 18,5 % | 18,4 % | 11,3 % |

Tabellen er basert på førebelse KOSTRA-tal for 2025 og vil kunne endre seg når endelege tal kjem, særleg gjeld dette tal for landet.

Årsmelding 2025

Nøkkeltala viser ei kraftig betring i netto driftsresultat både for kommunen og landet. Også nøkkeltala for gjeld og disposisjonsfond har utvikla seg positivt for kommunen. KS gjer kvart år ei kartlegging av alle kommunane ut frå kriteria for økonomisk handlefridom, ref. modellen over. Her kan ein lese «score» for nøkkeltala for kvar kommune (konsern) og landet samla. Kvar kommune får og ein samla «score» i form av ein fargekode. I 2024 kom kommunen ut på raudt nivå, medan vi var på gult nivå i 2023. KS legg fram tal for 2025 i tredje kvartal 2026.

Driftsrekneskapen

Driftsinntektene:

Eit samandrag av økonomisk oversikt drift §5-6 viser følgjande oversikt over kommunen sin driftsrekneskap (tal i heile tusen):

| Samandrag økonomisk oversikt drift | Rekneskap 2025 | Reg. budsjett 2025 | Oppr. Budsjett 2025 | Rekneskap 2024 |
|---|----------------|--------------------|---------------------|----------------|
| Tal i heile tusen | | | | |
| Driftsinntekter | 2 737 213 | 2 558 278 | 2 524 914 | 2 565 307 |
| Driftsutgifter | 2 642 372 | 2 437 394 | 2 408 213 | 2 604 728 |
| Brutto driftsresultat | 94 841 | 120 884 | 116 701 | - 39 421 |
| Netto finansutgifter | - 194 862 | - 211 000 | - 211 000 | - 182 604 |
| Motpost avskrivningar | 153 959 | 114 387 | 114 387 | 150 671 |
| Netto driftsresultat | 53 938 | 24 271 | 20 088 | - 71 354 |
| Sum disponering av netto driftsresultat | 53 938 | 24 271 | 20 088 | - 71 354 |
| Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk) | 0 | 0 | 0 | 0 |

Årsmelding 2025

Bjørnafjorden kommune sin driftsrekneskap for 2025 viser eit positivt netto driftsresultat 53,9 mill. kr. I 2024 var netto driftsresultat negativt med 71,4 mill. kr.

Vi vil under gå nærare inn på driftsrekneskapen:

| DRIFTSINNETEKTER PR ART | Rekneskap 2025 | Reg. budsjett 2025 | Oppr. Budsjett 2025 | Rekneskap 2024 | Endring mot Reg. budsjett | Endring mot rekneskap 2024 |
|--|--------------------|--------------------------|---------------------------|--------------------|---------------------------------|-------------------------------------|
| Tal i heile tusen | | | | | | |
| Rammetilskot | - 994 767 | - 955 581 | - 919 045 | - 923 491 | 39 186 | 71 276 |
| Inntekts- og formueskatt | - 1 033 199 | - 1 054 504 | - 1 055 303 | - 921 550 | -21 305 | 111 649 |
| Eigedomsskatt | - | - | - | - | 0 | 0 |
| Andre skatteinntekter | - 1 706 | - 685 | - | - 1 719 | 1 021 | -13 |
| Andre overføringar og tilskot frå staten | - 81 476 | - 79 906 | - 76 206 | - 130 608 | 1 570 | -49 132 |
| Overføringar og tilskot frå andre | - 313 331 | - 162 520 | - 170 219 | - 298 001 | 150 811 | 15 330 |
| Brukarbetalingar | - 71 845 | - 70 899 | - 70 899 | - 69 958 | 946 | 1 887 |
| Sals- og leigeinntekter | - 240 889 | - 234 183 | - 233 242 | - 219 980 | 6 706 | 20 909 |
| Sum driftsinntekter | - 2 737 213 | - 2 558 278 | - 2 524 914 | - 2 565 307 | 178 935 | 171 906 |

Kommunen sine driftsinntekter er 171,9 mill. kr høgare enn i 2024 og 178,9 mill. kr høgare enn regulert budsjett. Veksten frå 2024 er på ca. 6,70%. Det er ein svært stor auke i frie inntekter (skatt og rammetilskot) frå 2024 til 2025. Også mot regulert budsjett er det vekst i frie inntekter; veksten kjem i form av skatteutjamningsmidlar som blir ført i inntektsgruppa «Rammetilskot». Veksten i skatteinntekter frå 2024 til 2025 blei 12,1% for Bjørnafjorden kommune, og 10,8% for kommunane samla. Veksten for kommunane samla er høgare enn det Finansdepartementet la til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2025, men omtrent på nivå med ny prognose i midten av oktober (ca. 10%). Veksten i Bjørnafjorden kommune har lege høgare enn landsgjennomsnittet store delar av året, men det var

usikkert om dette ville halde «til mål», eller om det ville bli ei omfordeling i dei siste føringane av inntektsutjamninga som skjer i januar og februar året etter.

Kommunen har ikkje eigedomsskatt. Andre skatteinntekter gjeld konsesjonsavgift og naturressurs-skatt.


I gruppa Andre overføringar og tilskot frå staten finn vi integreringstilskotet for flyktningar, tildeling av midlar frå Havbruksfondet og rentekompensasjon frå Husbanken. Kommunen fekk i 2025 66,4 mill. kr i integreringstilskot frå staten, 9,4 mill. kr i utbetaling frå Havbruksfondet og 5,7 mill. kr i rentekompensasjon frå Husbanken. Samla er overføringane omtrent som budsjettert, men samanlikna med 2024 er beløpet vesentleg redusert. Mesteparten gjeld lågare utbetaling frå Havbruksfondet (som har høge utbetalningar annakvart år), men òg integreringstilskotet er lågare enn fjoråret.

Gruppa Overføringar og tilskot frå andre omfattar ei rekke postar, mange av dei gjeld statlege refusjonar. Refusjon sjukeløn/foreldrepermisjon blir ført her, og er samla på 98,4 mill. kr, omtrent det same som året før. Desse postane er ikkje budsjettert, og det blir dermed positivt avvik mot budsjett. Mva kompensasjon frå staten blei 20,6 mill. kr høgare enn budsjettert, men om lag det same som i 2024. Det er og i denne inntektsgruppa vi fører tilskot frå staten vedr ressurskrevjande tenester. Tilskotet som er inntektsført for 2025 er på 60,2 mill. kr. Dette er sokalla «beste estimat», ettersom vi først sender inn kravet til staten våren 2026. I 2024 erfarte vi at «beste estimat» blei vesentleg lågare enn både budsjettert nivå og nivået frå tidlegare år. Som følgje av dette blei budsjettert tilskot for 2025 justert ned med 13 mill. kr i 1. tertialrapport 2025 frå 73 mill. kr til 60 mill. kr. Endeleg tilskot for 2024 blei likevel 7,1 mill. kr høgare enn beste estimat for 2024. Dette beløpet er inntektsført i 2025 og gir eit positivt avvik mot (regulert) budsjett 2025.

Brukarbetalingar, som m.a. omfattar opphaldsbetaling i institusjon, betaling for heimehjelp og feiing er relativt stabile og har låge avvik mot budsjett og året før.

Sals- og leigeinntekter omfattar i hovudsak kommunale avgifter vedr vatn og kloakk, men og husleigeinntekter og sal av konsesjonskraft m.m. Kommunale avgifter, særleg på vatn, har ei auke i forhold til 2024 m.a. som følgje av gebyrauke.

Vi kan illustrere fordelinga av driftsinntektene slik:



Driftsutgiftene:

| DRIFTSUTGIFTER PR ART | Rekneskap 2025 | Reg. budsjett 2025 | Oppr. Budsjett 2025 | Rekneskap 2024 | Endring mot Reg. budsjett | Endring mot rekneskap 2024 |
|-----------------------------------|---------------------------|-----------------------------------|------------------------------------|---------------------------|--|---|
| Tal i heile tusen | | | | | | |
| Lønsutgifter | 1 324 581 | 1 287 897 | 1 237 734 | 1 271 163 | -36 684 | -53 418 |
| Sosiale utgifter | 325 456 | 286 698 | 319 596 | 372 543 | -38 758 | 47 087 |
| Kjøp av varer og tenester | 688 064 | 629 690 | 623 563 | 667 976 | -58 374 | -20 088 |
| Overføringer og tilskot til andre | 150 312 | 118 722 | 112 933 | 142 375 | -31 590 | -7 937 |
| Avskrivningar | 153 959 | 114 387 | 114 387 | 150 671 | -39 572 | -3 288 |
| Sum driftsutgifter | 2 642 372 | 2 437 394 | 2 408 213 | 2 604 728 | -204 978 | -37 644 |

Kommunen sine driftsutgifter er 37,6 mill. kr høgare enn i 2024 og 205 mill. høgare enn regulert budsjett. Veksten frå 2024 er berre på 1,45%, langt lågare enn veksten i driftsinntektene.

Lønsutgifter er den klart største utgiftsgruppa i kommunen. Samla lønsutgifter er 53,4 mill. kr høgare enn året før, tilsvarande 4,20%. Veksten mot 2024 ligg i hovudsak på fast-løn og ressursbemanning, medan det er ein nedgang i vikarpostane. Likevel er det vikarpostane det først og fremst oppstår eit budsjettavvik på, då langtidsfråvær i liten grad er budsjettert men blir sett i samanheng med refusjon sjukeløn/foreldrepermisjon. Bruk av overtid ligg godt over budsjett, men har berre ein svak auke sett mot 2024.

Samla utgifter til pensjon blei vesentleg lågare i 2025 enn året før, men høgare enn budsjett. Store delar av forklaringa ligg i premieavviket. Kommunen har 1 års amortisering («avdrag») av premieavvik. Netto utgiftsført premieavvik i 2024 var ganske høgt (som følgje av amortisering av høgt premieavvik for 2023 og inntektsføring av lågt premieavvik i 2024). I 2025 er netto premieavvik lågt (som følgje av amortisering av lågt premieavvik for 2024 og inntektsføring av «normalt» stort premieavvik i 2025). Det er gjort fondsavsetning i rekneskapen for 2025 for å dekke amortiseringa av premieavviket i neste års rekneskap (50,4 mill. kr). Avsetninga av årets premieavvik er budsjettregulert, men ikkje amortiseringa av fjorårets premieavvik, og dette gjer at det blir avvik mot regulert budsjett. I 2025 tredde det i kraft ny offentleg AFP (avtalefesta pensjon) for tilsette i kommunesektoren. Dette har medført ein auke i


kommunane sine pensjonsutgifter, så også i Bjørnafjorden. Veksten blei likevel noko lågare enn pensjonsleverandørane såg for seg, som følgje av at uttaket av ny AFP blei lågare enn venta. Kommunane fekk i revidert nasjonalbudsjett 2025 tilført midlar til å dekke meirutgiftene ved ny AFP. Kommunen har, i samsvar med budsjett, brukt 65,8 mill. kr av premiefond, omtrent det same som dei siste åra.

Kjøp av varer og tenester er 20,1 mill. kr høgare enn i 2024. I denne utgiftsgruppa er det mange konti der nokon har vekt medan andre har reduksjon. Ein stor del av utgiftene i denne gruppa gjeld tilskot til private barnehagar, og her er utgiftene 19,1 mill. kr høgare i 2025 enn i 2024. Når det gjeld avvik mot budsjett skuldast det ulike formar for tenestekjøp, både frå andre kommunar, frå private og der tenesteytinga er utført av andre enn kommunen.

Overføring og tilskot til andre omfattar m.a. utgifter til moms, sosialhjelpsutgifter, ulike tilskot og overføring til kommunale føretak. Utgiftene har auka med 7,9 mill. kr frå 2024, dette skuldast m.a. noko høgare eigenbetaling av barnevernstiltak til Bufetat og tilskot til tilrettelagte arbeidsplassar. Avviket på 31,6 mill. kr mot regulert budsjett gjeld i stor grad momsutgifter men og noko høgare eigenbetaling av barnevernstiltak til Bufetat.

Avskrivningar er ført med nærare 154 mill. kr. Avskrivningar har i kommunane ikkje effekt på netto driftsresultat.

Vi kan illustrere fordelinga av driftsutgiftene slik:



Finans

| FINANS | Rekneskap 2025 | Reg. budsjett 2025 | Oppr.budsjett 2025 | Rekneskap 2024 | Endring mot Reg. budsjett | Endring mot rekneskap 2024 |
|---------------------------------|----------------|--------------------|--------------------|----------------|---------------------------|----------------------------|
| Tal i heile tusen | | | | | | |
| Renteinntekter | - 41 883 | - 41 300 | - 35 800 | - 41 389 | 583 | 494 |
| Utbytter | - 527 | - 3 000 | - 3 000 | - 1 802 | -2 473 | -1 275 |
| Gevinst og tap fin. Omløpsmidl. | - 25 927 | - 11 500 | - | - 30 442 | 14 427 | -4 515 |
| Renteutgifter | 153 639 | 157 300 | 141 800 | 146 883 | 3 661 | -6 757 |
| Avdrag på lån | 109 560 | 109 500 | 108 000 | 109 354 | -60 | -206 |
| Sum netto finansutgifter | 194 862 | 211 000 | 211 000 | 182 604 | 16 138 | - 12 258 |

Netto finansutgifter er 12,3 mill. kr høgare i 2025 enn året før. Auka utgifter til renter og noko lågare avkastning på finansporteføljene er årsakene til det. Ved utgangen av 2024 blei det signalisert frå sentralbanken at styringsrenta gradvis ville bli sett ned frå første kvartal 2025. Først i rentemøtet 18 juni blei styringsrenta redusert med 0,25% frå 4,5% til 4,25%, og seinare 25 september til 4%. Nivået på korte renter (3 mnd nibor) som har mest å seie for kommunen, fall gjennom året som følgje av endringa i styringsrenta, men ikkje like mykje som forventa. I budsjettet for 2025 blei det lagt til grunn ei flytande rente på gjeldsbrevlån på 4,40% og sertifikatlån på 4%, men faktiske renter låg over dette nivået heile året. Gjennomsnittleg rente på kommunen sine lån ved utgangen av året er ca. 4,3%, men talet er inkludert startlån som pr no har ei litt lågare rente. I 2026 er budsjettet for renteutgifter auka igjen og det er lagt til grunn ei flytande rente på gjeldsbrevlån på 4,67%.

Kommunen har vedteke å avdra lånegjelda med minste lovlege avdrag (minimumsavdrag). Kommunen si lånegjeld er nærare omtalt under avsnittet om langsiktig lånegjeld.

Kommunen sine renteinntekter har halde seg på same høge nivå som 2024. Som følgje av høgare rentenivå i 2025 blei auka renteinntekter brukt til å dekke auka renteutgifter.

Utbytte frå kommunale selskap blei lågare enn budsjettert (og lågare enn 2024). Det er i hovudsak BIR AS som kommunen mottar utbytte frå.


Bjørnafjorden kommune har ein finansportefølje som består av langsiktige finansielle midlar som ikkje er meint å skulle dekke løpande betalingsplikter komande år. Midlane skal gje høgast mogleg avkastning

Årsmelding 2025

innanfor definerte krav til likviditet og risiko. Finansreglementet stiller krav til at kommunen sine langsiktige finansielle midlar skal vere godt diversifiserte, ved bruk av ulike aktiva klasser og spreing på ulike fond innan kvar aktiva klasse. 2025 har vore eit år med stor geopolitisk usikkerheit og svingande amerikansk handelspolitikk som har tatt stor plass i media. Dette har periodevis prega finansmarknaden, og eit par månader i vår var avkastninga negativ. Året samla sett blei likevel eit godt år på børsane m.a. som følgje av rentekutt i USA og optimisme blant investorane. Selskap som har investert i kunstig intelligent (KI) har auka kraftig i 2025, og det er ein viss frykt i marknaden for at dette kan vere ei «boble». Berre framtida vil gje svar på det. Pr 31.12.2025 er kommunen sine langsiktige finansielle midlar slik:

| RAPPORT - LANGSIKTIGE MIDLAR | | 2025 | | | | | | |
|------------------------------|----------------|--------------|---------------|--------------|--------------|--------------|--------------|----------|
| Tal i heile tusen | | | | | | | | |
| | Marknadsverdi | Fordeling % | Avkastning | Avkastning % | Ref. indeks | Strategi | Min. - maks. | Kontroll |
| Pengemarknads fond | 17 633 | 9,0 % | 878 | 5,3 % | 4,2 % | 10 % | 5% - 30% | Ok |
| Norske obligasjonsfond | 18 423 | 9,4 % | 672 | 3,8 % | 5,3 % | 10 % | 5% - 30% | Ok |
| Globale obligasjonsfond | 61 058 | 31,0 % | 3 699 | 6,5 % | 4,8 % | 30 % | 20% - 40% | Ok |
| Eigedomsfond | 18 006 | 9,1 % | 1 370 | 8,1 % | 7,3 % | 10 % | 0% - 20% | Ok |
| Norske aksjefond | 21 225 | 10,8 % | 3 625 | 20,6 % | 20,3 % | 10 % | 5% - 30% | Ok |
| Globale aksjefond | 60 556 | 30,8 % | 4 147 | 7,4 % | 8,4 % | 30 % | 20% - 40% | Ok |
| | | | | | | | | |
| SUM | 196 901 | 100 % | 14 391 | 7,9 % | 7,8 % | 100 % | | |

Årsmelding 2025



Avkastninga på kommunen sine langsiktige midlar i 2025 var 14,4 mill. kr, tilsvarande 7,9%. Dette er så vidt over referanseindeksen på 7,8%. Det er positive tal i alle segment, men aksjefond og globale obligasjonsfond bidrar mest til avkastninga dette året.

Når det gjeld kortsiktige finansielle midlar så har kommunen midlar i bank til driftsføremål og overskotslikviditet plassert i pengemarknadsfond. Overskotslikviditet er midlar som vi vurderer ikkje treng nyttast til betaling av løn/rekningar dei næraste tre månadene. Vi kan gi følgjande oversikt over kommunen sine kortsiktige midlar pr 31.12.2025:

| RAPPORT - KORTSIKTIGE MIDLAR | 2025 | | | | | | |
|-------------------------------------|----------------------|------------------|-------------------|-----------------------|-----------------|---------------------|-----------------|
| Tal i heile tusen | | | | | | | |
| | Marknadsverdi | Fordeling | Avkastning | Rentesats p.a. | Strategi | Min. - maks. | Kontroll |
| <u>Midlar til driftsføremål:</u> | | | | | | | |
| Innskot i bank* | 509 217 | 100 % | 25 504 | 4,65 % | 100 % | 100%-100% | Ok |
| <u>Overskotslikviditet:</u> | | | | | | | |
| Innskot i bank | 0 | 0 % | 0 | 0 % | 30 % | 0% - 100% | Ok |
| Pengemarknadsfond | 231 234 | 100 % | 11 604 | 5,28 % | 70 % | 0% - 100% | Ok |

*Inkl. Husbankmidlar

Likviditeten er framleis tilfredsstillande. Etter å ha vore fallande sidan utgangen av 2023, har likviditeten no gjort ein sving oppover igjen.

Kommunen har frå 2023 nytta Norne Securities som uavhengig rådgivar i samband med forvaltning av finansporteføljane. Kommunen sin hovudbank er DnB ASA.

Disponering av netto driftsresultat

| Disponering av netto driftsresultat | Rekneskap 2025 | Reg. budsjett 2025 | Oppr.budsjett 2025 | Rekneskap 2024 |
|--------------------------------------|----------------|--------------------|--------------------|-----------------|
| Tal i heile tusen | | | | |
| Overføring til investering | 4 328 | 4 328 | 1 000 | 2 513 |
| Avsetningar til bundne driftsfond | 6 271 | 5 935 | - | 6 282 |
| Bruk av bundne driftsfond | - 6 461 | - 5 700 | - | - 13 647 |
| Avsetningar til disposisjonsfond | 52 439 | 52 439 | 19 088 | - |
| Bruk av disposisjonsfond | - 2 639 | - 32 731 | - | - 66 502 |
| Dekning av tidlegare års meirforbruk | - | - | - | - |
| Sum disponeringar | 53 938 | 24 271 | 20 088 | - 71 354 |

Tabellen viser korleis netto driftsresultat på 53,9 mill. kr er disponert.

Før avslutningsposterane av årsrekneskaper for 2025 viste driftsrekneskaper eit avvik/mindreforbruk på 30,1 mill. kr. Som følge av dette blei 30,1 mill. kr vedr bruk av disposisjonsfond ført tilbake til disposisjonsfond. Etter dette er årets meir-/mindreforbruk kr 0.

Litt nærare om dei enkelte postane:

Det er overført 4,3 mill. kr frå driftsrekneskaper til finansiering av investeringsutgifter. Beløpet gjeld bruk av midlar vedr Miljøløftet og eigenkapitalinnskott i KLP.

Årsmelding 2025

Det er sett av 6,3 mill. kr til bundne driftsfond i 2025, om lage det same som året før. Dette gjeld i hovudsak ulike øyremerkte statstilskot som ikkje er nytta i året men sett av til seinare bruk, men og mottatte gåver, konsesjonsavgift og sjølvkost. Det er brukt om lag same beløp 6,5 mill. kr av bundne driftsfond avsett tidlegare år. Ca. halvparten av bruken gjeld avsette midlar vedr Miljølofttet.

Det er sett av 52,4 mill. kr til disposisjonsfond i 2025. Av dette gjeld 50,4 mill. kr avsetning av årets premieavvik til fond, slik at det kan dekke utgiftsføringa i 2026. Resten gjeld spelemidlar og formannskapets disposisjonsfond.

Bruk av disposisjonsfond er ført med 2,6 mill. kr. Budsjettert bruk av disposisjonsfond er 32,7 mill. kr, etter at det i 2. tertialrapport 2025 blei løyvd 32,4 mill. kr av disposisjonsfond for å finansiere varsla negativt avvik i sektorane sin drift. Som nemnt over er 30,1 mill. kr vedr bruk av disposisjonsfond ført tilbake til disposisjonsfond, slik at bruk av disposisjonsfond blir 2,6 mill. kr i 2025.

Konsolidert rekneskap

Konsolidert rekneskap for Bjørnafjorden kommune 2024 viser eit netto driftsresultat på 58,1 mill. kr tilsvarande ein resultatgrad på 2,10%. Konsolidert rekneskap omfattar Bjørnafjorden kommune, Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF og Os Idrettspark Bjørnafjorden KF, men konsern-interne transaksjonar er eliminerte. Konsolidert rekneskap 2025 har eit meir-/mindreforbruk på kr 0.

Os Idrettspark Bjørnafjorden KF har eit netto driftsresultat på 1,7 mill. kr, tilsvarande ein resultatgrad på 8,00%. Før avslutningsposteringane av årsrekneskapen for 2025 viste driftsrekneskapen eit avvik/mindreforbruk på 1,4 mill. kr. Beløpet er sett av til disposisjonsfond. Etter dette er årets meir-/mindreforbruk kr 0.

Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF har eit netto driftsresultat på 2,4 mill. kr, tilsvarande ein resultatgrad på 9,32%. Før avslutningsposteringane av årsrekneskapen for 2025 viste driftsrekneskapen eit avvik/mindreforbruk på 1,6 mill. kr. Av dette er 0,9 mill. kr sett av på disposisjonsfond medan 0,7 mill. kr har dekkta tidlegare års meirforbruk. Etter dette er årets meir-/mindreforbruk kr 0.

Avvik mellom budsjett og rekneskap

| | Rekneskap 2025 | Reg budsjett 2025 | Oppr. budsjett 2025 | Rekneskap 2024 | Endring mot reg. budsjett | Endring mot rekneskap 2024 |
|-------------------------------|-------------------|-------------------------|------------------------|-------------------|---------------------------------|-------------------------------------|
| Tal i heile tusen | | | | | | |
| Fellesområde | - 24 601 | - 51 651 | 20 967 | 34 303 | -27 050 | 58 904 |
| Stab | 55 758 | 57 864 | 57 051 | 53 753 | 2 106 | -2 005 |
| Oppvekst | 931 462 | 943 914 | 898 477 | 869 785 | 12 452 | -61 677 |
| Helse og velferd | 818 810 | 826 833 | 762 204 | 811 795 | 8 023 | -7 014 |
| Samfunnsutvikling | 83 370 | 81 323 | 80 767 | 90 161 | -2 047 | 6 791 |
| | | | | | | |
| Sum løyvingar drift, netto | 1 864 799 | 1 858 283 | 1 819 466 | 1 859 797 | -6 516 | -5 002 |

Oversikta viser at det er relativt små avvik mellom rekneskapen og regulert budsjett i 2025. Det har m.a. samband med at det i 2. tertialrapport 2025 blei gjort tilleggsløyvingar til dei sektorane som rapporterte om meirforbruk. Målt mot 2024 noterer vi oss at det er stagnasjon i utgiftsveksten i Helse og velferd, medan det er ein relativt stor auke i netto utgifter til Oppvekst. Vi vil i avsnitta under kommentere tala nærare. I sektorane sin del av årsmeldinga vil det og vere informasjon om deira økonomiske resultat.

Fellesområde

Fellesområde omfattar Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Området har eit negativt avvik mot budsjett på 27,1 mill. kr. Avviket ligg i hovudsak på Pensjon, og skuldast for ein stor del premieavvik. Premieavviket for 2024 var positivt med 35,2 mill. kr og blei utgiftsført i 2025. Premieavviket for 2025 var positivt med 50,4 mill. kr og blei såleis inntektsført i 2025. Heile premieavviket for 2025 blei sett av på fond for å dekke utgiftsføringa som vil kome i 2026, medan premieavviket frå 2024 dermed står udekt. Her kunne vi som eit alternativ latt vere å avsette heile premieavviket for 2025 på fond, og heller latt det dekke premieavviket for 2024. Det ville gitt eit betre resultat for 2025, men ingen fondsmidlar til å dekke utgiftsføringa i 2026.

I 2025 blei det innført ny offentlig AFP for tilsette i kommunesektoren. Verknadene av denne blei ikkje lagt inn i statsbudsjettet/rammetilskotet til kommunane, då det var uvisse om berekningsgrunnlaget. Kommunane fekk tildelt midlar i revidert nasjonalbudsjett, men det var framleis noko uvisse om kva ordninga ville koste. Bjørnafjorden kommune fekk tilført 17,5 mill. kr til ny AFP, og saman med det kommunen hadde budsjettert med til ordinær pensjonspremie var det tilstrekkeleg til å dekke kommunen sine pensjonsutgifter i 2025.

Årsmelding 2025

Det blei i 2025 brukt 65,8 mill. kr av premiefond i samsvar med budsjettert beløp (i tillegg kjem arbeidsgivar avgift). Saldo på premiefond i Storebrand pr 31.12.2025 er 196,9 mill. kr. Saldo på premiefond i KLP pr 31.12.2025 er 11,6 mill. kr.

Folkevalde organ fekk eit mindreforbruk på 0,6 mill. kr i 2025 grunna noko lågare utgifter til stortingsval og revisjon enn budsjettert. Fellesutgifter fekk eit mindreforbruk på 0,4 mill. kr m.a. grunna noko lågare utgifter til gruppelivsforssikring.

Stab

Området har eit positivt avvik mot budsjett på 2,1 mill. kr. Avviket skuldast at stillingar har stått ledige både som følgje av permisjonar og i påvente av tilsettingar. Dette har medført at det i delar av stab har vore vanskeleg å få utført alle arbeidsoppgåvene på ein god måte.

Oppvekst

Oppvekst fekk eit positivt avvik mot budsjett på 12,5 mill. kr i 2025 tilsvarande 1,3% etter å ha fått ei tilleggsløyving i 2. tertialrapport på samla 22 mill. kr. Avviket knyttar seg i hovudsak til Familiens hus. Utgiftene til introduksjonsstønad har i 2025 falle relativt mykje i forhold til dei to siste åra, og blei ca. 5,3 mill. kr lågare enn budsjett. Dette forklarar såleis ein stor del av avviket. Men og inntektene i Familiens hus har blitt høgare enn budsjettert, m.a. fekk eininga eit stort statstilskot vedr Utekontakten. Vi ser og at utgiftene til barnevernstenester er lågare enn budsjettert sjølv om eigenbetalinga vår til Bufetat for tiltak blei høgare enn budsjettert. Skulane kom ut omtrent i balanse etter å fått tilleggsløyving på 13 mill. kr m.a. som følgje av auke i elevar med store hjelpebehov og oppfølgingstiltak i enkelte skular knytt til elevutfordringar. Også barnehagane kom ut i balanse etter å fått tilleggsløyving på 9 mill. kr som følgje av fleire barnehageplassar i bruk og auka kostnader til styrkingstiltak til barn som treng meir hjelp.

Helse og velferd

Helse og velferd fekk eit positivt avvik mot budsjett på 8 mill. kr i 2025 tilsvarande 1% etter å ha fått ei tilleggsløyving på 49,7 mill. kr i 2. tertialrapport.

Det største avviket ligg på Fagstab og felles satsingar der statstilskot vedr ressurskrevjande tenester blir ført. Etter at dette statstilskotet i 2024 blei lågare enn budsjettert, blei det løyvd midlar for å redusere budsjettert inntekt for 2025. Etter at beste estimat for 2025 samt endeleg tilskot for 2024 er ført, er rekneskapstala ca. 7,1 mill. kr betre enn regulert budsjett. Beløpet er framleis lågare enn t.d. 2023, men betre enn frykta og rapportert gjennom 2025. Det er og brukt ein del mindre på brukarstyrt personleg assistanse (BPA) enn venta, m.a. som følgje av at leverandør slit med rekruttering. Taps-avsetning i rekneskapen for 2024 på 1,8 mill. kr i samband med KOFA-klage vedr bruk av helsevikarar er tilbakeført i 2025 rekneskapen då klagen ikkje førte fram.

Også Legevakt og legetenester fekk eit betre resultat enn budsjettert etter ei tilleggsløyving på 1,5 mill. kr, m.a. som følgje av høgare statstilskot til Legar i spesialisering (LIS1) enn venta.

NAV kom ut omtrent i balanse etter å ha fått tilleggsøyving på til saman 6,2 mill. kr i 2025. Tilleggsøyvingane gjeld sosialhjelp for flyktningar og tiltak i kvalifiseringsordninga som har til hensikt å få fleire ut i arbeid eller utdanning. Begge desse postane har auka i 2025, og vil vere noko vi må ha merksemd på og i 2026.

I 2025 som i 2024 har den største økonomiske utfordringa vore pleie- og omsorgstenestene. Samla fekk desse tenestene ei tilleggsøyving på 28 mill. kr. Høgare utgifter til løn (m.a. i samband med ressursbemanning), kjøp av vikartenester og utsett effekt av dimensjoneringsprosjektet er hovudårsaker. Drifta ved Fusa Bu- og behandlingssenter har hatt redusert tal korttids plassar gjennom store delar av året grunna rekrutteringsvanskar, og dette har samtidig bidratt til å dempe utgiftene.

Sektoren held fram omstillinga innafør rammeverket «heilskapleg innsatstrapp» i 2026, og er i gang med fleire delprosjekt som vi håpar vil ha økonomisk vinst.

Samfunnsutvikling

Samfunnsutvikling fekk noko overraskande eit negativt avvik på ca. 2 mill. kr mot budsjett. Hovudforklaringa er at sjølvkostområda vatn/avløp/kalkulatoriske poster fekk høgare driftsutgifter enn venta, m.a. som følgje av auka kostnader til slamtømming.

Som rapportert gjennom året blei det meirforbruk på kultureininga (i hovudsak støttekontaktar) og brann (innsparingskrav som ikkje er realisert), men innsparing vedr straum m.v. på Eigedom drift har som planlagt dekkja opp for dette.

Plan og byggesak kom samla ut noko betre enn venta grunna høg utfakturering av gebyr i desember.

Det er pr 2025 eit samla framførbart underskot for sjølvkostområda på 28,9 mill. kr. Dette er underskot på sjølvkostrekneskapene som kommunekassa har dekkja dei siste åra, og som ein vil få tilbake dersom sjølvkostrekneskapen viser overskot (som «normalt» skulle blitt sett på sjølvkostfond).

Investeringsrekneskapen

Eit samandrag av Bevilgningsoversikt investering §5-5 viser følgjande oversikt over kommunen sin driftsrekneskap (tal i heile tusen):

| Samandrag Bevilgningsoversikt investering | Rekneskap 2025 | Reg. budsjett 2025 | Oppr. Budsjett 2025 | Rekneskap 2024 |
|---|-------------------|--------------------|------------------------|-------------------|
| Tal i heile tusen | | | | |
| Investeringsutgifter | 154 981 | 159 109 | 120 300 | 190 603 |
| Investeringssinntekter | 168 798 | 172 626 | 119 300 | 184 551 |
| Netto utgifter vidareutlån | - 5 312 | 10 077 | - | - 7 501 |
| Overføring frå drift og netto avsetningar | 19 128 | 3 440 | - 1 000 | 7 114 |
| Framført til inndekking seinare år | 0 | - | 0 | 5 665 |

Investeringsrekneskapen for 2025 er gjort opp i balanse. I 2024 blei rekneskapen gjort opp med eit udekt beløp på 5,7 mill. kr. Dette er dekt inn i 2025.

Kommunen har dei siste åra prøvd å redusere investeringstakten for ikkje å auke lånegjelda og legge byrde på driftsrekneskapen i form av renter og avdrag.

Investeringsutgifter

Det er i 2025 investert i anlegg/tomter for 153,4 mill. kr, noko lågare enn i 2024 og 2023. Beløpet er noko lågare enn budsjettert beløp, m.a. er det brukt mindre på vass- og avlaupsprosjekt enn budsjettert. Inkludert i beløpet på 153,4 mill. kr er 24,7 mill. kr vedr justeringsavtaler. Kommunen har overtatt anlegga «veg og va Sperrevikhaugen» og «gangveg Lysefjordvegen – fiskarhaugen» frå Sperrevik AS. Selskapet har opparbeidd anlegget, men ikkje har rett til å frådragsføre meirverdiavgift for denne typen tiltak. Kommunen vil fremje krav om justering av meirverdiavgift overfor staten. Årleg justeringsbeløp er 1/10 av inngåande meirverdiavgift for anlegget.

Dette er dei største investeringsprosjekta i 2025:

Årsmelding 2025

| Største investeringsprosjekt 2025 | Rekneskap 2025 | Reg. budsjett 2025 | Oppr. Budsjett 2025 | Rekneskap 2024 | Endring mot reg budsjett |
|---|----------------|--------------------|---------------------|----------------|--------------------------|
| Tal i heile tusen | | | | | |
| Parkering i fjell | 11 993 | 12 083 | - | 310 | 90 |
| Kommunal veg Revsåsen | 9 409 | 10 749 | 3 000 | 10 613 | 1 340 |
| Miljøløftet - Lepsøyvegen-Trolldalen GS-løysing - Tidlig fase | 9 723 | - 6 673 | - | 6 673 | - 16 396 |
| Kjøp av tomter og bygg | 6 104 | 7 500 | 2 000 | 4 960 | 1 396 |
| Vassprosjekt | 24 832 | 37 160 | 37 000 | 43 594 | 12 328 |
| Avlaupsprosjekt | 38 398 | 48 524 | 37 000 | 47 759 | 10 126 |

Som normalt er det investeringar i ulike vass- og avlaupsanlegg (VA) som kommunen brukar mest pengar på. Likevel er det brukt ein god del mindre på dette i 2025 enn i 2024. VA-anlegg Åsen ny veg Åsen er største VA-anlegg i 2025. Andre større VA-anlegg er overføring avlaup frå Skeisleira til OHARA (sentralreinseanlegget i Os), VA Solstrand – Kuhnle og råvassleidning Storestraumen – Krokvatnet. Arbeidet med å detaljregulere parkeringsanlegg i fjell på Osøyro blei starta opp hausten 2024 og er kome langt i løpet av 2025. Kommunal veg Revsåsen (Åsen – Helleskaret) har vore eit stort prosjekt både i 2024 og 2025, og er no meir eller mindre ferdigstilt. Kommunen har fått midlar av Miljøløftet til å bygge gang- og sykkelveg langs Lepsøyvegen – Trolldalen; også dette prosjektet starta i 2024.

Investeringsinntekter

Investeringsinntektene består av ulike inntekstpostar, der bruk av lån som vanleg er den største finansieringskjelda. Det er i 2025 brukt 97,2 mill. kr i lån. Dette er noko mindre enn i 2024 då det blei brukt 123,5 mill. kr. Det er selt varige driftsmidlar (eigedom) for berre 0,6 mill. kr, langt lågare enn budsjett (10 mill. kr) og fjoråret 15,5 mill. kr).

Kommunen har i 2025 motteke ulike tilskot/overføringar frå andre med 63,3 mill. kr, langt høgare enn budsjettet og beløp i fjor. Ein stor del av beløpet (27,7 mill. kr) gjeld overføring av anlegga det er inngått justeringsavtaler om, ref. avsnittet under Investeringsutgifter. Kommunen har mottatt 13,2 mill. kr frå staten vedr Miljøløftet – gang- og sykkelveg Lepsøyvegen – Trolldalen, ref. avsnittet over. Fylkeskommunen har overført 12,2 mill. kr i spelemidlar vedr eigne anlegg, og vi har mottatt 6,5 mill. kr frå privat utbyggar i samband med utbyggingsavtaler vedr Revsåsen/Åsen – Helleskaret.

Netto utgifter vidareutlån

Netto utgifter vidareutlån omfattar kommunen sine inntekter og utgifter vedr startlån. Kommunen har budsjettert med 80 mill. kr i innlån og utlån vedr startlån, men det er berre brukt 72,3 mill. kr i 2025. Kommunen har mottatt nærare 15,4 mill. kr i ekstra avdrag frå låntakarane. Dette er sett av på bunde investeringsfond og vil bli brukt til å betale ned på kommunale startlån i 2026.

Overføring frå drift og netto avsettingar

Det er overført 4,3 mill. kr frå driftsrekneskapen til finansiering av investeringsutgifter. Dette gjeld finansiering av prosjekt innafor Miljøløftet og eigenkapitalinnskot i KLP. Det er avsett 15,9 mill. kr til bundne investeringsfond, der mesteparten gjeld ekstra avdrag frå låntakarane vedr startlån, ref. avsnittet over. Det er brukt 10,3 mill. kr av bundne investeringsfond, dette gjeld i hovudsak ekstra nedbetaling av startlån. Kommunen har motteke 12,2 mill. kr i tippemidlar vedr eigne anlegg, og midlane er sett av til ubunde investeringsfond, ref. vedtak K 114/25. Tidlegare års udekt beløp 5,7 mill. kr er dekt inn i 2025 og inngår i denne rekneskapsgruppa.

Balansen

Eit samandrag av balansen ser slik ut:

| Samandrag balanse | Rekneskap 2025 | Rekneskap 2024 | Endring |
|----------------------------------|------------------|------------------|------------------|
| Tal i heile tusen | | | |
| Anleggsmidlar | 7 311 370 | 6 941 951 | - 369 419 |
| Omløpsmidlar | 1 219 600 | 1 102 031 | - 117 569 |
| Sum eigendeler | 8 530 970 | 8 043 982 | - 486 988 |
| Eigenkapital | 2 226 120 | 2 052 507 | - 173 613 |
| Langsiktig gjeld | 5 916 527 | 5 636 073 | - 280 453 |
| Kortsiktig gjeld | 388 323 | 355 402 | - 32 921 |
| Sum eigenkapital og gjeld | 8 530 970 | 8 043 982 | - 486 988 |

Eigendelar

Kommunen har følgjande anleggsmidlar pr 31.12.2025:

| Anleggsmidlar | Rekneskap 2025 | Rekneskap 2024 | Endring |
|---------------------------|------------------|------------------|------------------|
| Tal i heile tusen | | | |
| Varige driftsmidlar | 4 232 760 | 4 245 391 | 12 631 |
| Finansielle anleggsmidlar | 450 619 | 409 331 | - 41 288 |
| Immatrielle eigendelar | 0 | 0 | - |
| Pensjonsmidlar | 2 627 990 | 2 287 229 | - 340 762 |
| Sum anleggsmidlar | 7 311 370 | 6 941 951 | - 369 419 |

Varige driftsmidlar omfattar kommunen sine eigedomar, anlegg og maskiner. Endringa reflekterer årets investeringar fråtrekt avskrivningar og ev. sal. Verdien av varige driftsmidlar har gått ned i 2025 m.a. grunna relativt låge investeringar.

Finansielle anleggsmidlar består av kommunen sine langsiktige aksjar (ikkje ein del av finansporteføljen) med 39,5 mill. kr og 411,1 mill. kr i utlån. Langsiktige aksjar er auka med 0,8 mill. kr vedr eigenkapitalinnskot i KLP. Utlåna er 40,5 mill. kr høgare enn året før og gjeld i hovudsak auka behaldning av startlån frå Husbanken. Pensjonsmidlane er ført opp i samsvar med oppstilling frå pensjonsleverandørane og reflekterer det som er spart opp i pensjonsordningane. Auken frå året før omfattar m.a. innbetalt premie i året.

Kommunen har følgjande omløpsmidlar pr 31.12.2025:

| Omløpsmidlar | Rekneskap 2025 | Rekneskap 2024 | Endring |
|--------------------------|------------------|------------------|------------------|
| Tal i heile tusen | | | |
| Bankinnskot og kontantar | 560 332 | 531 509 | - 28 823 |
| Finansielle omløpsmidlar | 427 938 | 402 135 | - 25 803 |
| Kortsiktige fordringar | 231 330 | 168 387 | - 62 943 |
| Sum omløpsmidlar | 1 219 600 | 1 102 031 | - 117 569 |

Dei siste åra har vi hatt ei utvikling der bankinnskota har gått ned frå året før. For 2025 er det motsett; no aukar bankinnskota noko igjen. Noko av auken (ca. 11,5 mill. kr) kan knyttast til auke i unytta lån, noko kan vere litt tilfeldig men truleg kan den noko betra økonomiske stoda og spele inn. Finansielle omløpsmidlar har hatt ei positiv utvikling også i 2025, som var eit godt år både i aksjemarknaden og rentemarknaden. Kortsiktige fordringar har auka ganske mykje frå 2024 til 2025. Over halvparten av auken skuldast auke i saldo på periodiseringskonto mellom åra, som normalt svingar ein del frå år til år. Om lag 20,7 mill. kr av auken kan tilskrivas høgare premieavvik i 2025 enn i 2024. Kundefordringane aukar noko, men har vore relativt stabile dei siste åra.

Eigenkapital

Kommunen har følgjande eigenkapital pr 31.12.2025:

| Eigenkapital | Rekneskap 2025 | Rekneskap 2024 | Endring |
|----------------------------------|-----------------------|-----------------------|------------------|
| Tal i heile tusen | | | |
| Disposisjonsfond | 523 229 | 473 428 | - 49 800 |
| Bundne driftsfond | 34 825 | 35 016 | 191 |
| Ubundne investeringsfond | 112 229 | 100 049 | - 12 180 |
| Bundne investeringsfond | 24 331 | 18 720 | - 5 611 |
| Udekka i investeringsrekneskapen | - | - 5 665 | - 5 665 |
| Anna eigenkapital | 1 531 508 | 1 430 960 | - 100 548 |
| | | | |
| Sum eigenkapital | 2 226 120 | 2 052 507 | - 173 613 |

Samla eigenkapital har auka med 173,6 mill. kr. Storleiken på disposisjonsfonda har auka med 49,8 mill. kr, der største auken er at årets premieavvik på 50,4 mill. kr er sett av til disposisjonsfond for å finansiere utgiftsføringa i 2026. Det er netto så godt som inga endring i storleiken på bundne driftsfond, men det er innbyrdes endringar mellom ulike fond. Ubundne investeringsfond aukar med 12,2 mill. kr som følgje av at mottatte spelemidlar frå fylkeskommunen vedr egne anlegg er sett av på fond. Når det gjeld bundne investeringsfond skuldast auken i hovudsak ekstra innbetalingar på startlån. Desse midlane vil bli nytta til nedbetaling av kommunale startlån i 2026. Annan eigenkapital er i stor grad det som heiter kapitalkonto. Her blir det m.a. ført kjøp/sal og avskrivning av anleggsmidlar/aksjar, utlån og avdrag på desse, bruk av lån og avdrag på lån og endring i pensjonsplikter.

Langsiktig gjeld

Kommunen har følgjande langsiktige gjeld pr 31.12.2025:

| Langsiktig gjeld | Rekneskap 2025 | Rekneskap 2024 | Endring |
|--------------------------------|------------------|------------------|------------------|
| Tal i heile tusen | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 2 468 553 | 2 423 527 | - 45 026 |
| Obligasjonslån | 584 000 | 584 000 | - |
| Sertifikatlån | 370 540 | 370 540 | - |
| Delsum lånegjeld | 3 423 093 | 3 378 067 | - 45 026 |
| Pensjonsforpliktelse | 2 493 434 | 2 258 006 | - 235 428 |
| Sum langsiktig gjeld | 5 916 527 | 5 636 073 | - 280 453 |

Kommunen sin langsiktige lånegjeld pr 31.12.2025 er 3,42 mrd. Kr mot 3,38 mrd. kr året før. Auken refererer seg til vekst i startlån; for anna lånegjeld har veksten stagnert.

Kommunen sin gjeldsportefølje består av lån tatt opp for å finansiere kommunen sine anleggsmidlar (investeringslån), og lån tatt opp til vidare utlån (startlån). Kommunen si målsetting er å forvalte gjeldsporteføljen slik at dei langsiktige finanskostnadene blir lågast mogleg innanfor definerte krav til forutsigbarhet, stabilitet og renterisiko.

Låna er tatt opp som ordinære gjeldsbrevlån, obligasjonslån og sertifikatlån. Av lånegjelda er 415,8 mill. kr startlån til vidarelån.

I 2025 blei det tatt opp lån til investeringar med nærare 101 mill. kr og startlån til vidareutlån med 80 mill. kr, begge i samsvar med budsjett. Det er gjennomført anbodskonkurransé i samband med låneoptak til investeringar.

Delar av låneporteføljen har rentebinding for å redusere risiko for auka utgifter ved ev. renteauke. Samansetninga av låneporteføljen pr 31.12.2025 er slik:

Årsmelding 2025

| Rapport gjeldsportefølje pr 31.12. 2025 | Beløp | Fordeling | Rentesats | Strategi | Min-maks | Kontroll |
|--|------------------|------------------|------------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Tal i heile tusen | | | | | | |
| Lån med rentebinding under 1 år | 2 641 195 | 77 % | 4,5 % | 60 % | 30%-80% | Ok |
| Lån med rentebinding 1 - 5 år | 671 779 | 20 % | 3,4 % | 30 % | 10%-50% | Ok |
| Lån med rentebinding 5 - 10 år | 110 119 | 3 % | 4,5 % | 10 % | 0%-30% | Ok |
| | | | | | | |
| SUM | 3 423 093 | 100 % | | | | |
| | | | | | | |
| Verdi på lån som har forfall innan 1 år | 470 540 | 14 % | | Under 25% | | Ok |
| Største lån | 318 080 | 9 % | | Under 20% | | Ok |

Finansreglementet har sett ei maksimal grense for verdi på lån som har forfall innan 1 år. Rapporten viser at gjeldsporteføljen er innafor denne regelen. Det same gjeld største lån porteføljen, som ligg godt under grenseverdi. Kommunen har ikkje derivat produkt.

Ut frå bokførte verdiar kan vi rekne at ca. 1,15 mrd. av lånegjelda kan tilskrivast sjølvkostonlegg (vass- og kloakkanlegg), medan 69 mill. kr er lån med rentekompensasjon frå staten. Dette betyr at ein god del av lånegjelda har eksternfinansiert rente:

Årsmelding 2025

| Renteeksponert lånegjeld | Rekneskap 2025 | Rekneskap 2024 |
|--|-----------------------|-----------------------|
| Tal i heile tusen | | |
| | | |
| Totale innlån | 3 423 093 | 3 378 067 |
| Herav startlån til vidareutlån | 415 808 | 362 219 |
| Lån til investeringsformål | 3 007 285 | 3 015 848 |
| | | |
| Lån knytt til sjølvkost* | 1 146 244 | 1 143 131 |
| Lån med rentekompensasjon frå Husbanken | 69 259 | 77 982 |
| Lån med ekstern finansiert rente | 1 215 503 | 1 221 113 |
| | | |
| Lån som blir finansiert av kommunen/ renteeksponert gjeld | 1 791 782 | 1 794 735 |
| | | |
| Andel renteeksponert lånegjeld | 52 % | 53 % |


Oversikta viser at lån til investeringsformål held fram med å falle. Det same gjer lån der kommunen har eigenfinansiert rente (renteeksponert lånegjeld). Kommunen har snudd trenden med veksande lånegjeld.

Andre trekk ved låneporteføljen pr 31.12.2025:

| Nøkkeltal lånegjeld | 31.12.2025 | Forklaring |
|----------------------------|-------------------|--|
| Tal i heile tusen | | |
| | | |
| Vekta gjennomsnittsrente | 4,29 % | Vekta gjennomsnittleg rente til neste forfall |
| Rentebindingstid | 1,02 år | Kor lenge renta på låna er fast |
| Løpetid/kapitalbinding | 9,20 | Kor lang tid det tar før låna er forfalne til betaling |

| Nøkkeltal lånegjeld | 31.12.2025 | Forklaring |
|---|------------|---|
| Budsjettert avdragstid | 28,6 år | Tilsvarende ca. 3,5% av lånegjeld til investeringar |
| Verdi på lån som har forfall innan 1 år | 470 540 | I hovudsak sertifikatlån/obligasjonslån |
| Rentesensitivitet ved 1% renteauke | 26 412 | Utan omsyn til ekstern finansiert rente |

Kommunane si lånegjeld blir ofte vist i prosent av driftsinntekter, ettersom kommunane si renteberande evne avheng av inntektsnivået. Basert på førebelse KOSTRA-tal pr 16.03.2026 ser nøkkeltala slik ut:



Figuren viser at lånegjelda i Bjørnafjorden kommune målt i forhold til driftsinntektene framleis er høgare enn landet, men no er kome under nivået for KOSTRA-gruppe 9 som Bjørnafjorden kommune er ein del av. I 2024 var nøkkeltalet for kommunen 130,1%, så nøkkeltalet har utvikla seg positivt, slik det og gjorde mellom 2023 og 2024.

Merk og at kommunen har stilt garantiar for andre sine lån. Oversikt over kommunale garantiar ligg i notane til årsrekneskapen.

Kortsiktig gjeld

Oversikt over kortsiktig gjeld pr 31.12.2025:

Årsmelding 2025

| Kortsiktig gjeld | Rekneskap 2025 | Rekneskap 2024 | Endring |
|-----------------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------|
| Tal i heile tusen | | | |
| Leverandørgjeld | 81 736 | 81 522 | - 214 |
| Likviditetslån | - | - | - |
| Derivater | - | - | - |
| Anna kortsiktig gjeld | 300 402 | 273 880 | - 26 522 |
| Premieavvik | 6 185 | - | - 6 185 |
| | | | |
| Sum kortsiktig gjeld | 388 323 | 355 402 | - 32 921 |

Leverandørgjelda er stabil i forhold til 2024. Annan kortsiktig gjeld består m.a. av skuldig skattetrekk, feriepengar og ymse periodiseringar. Auken skuldast periodisering mellom åra og noko auke i avsette feriepengar.

Andre nøkkeltal frå balansen

| Nøkkeltal likviditet | Rekneskap 2025 | Rekneskap 2024 |
|-----------------------------|-----------------------|-----------------------|
| Tal i heile tusen | | |
| Likviditetsgrad 1 | 3,1 | 3,1 |
| Arbeidskapital | 831 277 | 746 630 |

Forholdet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld er likviditetsgraden. Nøkkeltalet fortel om kommunen si evne til å dekke sine kortsiktige plikter. Dette nøkkeltalet bør vere større enn 2. Arbeidskapitalen (omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) er og ein måte å måle likviditeten på. Arbeidskapitalen bør vere positiv – då vil vår skuld til andre kunne dekkast av inneståande i bank og det andre skuldar oss. Nøkkeltala er tilfredsstillande med uendra og noko betra resultat målt mot 2024.

Økonomistyring

Rutinar for økonomistyring

Kommunen praktiserer rammestyring. Dette inneber at kommunestyret tildeler budsjetttrammene på sektor-nivå, og sektor-budsjetta blir så vidarefordelt ut i organisasjonen slik at kvar einingsleiar får sitt budsjett som dei får ansvar for. Kommunalsjefane har likevel mynde til å flytte midlar internt i sin sektor. Kwart tertial blir det lagt fram ein rapport til kommunestyret om utviklinga i tenesteområda og den økonomiske stoda. Tertialrapportane fokuserer på kjerneoppgåver, mål/utviklingsområde og oppnådde resultat.

I tillegg til tertialrapportane rapporterer administrasjonen månadleg om økonomisk utvikling til formannskapet. Utvikling i langsiktig finansportefølje blir rapportert månadleg til formannskapet og kommunestyret, medan ein i tertialrapportane har ein meir grundig gjennomgang av utviklinga i finansområdet. Finansrapport blir utarbeidd etter utgangen av året.

Administrativt rapporterer einingane månadleg til kommunalsjef. Rapportane skal fokusere på å identifisere avvik eller fare for avvik i forhold til årsbudsjett, og i tilfelle vise til tiltak for korleis avvika skal lukkast. Økonomirådgivarane har utstrakt kontakt med einingsleiarane med tanke på oppfølging, kontroll og støtte. Kommunalsjefane utarbeider i samarbeid med økonomirådgivarane ei månadleg oppsummering av stoda for kvar sektor med fokus på prognose pr. 31.12.

Kommunen har utarbeidd økonomireglement som m.a. gjer greie for styringsprinsipp, økonomiske måltal, rapportering og avslutning av årsrekneskapen. Økonomireglementet blei rullert hausten 2022. Kommunen har utarbeidd finansreglement som m.a. gjer greie for krav til forvaltning, handtering av risiko, rapportering og administrative rutinar. Finansreglementet heimlar og kommunen sin finansstrategi og utføring av stress-test. Finansreglementet blei rullert hausten 2024. Økonomiske reglement og rutinar ligg tilgjengeleg for tilsette i kommunen sitt kvalitetssystem.

Økonomistyring i 2025

Rekneskapsrapportane viste ganske tidleg på året at det ville bli krevjande for sektorane å halde budsjetttrammene også for 2025. Begge dei to store sektorane meldte om utfordringar i drifta, ma.a som følgje av store behov blant brukarane og aukande utgifter til løn i samband med sjukdom og rekrutteringsutfordringar. Det har vore stor merksemd frå politisk nivå om å halde budsjetttrammene, men det blei likevel nødvendig å gi tilleggsløyving til sektorane for å finansiere varsla avvik i sektorane. Også administrasjonen har hatt høgt fokus på økonomistyring, men dessverre har økonomiavdelinga hatt nok eit utfordrande år med permisjonar og ledige stillingar, noko som har redusert kapasiteten til å følgje opp dei ulike avdelingane. Rekneskapsresultatet blei til slutt betre enn venta, også for sektorane. Dette skuldast i hovudsak enkeltpostar som blei betre enn vi såg for oss. Ein del einingar er likevel på rett veg, men det vil fortsatt bli nødvendig med stram økonomisk styring framover.

Endring av rekneskapsprinsipp

Det har ikkje vore endringar i rekneskapsprinsipp dette året.

Heilskapleg innsats- og bustadtrapp

Med utgangspunkt i kommunen sine knappe ressursar, demografiske endringar og venta mangel på kompetanse, bestilte kommunen ein ekstern analyse for korleis tenestene bør dimensjonerast no og framover. Målet er å sikre forsvarlege og berekraftige tenester. Oppdraget gjekk til Agenda Kaupang på tampen av 2024.

Hensikten med prosjektet er å få til ein heilskapleg innsats som sikrar at innbyggjarane får koordinerte og tilpassa bustader og tenester. Målet er å flytte tenestene lengst mogleg ned i omsorgstrappa og gje større grad av eigenmeistring. Dette skal førebygge utanforskap, styrke livskvaliteten og bidra til at fleire kan bu sjølvstendig og trygt heime.

Som del av samarbeidet med Agenda Kaupang har kommunen arrangert tre store samlingar med deltakarar frå ulike sektorar og fagområde. I tillegg har kommunen fått hjelp til å lage ein Masterplan for institusjon, og det er gjennomført ein analyse av pleie og omsorgstenestene ("PLO-analyse") med vekt på "ansikt til ansikt"-tid (direkte kontakt med brukar), det har vore ei tverrfagleg samling mellom Helse og velferd og Oppvekst med hovudvekt på temaet *barn med store hjelpebehov*, og det har vore arbeid med oppgåvene frå storsamlingane i Oppvekstforum.

Kommunestyret vedtok 19/6-25, i sak 68/2025 til kommunestyret, innsats- og bustadtrapp som felles rammeverk for prioritering og utvikling av tenester og bustader i kommunen framover. Kommunedirektøren si leiargruppe har prioritert 11 tiltaksområde, og det er etablert delprosjekt for alle. Kommunestyret har også vedtatt vidare satsing på prioriterte tiltaksområde/delprosjekt.

Det har vore ein stor suksess å bruke ein heilskapleg tenestemodell i arbeidet med innsatstrappa. Dette har gitt betre struktur i arbeidet og klårare rolleavklaringar. Brei involvering av hovudtillitsvalde har òg vist seg å vere både viktig og riktig.

Prosjektarbeid:

Dimensjonerings prosjekt institusjon og heimeteneste

Prosjekta for dimensjonering av institusjonstenester og heimetenester starta opp etter vedtak i kommunestyret i juni 2025. Våren 2025 blei det gjort eit omfattande forarbeid og fleire utgreiingar medan ein venta på vedtaket. I oktober 2025 vedtok kommunestyret ein ny plan for korleis sjukeheimstenestene skal organiserast og dimensjonerast. Det blir jobba jamt og trutt med denne planen. Frå årsskiftet er prosjektleiar frikjøpt frå si ordinære stilling for å sikre kapasitet til å få gjennomført endringane og omstillingane.

Arbeidet med heimetenestene heng tett saman med prosjektet for institusjonstenester. Målet er at fleire skal få hjelp heime, og at færre institusjonsplassar skal vere langtidsplassar. Hausten 2025 brukte vi til å vurdere kva oppgåver heimetenesta skal ha, og kva som kan gjerast på ein annan måte.

Det er også sett i gang eit delprosjekt om vedtakspraksis og tenestekatalog. Dette skal behandlast politisk i løpet av 2026.

Ambulante nattenester

Prosjektet skal greie ut og etablere natttenester som sikrar forsvarleg oppfølging av brukarar som treng tilsyn og støtte om natta.

Agenda Kaupang tilrår mellom anna *digitalt førsteval*, betre samordning av heimetenester og å redusere behovet for døgnatenester. Prosjektet kom ikkje i gang i 2025, men er venta å starte opp i 2026. Det skal omfatta psykisk helse- og rustenester, tilrettelagde tenester, heimetenester og institusjonar.

Helsefremming, førebygging og rehabilitering

Føremålet med prosjektet er å bidra til at innbyggjarar ikkje treng omfattande kommunale tenester for tidleg, eller at behovet blir utsett.

Prosjektet går på tvers av sektorar, og målgruppa er innbyggjarar i alle aldrar.

Mandatet for prosjektet blei godkjent i november 2025. Dei spesifikke satsingsområda for prosjektet vart avklart etter ei grundig kunnskapsinnhenting som starta på slutten av året. Prosjektet har prosjektleiar, prosjektgruppe og fleire arbeidsgrupper.

Bustadtrapp

Dette tiltaksområdet er delt i to.

Det første prosjektet handlar om å bygge nye bustader med moglegheit for heildøgns omsorg. Saka blei behandla som eiga sak i kommunestyret 19/6-25, og kommunedirektøren fekk fullmakt til å arbeide vidare. I 2025 har prosjektleiaren arbeidd med informasjon frå behovsanalysen som er gjennomført, dialog med private utbyggjarar, og ei kartlegging av kor mange bustader ein treng i første fase og kva innhald desse bustadene skal ha.

Det andre prosjektet gjeld bruk av eksisterande bustader og strategi for tildeling av kommunale bustader. Dette prosjektet blir leia av bustadkontoret. I 2025 er prosjektgruppa i gang med arbeidet, mandatet er godkjent, og det ligg føre ein tydeleg tidsplan.

Frivilligheit

Auka frivillig innsats er nødvendig for at kommunen skal kunne gi ei heilskapleg støtte, fordi frivillig sektor bidreg med noko som det offentlege og dei profesjonelle tenestene ikkje kan levere åleine. Vi

treng å styrke fellesskap, inkludering og kjensla av tilhøyrslse. Prosjektet byggjer på den vedtekne frivilligstrategien. Prosjektet kom likevel ikkje i gang før i desember 2025. Då fekk det både prosjektleiar og prosjektgruppe. Samstundes fekk prosjektet nytt namn: *Frivillig i Bjørnafjorden*.

Støttekontakt

Målet frå starten har vore både å få fleire støttekontaktar og å styrke tilbodet om gruppesamlingar. Ved å tilby fleire støttekontakt kan vi unngå å måtta tilby dyrare tenester lenger oppe i innsatstrappa. Og ved å styrke tilbodet om gruppesamlingar, kan vi tilby støttekontakt til fleire utan at kostnadene aukar. Prosjektleiar og prosjektgruppe kom på plass hausten 2025. Det har vore utfordringar både med mandatet og arbeidsforma. Det har vore ønskje om å bygge opp tenestene samstundes som tenesta allereie har eit økonomisk overforbruk. Dette har prega mykje av arbeidet i oppstarten.

Tidleg innsats 0-6 år

Våren 2025 vart det gjennomført samling på barnehageområdet om innsatstrappa, og tema var tiltak i barnehagen på trinn 1, 2 og 3 i innsatstrappa. Etter gjennomgang av innspel frå denne samlinga vart prosjektet delt opp i fire delprosjekt; 1. styrke foreldrerolla, 2. god kvalitet på barnehagetilbodet og sikre tidleg innsats, 3. Tidleg innsats og oppfølging, 4. bemanna plantid for pedagogar i barnehagen.

Prosjektet skal bidra til å utvikle og implementere heilskaplege og berekraftige tiltak som styrker foreldrerolla, sikrar høg kvalitet i barnehagetilbodet og legg til rette for tidleg innsats og god oppfølging av barn i barnehagealder. Det skal også gje treffsikre tenester som legg til rette for ein trygg og god oppvekst frå fødsel og gjennom barnehagealderen, og som samtidig sikrar berekraftige løysingar for framtida samt at vi står fram som éin kommune, og leverer like tenester uavhengig av kvar ein bur.

Førebygge og redusere skulefråvær

Prosjektet skal vere med på å systematisere arbeidet mot skulefråvær, gjennom tidlege og koordinerte tiltak. Noko av dette arbeidet starta allereie i 2024. Mandatet blei godkjent i november 2025, og både prosjektleiar og prosjektgruppe er no på plass. Det er også oppretta ei arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa skal identifisere, koordinere og setje i verk tiltak som kan redusere skulefråvær. Ho skal særleg styrka lågterskeltilbod og førebyggjande innsats. Målet er å bruke dei ressursane vi har på ein meir effektiv måte, og å redusere behovet for dyre tiltak høgare oppe i innsatstrappa.

Fleksibelt behandlings- og oppfølgingsteam

Målet er at Bjørnafjorden kommune skal få eit eige oppfølgings- og behandlingsteam ("raudt team"). Teamet skal kunne gi ambulant oppfølging til barn, unge og familiar som har samansette utfordringar, og arbeide etter tydelege mål for innsatsen. Hausten 2025 gjorde kommunen eit budsjettvedtak som gav midlar til å etablere teamet. Mandatet blei godkjent i november 2025. Det er sett ned prosjektleiar, prosjektgruppe og arbeidsgruppe, og begge gruppene hadde oppstartsmøte i november 2025.

Ei dør inn- barn med store helseutfordringar

Hensikta med prosjektet er å utvikle ein modell som gjer det lettare å gi proaktive og samordna tenester til barn (0–6 år) med livslange og komplekse helseutfordringar, både når det gjeld bustad og oppfølging i innsatstrappa. Modellen skal bidra til ei meir heilskapleg og førebyggjande oppfølging av barn og familiar – på tvers av helse, oppvekst, NAV og andre relevante tenester. Prosjektleder og prosjektgruppe er på plass, og prosjektmandatet er godkjent. Hausten 2025 hadde gruppa tre møte. Ved årsslutt arbeidde prosjektgruppa med milepåle 2, som handlar om å kartlegge dagens situasjon. Dette er ein omfattande og tidkrevjande fase.

Prosjektet byggjer òg vidare på arbeidet i KS-satsinga «*Alt heng saman med alt*».

Gevinstrealisering og økonomi

Prosjekta under *Heilskapleg innsatstrapp* har ført til at Bjørnafjorden kommune no har si eiga prosjekthandbok, med tilhøyrande malar for gevinstrealisering. Handboka er teken i bruk i alle prosjektgrupper. I tillegg er det laga ein felles mal for gevinstrapportering, som prosjektledarane skal bruka i tertialrapporteringa.

Når Bjørnafjorden kommune innfører ei heilskapleg arbeidsform og tek i bruk ei felles bustadtrapp, gir dette ikkje berre betre oppfølging av innbyggjarane. Det gir òg store organisatoriske, økonomiske og strategiske gevinstar for kommunen som heilskap. Kommunen klarer å knyte tenester og sektorar saman på nye og meir effektive måtar.

Dei totale utgiftene til Agenda Kaupang er **kr 1 065 144**. Samstundes har kommunen fått tilskot til samlingane, til arbeid med budsjettmodell og til PLO-analyse frå KS sine organisasjonsutviklingsmidlar. Totalsummen frå KS er **kr 230 200**. Statsforvaltaren har òg gitt **kr 750 000** i skjønnsmidlar til arbeidet med dimensjonering av både institusjon og heimetenester.

Folkehelse

Oversikt over folkehelsa: Fireårig oversikt over levekår og helse i Bjørnafjorden frå januar 2024 vart oppdatert av folkehelsegruppa i 2025. Oppdateringa var avgrensa til å gjelda data frå ny folkehelseprofil for 2024/2025 og Ungdata frå 2024, som kom etter at den opprinnelege rapporten var ferdigstilt. Den oppdaterte rapporten ligg her: [folkehelseoversikt-2023-2026-for-bjornafjorden-kommune-oppdatert.pdf](#)

Folkehelseprofil for 2026 for Bjørnafjorden: Helsedirektoratet leverer årleg folkehelseprofilar for kommunane. Mange data går att mellom år, men det vert også valt eit tema som varierer frå år til år. For 2026 er det arbeid som står i fokus. Datagrunnlaget er frå 2025 eller tidlegare, og viser at Bjørnafjorden ligg signifikant **betre an** enn landssnittet på mange område:

- Vedvarande låginntekt, alle aldre
- Sysselsette, 20-66 år
- Står utanfor, 20-66 år
- Mottakarar av uføretrygd, 20-66 år
- Leiger bustad, 45 år+
- Bur trangt, 0-17 år
- Valdeltaking
- Drikkevatt, hygienisk og stabilt
- Luftforureining, eksponert
- Venta levealder, menn
- Venta levealder, kvinner
- Muskel- og skjelettplager og -sjukdomsdiagnosar
- Vaksinasjonsdekning, meslingar, 9 år

Bjørnafjorden ligg signifikant **dårlegare an** enn landssnittet på desse områda:

- Sjukefråvær, legemeldt, 20-66 år
- Lågaste meistringnivå i lesing, 5. trinn
- Trivsel på skulen, 10. trinn
- Høg tilfredsheit med livet (Ungdata)
- Nøgd med helsa (Ungdata)
- Psykiske symptom og lidingar, 0-74 år
- Hudkreft, nye tilfelle

Når det gjeld dei skulerelaterte resultatane, er “Rammer for lesing” og “Eit trygt og godt skulemiljø” hovudsatsingar på området. Desse satsingane vert presentert i den årlege Kvalitetsmeldinga for barnehage- og skuleområdet.

Heile folkehelseprofilen kan du finna her: [Last ned folkehelseprofil eller oppvekstprofil - Helsedirektoratet](#)

Heilskapleg innsats- og bustadtrapp – ei gedigen folkehelsesatsing:

Alle sektorane har i 2025 vore engasjerte i arbeidet med ei heilskapleg innsats- og bustadtrapp for Bjørnafjorden. Dette arbeidet er ei gedigen folkehelsesatsing, der målet er tidlegare innsats og å styrkja det helsefremjande og førebyggjande arbeidet.

Det systematiske folkehelsearbeidet: Det overordna folkehelsearbeidet i Bjørnafjorden har tydeleg struktur og organisering gjennom folkehelsegruppa sitt arbeid, med tverrfagleg og tverrsektoriell deltaking. Vi har også mykje på plass når det gjeld fireårig og løpande oversikt over folkehelsa og samanheng mellom oversikt, planstrategi og planarbeid.

I 2026 vil folkehelsegruppa vidareutvikla det systematiske folkehelsearbeidet, jf. figuren under, ved å etablere rutinar i kvalitetssystemet. Føremålet er tydelegare forankring av arbeidet, styrkt evaluering og internkontroll.



Illustrasjon av det systematiske folkehelsearbeidet, Helsedirektoratet.

Personal og organisasjon

Medarbeidar

Arbeidsgivarstrategi

Bjørnafjorden kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgivar

- som er nyskapande og endringsdyktig
- som har leiarar som viser veg og legg til rette for meistring
- som har engasjerte medarbeidarar med evne, vilje og rett kompetanse

Strategiar

- Vi nyttar oppdatert kunnskap om beste praksis og driv eit systematisk utviklingsarbeid.
- Vi er løysingsorienterte og serviceinnstilte.
- Vi gjennomfører eit digitalt løft i heile organisasjonen.
- Vi vågar å prøve noko nytt og bruker erfaringane til forbetring.
- Vi satsar på tverrfagleg samarbeid og samskaping for å finne nye løysingar.

Leiarane set innbyggjarane, medarbeidarane og nyskaping i sentrum, viser veg og legg til rette for meistring. Vi har engasjerte medarbeidarar med evne, vilje og rett kompetanse. Det er meningsfylt og kjekt å jobbe i Bjørnafjorden kommune.

Tal på medarbeidarar

Mål: Å halde talet på innbyggjarar fordelt på årsverk likt, eller helst noko høgare år for år, slik at folkeveksten gjev oss rom for naudsynte investeringar.

Pr 31. des 2025 var det 1784 fast tilsette i kommunen fordelt på 1447,64 årsverk.

| INNBYGGJARAR PER ÅRSVERK | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 2. tertial | 2025 |
|---------------------------------|--------------|--------------|--------------|-----------------|--------------|
| Faste årsverk | 1400,19 | 1382,39 | 1428,20 | 1447,27 | 1447,64 |
| Innbyggjarar | 25596 | 26080 | 26342 | 26574 | 26753 |
| Innbyggjarar per årsverk | 17,74 | 18,10 | 18,44 | 18,36 | 18,48 |

Tal faste årsverk pr. tertial og sektor 2025

| FASTE ÅRSVERK | Helse og velferd | Oppvekst | Samfunnsutvikling | Stab | Totalt |
|----------------------|-------------------------|-----------------|--------------------------|-------------|----------------|
| 1 tert. 2025 | 654,63 | 605,36 | 126,25 | 36,20 | 1422,44 |
| 2 tert. 2025 | 642,66 | 639,78 | 128,63 | 36,20 | 1447,27 |
| 3 tert. 2025 | 655,03 | 629,26 | 126,95 | 36,40 | 1447,64 |

Årsverk pr tenesteområde og samla 2020-2025

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|--------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Fellesutgifter | 5,70 | 4,30 | - | - | - | - |
| Stab | 68,69 | 65,30 | 40 | 37,20 | 38,20 | 36,40 |
| Oppvekst | 585,81 | 589,23 | 567,09 | 575,50 | 601 | 629,26 |
| Helse og velferd | 632,11 | 651,94 | 665,10 | 639,40 | 659 | 655,03 |
| Samfunnsutvikling | 125,33 | 123,68 | 128 | 130,29 | 130 | 126,95 |
| SUM | 1417,64 | 1434,45 | 1400,19 | 1382,39 | 1428,20 | 1447,64 |

Tal fast tilsette pr sektor og samla 2020-2025

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|--------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Stab | 75 | 71 | 41 | 38 | 39 | 37 |
| Oppvekst | 664 | 665 | 656 | 638 | 663 | 687 |
| Helse og velferd | 914 | 925 | 955 | 892 | 905 | 896 |
| Samfunnsutvikling | 161 | 159 | 180 | 171 | 171 | 169 |
| SUM | 1814 | 1820 | 1827 | 1734 | 1773 | 1784 |

Tilsette fordelt på alder i 2025

Alle tilsette, *uansett stillingstype*, fordelt på 10-årig aldersgruppe

| År | Aldersgruppering 10 år | Tal tilsette | Prosent |
|------|------------------------|--------------|---------|
| 2025 | <25 år | 168 | 7,95 |
| 2025 | 25-34 år | 395 | 19,41 |
| 2025 | 35-44 år | 498 | 23,39 |
| 2025 | 45-54 år | 514 | 26,31 |
| 2025 | 55-64 år | 425 | 20,37 |
| 2025 | >64 år | 63 | 2,54 |

*merk at tala her inkluderer mellombelse stillingstypar, og at talet difor er høgare enn talet på fast tilsette i tabellen

Kommentar til tala

Tal årsverk visar dei **faste** årsverka som er aktive og som er lønna pr i dag. Tal tilsette visar kor mange tilsette som går i dei faste aktive årsverka. Altså kan eit fast årsverk vere delt på fleire faste tilsette. Vi er ein stor organisasjon og det vil pr rapporteringsdato alltid stå vakante årsverk, som akkurat då ikkje tel med i rapporteringa, fordi dei ikkje er aktive, lønna årsverk. Rekrutteringsprosessar og variasjonar i behov i barnehage og skule er mellom anna forklaringa på dette. Gjennom eit år kan ein som regel følgja den same syklusen, kor tala går ned mot sommaren og aukar igjen på hausten. Ein stor del av denne variasjonen er knytt til barne- og elevtal og behov i barnehage og skule.

Ved rapportering på faste årsverk og faste tilsette i ein så stor organisasjonen vil det alltid vere mogelege kjelder til avvik i rapporteringa. Det kan til dømes vere tilsette som er meldt inn med fleire tilsettingsforhold eller tilsette som er slutta, men ikkje enno slutført. Begge desse faktorane vil gje avvik i rapporteringa.

Utover faste årsverk og faste tilsette, har organisasjonen tilsette som går i midlertidige tilsettingsforhold. Døme på dette kan vere vikarar som dekkjer inn sjukefråvær, engasjement i eit prosjekt, eller lærlingar i avgrensa opplæringsløp. Tilsette med slike avtaler er ikkje med i tala når ein rapporterer faste årsverk og faste tilsette.

Arbeid med lærlingar og elevkandidatar

Kommunen har fleire program for opplæring av unge arbeidstakarar. Gjennom opplæringskontoret sitt lærlingprogram har vi ved årsskiftet 25 lærlingar fordelt på sektorane og i stab. I tillegg har vi 6 elevar frå Teknisk allmennfag (TAF) som gjennomfører arbeidspraksis i tenestene våre. Programmet *Menn i helse* er godt etablert, og per i dag har vi 3 helserekruttar i arbeid.

Dei siste åra har talet på søknader til ordinære lærlingplassar gått ned, og det er ikkje alltid vi finn eigna kandidatar til alle dei tilgjengelege plassane. Dei vidaregåande skulane melder at fleire elevar enn før vel å gå vidare til bachelorutdanning, og at færre ønskjer å ta fagbrev.

I rekrutteringsarbeidet har kommunen vore aktivt ute på dei vidaregåande skulane, nytta faglege nettverk og annonsert breitt i ulike media. Sektorane understrekar at dei er opptekne av å ha ein god balanse mellom lærlingar på første og andre året for å sikre eit godt læringsmiljø, og dei arbeider målretta for å fylle alle tilgjengelege plassar.

Likestilling, lønn og arbeid mot diskriminering

Likestilling og løn

Fordelinga mellom kvinner og menn i kommunedirektøren si toppleiargruppe er 2 menn (29 %) og 5 kvinner (71 %).

Kommunestyret består av 24 menn og 11 kvinner, totalt 35 representantar. Kvinneandelen er dermed 31 %.

Formannskapet har 9 medlemmar, der 6 er menn og 3 kvinner, noko som gir ein kvinneandel på 33,3 %.

Arbeid for likestilling og mot diskriminering

Likestillingsarbeidet skal omfatte heile grunnlaget for ikkje-diskriminering i lovverket. Dette omfattar rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremjing, utviklingsmoglegheiter, tilrettelegging, moglegheit til å kombinere arbeid og familieliv, samt arbeid mot trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald.

Likestillingsarbeidet er forankra i kommunen sin overordna strategi, og omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering er ein integrert del av personalpolitikken.

Likestilling mellom kjønna er eit mål innanfor dei yrkesgruppene kommunen sysselset.

Likestillingsperspektivet skal vurderast ved alle kunngjeringar og tilsetjingar, og både tilsette og leiarar skal aktivt fremje likestilling.

Kommunen har retningslinjer for alle tilsette som skal sikre arbeid for mangfald, likestilling og inkludering.

Lønn

I kommunal sektor tener kvinner i gjennomsnitt noko mindre enn menn. Dette skuldast i hovudsak ulik stillingsplassering og utdanningsnivå. Lokalt tener kvinner 93,7 % av menn si forteneste per månad (grunnlønn, faste og variable tillegg) og 95,1 % av menn si grunnlønn.

Kommunen nyttar PAI-statistikk ved samanlikning av lønnsnivå og lønnsutvikling. Statistikken er basert på pålagde innrapporterte tal til KS per 15. desember kvart år.

Lønnsforhold justert for ulike faktorar – Bjørnafjorden kommune

Tabellen viser gjennomsnittleg fortjeneste per månadsverk og gjennomsnittleg grunnlønn per månadsverk for kvinner, uttrykt som prosent av menn si løn.

| Justert for | Årstall | | | | | |
|-----------------|--|---|--|---|--|---|
| | 2023 | | 2024 | | 2025 | |
| | Kvinner månedsfortjeneste i prosent av menns | Kvinner grunnlønn i prosent av menns | Kvinner månedsfortjeneste i prosent av menns | Kvinner grunnlønn i prosent av menns | Kvinner månedsfortjeneste i prosent av menns | Kvinner grunnlønn i prosent av menns |
| Ujustert | 93,3 | 94,3 | 93,8 | 95,1 | 93,7 | 95,1 |
| Alder | 93,3 | 94,3 | 93,8 | 95,1 | 93,7 | 95,1 |
| Stillingsgruppe | 96,4 | 98,3 | 96,9 | 99,2 | 96,4 | 98,6 |
| Stillingskode | 101,5 | 98,8 | 100,8 | 99,3 | 103,7 | 98,8 |
| Utdanning | 94,7 | 96,9 | 94,6 | 97,4 | 93,4 | 96,2 |

Tala viser kva kvinner si løn som del av menn si løn ville vore om dersom kvinner og menn hadde hatt same fordeling av årsverk innanfor kvar av variablane det er justert for. Tala justert for stillingsgruppe eller stillingskode bør ein bruka som mål på kjønnsforskjell i løn, sidan tala i stor grad held utanfor den delen av lønnsforskjellen som er knytt til ulike yrkesval.

Heiltidskultur

Heiltidskultur er avgjerande for å møte framtidens kompetansebehov. Mykje forskning viser at heiltidskultur og større stillingar er positivt både for arbeidsgivar, arbeidstakar og – ikkje minst – for brukarar og innbyggjarar. Å utvikle heiltidskultur handlar om meir enn turnusordningar og å få helgene til å “gå opp”. Det handlar òg om haldningar, forankring og felles normer for korleis vi har det og gjer det hos oss.

Arbeidet med heiltidskultur er ei organisasjonsendring som krev politisk vilje, tydeleg leiing, engasjerte tillitsvalde og tilsette som trekkjer i same retning mot dei same måla. Dette er ein langsiktig og kontinuerleg prosess som òg inneber større omstillingar.

Alle sektorane har over tid hatt fokus på temaet, og ein ser no ein auke frå 2024 etter noko reduksjon i dei føregåande åra.

Gjennomsnittleg stillingsprosent sektorar og samla

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|--------------------------|------|------|------|------|------|
| Stab | 98 | 89,7 | 88 | 88,2 | 89,7 |
| Helse og velferd | 71 | 69,3 | 69 | 70,5 | 70,9 |
| Oppvekst | 89 | 88,8 | 87,8 | 89,6 | 89,9 |
| Samfunnsutvikling | 78 | 75,4 | 75,6 | 75,1 | 76,3 |
| Samla | 79 | 78,3 | 77,9 | 79,6 | 79,9 |
| | | | | | |

Gjennomsnittleg stillingsstorleik gir eit overordna tal for heile kommunen, der alle stillingar er tekne med – også helgestillingar. Biletet blir likevel meir nyansert når vi ser på dei ulike stillingsgruppene og einingane. Omfanget av deltidsarbeid varierer mellom kjønn, aldersgrupper, utdanningsnivå og sektorar. I Bjørnafjorden kommune er det, som i landet elles, først og fremst kvinner som arbeider deltid.

Kommunen har lokale retningslinjer for heiltidskultur. Desse retningslinjene er integrerte i rekrutteringsprosessen og skal vere eit naturleg vurderingspunkt i behovsanalysen før utlysing av ledige stillingar.

Sjukefråvær

Arbeid med nærvær

Leiarskap er avgjerande i arbeidet med auka nærvær og robuste arbeidsmiljø. Dette er ei oppgåve som krev både kompetanse og stor innsats. I leiaropplæring og leiarutvikling har slik kompetanse vore eit sentralt tema sidan 2021, og kommunen har halde fast ved dette fokuset over tid. Kommunen har eit godt system og eit breitt spekter av opplæring for leiarar knytt til oppgåver, utvikling og forvaltning av personalressursar. Ei rekkje digitale løysingar er tekne i bruk for å gi betre oversikt, høgare kvalitet og meir effektivitet i den daglege leiinga.

Den viktigaste oppgåva er god forvaltning, utvikling og oppfølging av dei tilsette, og gjennom 2025 har ein særleg retta innsatsen mot arbeidsrelatert fråvær.

Kommunen har høgt fokus på førebygging og tilrettelegging, og fleire tiltak er spissa og intensivt knytt til arbeidsmiljø og personaloppfølging. Mellom anna er arbeidsmiljøgrupper etablerte og i drift i dei fleste tenestene. Eit aukande tal tenester ønskjer å gjennomføra prosessar for å styrkje arbeidsmiljøet og forbetre arbeidsprosessar. Tilbodet om internopplæring for leiarar innan personalforvaltning er godt brukt. Til dømes har mesteparten av leiarane med personalansvar delteke i opplæring i tilrettelegging og oppfølging av sjukefråvær. Opplæringa for leiarar følgjer eit fast årshjul.

Kommunen nyttar òg i stor grad tiltak og ressursar frå mellom anna NAV Arbeidslivssenter. Bedriftshelsetenesta blir brukt både på individ- og systemnivå og deltek i AMU. Våren 2025 gjennomførte kommunen den første runden av Basiskurs for leiing i samarbeid med NAV Arbeidslivssenter. Programmet er retta mot nye leiarar og gir innføring i kvardagen i ei leiarrolle. Tilbakemeldingane er gode, og programmet er no eit fast tiltak, gjennomført to gonger i året og fasilitert av HR.

Eit anna målretta tiltak for auka nærvær er programmet for kompetanseheving og opplæring i førebygging og handtering av vald og truslar, KomLab. Arbeidet er nærare skildra under avsnittet om oppfølging av avvik.

Gjennom desse tiltaka har ein arbeidd med å utvikle endringskapasitet og evna til å kombinere drift og utvikling. Dette er eit langsiktig arbeid, men ved å styre etter forskingsbasert kunnskap og tilpasse lokale tiltak deretter, ser ein at organisasjonen gradvis aukar kapasiteten til å utvikle meir robuste arbeidsmiljø – og dermed oppnå høgare nærvær

Sjukefråvær

Mål: Sjukefråværsprosent på 6,5 prosent på organisasjonsnivå.

Sjukefråværet i Bjørnafjorden kommune var i gjennomsnitt i 2025 på 9,59 prosent, og per 31.12.25 på 9,94 prosent. Korttidsfråværet (1–16 dagar) var 3,11 prosent, medan langtidsfråværet (over 17 dagar) var 6,48 prosent.

Frå hausten 2024 såg ein ein nedgang i det totale sjukefråværet. Nedgangen held fram, men det samla fråværet i kommunen ligg framleis høgt. Samtidig ser ein at fleire tenester klarer å redusere fråværet. Nokre tenester ligg stabilt høgt, særleg innan Helse og velferd, men også enkelte tenester i Oppvekst.

Det er store skilnader mellom tenestene, noko som kjem tydeleg fram innan Helse og velferd. Det er særleg dei største institusjonane som strevar med høgt fråvær, medan andre tenester i same sektor ikkje har dei same utfordringane.

Både korttids- og langtidsfråværet har gått ned frå 2023, særleg i siste kvartal. Fråværsbiletet i Bjørnafjorden er samanliknbart med kommunar av liknande storleik, både i prosent og i type fråvær.

På landsbasis ser ein den same utviklinga. SSB melder at sjukefråværet held fram med å gå ned, med ein svak reduksjon gjennom 2025. Legemeldt fråvær gjekk mest ned, med 1,3 prosent, medan eigenmeldt fråvær var uendra.

I februar 2025 fekk vi ein ny fireårig intensjonsavtale om inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen). Eit viktig element i avtalen er at ein i løpet av dei to første åra skal arbeide breitt for å skaffe eit solid kunnskapsgrunnlag om sjukefråvær, slik at ein kan finne og setje i verk målretta tiltak.

Sjukefråvær og nærværarbeid er faste tema i mellom anna AMU-møte og møte i Administrasjonsutvalet.

Sjukefråvær pr kvartal i 2020-2025 (%)

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|-----------------|------|-------|-------|-------|-------|-------|
| 1. kvartal | 8,77 | 9,54 | 12,48 | 11,62 | 11,94 | 10,67 |
| 2. kvartal | 7,79 | 8,55 | 9,07 | 9,85 | 10,63 | 9,85 |
| 3. kvartal | 7,02 | 7,11 | 7,71 | 10,40 | 10,51 | 8,73 |
| 4. kvartal | 9,29 | 10,63 | 11,50 | 13,64 | 10,26 | 9,94 |
| Gjennomsnitt år | 8,21 | 8,95 | 10,19 | 11,01 | 10,61 | 9,59 |

Sjukefråvær pr 31.des 2025 fordelt på sektorar (%)

| | Stab | Oppvekst | Helse og velferd | Samfunnsutvikling | Samla |
|----------------|------|----------|------------------|-------------------|-------|
| Samla | 2,13 | 7,18 | 13,68 | 6,87 | 9,94 |
| Kvinner | 3,26 | 8,86 | 12,79 | 7,59 | 10,53 |
| Menn | 1,15 | 6,51 | 5,99 | 4,03 | 5,49 |

Gravide i jobb

Jobb-jordmor er eit tiltak som skal bidra til at gravide kan stå i arbeid gjennom heile graviditeten, gjennom individuell tilrettelegging. Den gravide, leiaren og jordmora kjem i fellesskap fram til tiltak som kan støtte den gravide i arbeidshverdagen. Det er gjennomført 90 planlagde trepartssamtalar, som er eitt av tiltaka i jobb-jordmor-tenesta. Alle samtalanane blir gjennomført digitalt, noko som gjer at ein kan nytte tida som er sett av til jobb-jordmor på ein effektiv måte.

I 2025 har jobb-jordmor følgd opp 48 gravide tilsette, der 39 av dei var nye tilfelle i løpet av året. Dei tilsette var fordelt på 13 ulike yrke og 18 arbeidsplassar på begge sider av fjorden.

HMS

Helse, miljø og tryggleik

Forbetringsportalen

Forbetringsportalen er Bjørnafjorden kommune sitt system for avvik og forbetningsforslag. I 2024 blei det meldt inn 4657 avvik. Av desse var 93 knytte til personvern og informasjonssikkerheit. Det kom inn 286 forbetningsforslag, noko som er om lag på same nivå som året før.

Status per 31.12.25:

| Status | Tal |
|------------------|------|
| Lukka | 4014 |
| Ny melding | 526 |
| Under behandling | 99 |
| Tiltak igangsett | 18 |

Oppfølging av avvik

Arbeidet med avvikskultur har vore særleg prioritert i 2025. Det er lagt vekt på å sikre at avvik blir lukka, og at dei blir lukka med tilstrekkeleg og relevant informasjon tilbake til melder. Sektorane rapporterer jamleg til AMU om avvikshandteringa og status på oppfølging.

Det blir framleis opplevd underrapportering i enkelte avdelingar, og det blir arbeid målretta for å nå desse miljøa. Eit døme er Samfunnsutvikling, som har utvikla eit «lavterskel-skjema» for tilsette utan PC i arbeidshverdagen. Tiltaket har gitt ein viss auke i innmelde avvik, men det er framleis behov for betre rutinar for rapportering.

Det er òg registrert ein liten auke i avvik knytte til vald og truslar. Dette blir tolka som eit resultat av auka merksemd gjennom samarbeidet med KomLab, kombinert med lågare terskel for å melde slike hendingar.

HMS-rapportering frå tenestene

I januar kvart år skal leiarane, via sine arbeidsmiljøgrupper (AMG), rapportere HMS-status frå einingane. Rapporten er eit viktig verktøy for å sikre eit systematisk HMS-arbeid. Kommunedirektøren sikrar gjennom dette at krava i internkontrollforskrifta blir følgde, og at pålegg kan dokumenterast som oppfylt. AMU behandlar den samla oversikta frå årsrapportane.

For 2025 er det levert 53 av 75 rapportar, tilsvarande 71 %. Fordelinga er slik:

- Helse: 67 %
- Oppvekst: 75 %
- Samfunnsutvikling: 71 %
- Stab: 100 %

Tala er framleis ikkje tilfredsstillande og krev vidare oppfølging i leiarlinja i 2026. For rapportåret 2025 blei det, i samarbeid med sektorane, avklart kva avdelingar som skulle rapportere.

Systematisk HMS-arbeid er eit leiaransvar, og det er avgjerande at arbeidsmiljøgruppene tek i bruk dei verktøya og rutinane som er utvikla. Det er fokus på varig forankring gjennom opplæring og leiarstøtte,

slik at AMG blir ein integrert og operativ del av HMS-arbeidet i einingane. Det blir òg opplevd at fleire no kjenner betre til AMG og at avdelingane gjennomfører regelmessige AMG-møte.

Arbeidsmiljøutvalet

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er eit samarbeidsorgan der arbeidsgjevar, arbeidstakarane og bedriftshelsetenesta møtest for å drøfte og finne gode løysingar på spørsmål og utfordringar knytte til arbeidsmiljøet. AMU skal gje råd, delta i planlegginga av verne- og arbeidsmiljøarbeidet og følgje utviklinga i slike saker. I vårt AMU er det fire representantar frå leiinga og fire frå arbeidstakarorganisasjonane og vernetenesta. Leiinga av utvalet rullerer annakvart år mellom partane.

Bedriftshelsetenesta (BHT) og NAV Arbeidslivssenter deltek fast som eksterne samarbeidspartnarar.

I 2025 behandla AMU totalt 76 saker. 11 av desse var melde inn av arbeidstakarsida eller andre tilsette. Dette omfattar både nye saker og saker som tidlegare har vore oppe, men der det var behov for oppdatert status.

Grunnopplæring i HMS

Det 40 timar lange HMS-kurset for verneombod og AMU-medlemmer blir som hovudregel halde i partalsår. I oddetalsår blir det i staden tilbydd e-læringskurs frå TotalHMS. Under verneombodssamlinga i 2025 blei erfaringane med TotalHMS drøfta. Tilbakemeldingane var delte når det gjaldt kvalitet, men opplæringa blir likevel vurdert som akseptabel og tilstrekkeleg for eit heilt nettbasert kurs.

HMS-opplæring for leiarar blir gjennomført i ei fleksibel digital løysing, slik at den er tilgjengeleg ved nyrekruttering. I 2025 blei 18 leiarar melde opp til kurset, som blir levert av Tryggkurs.no.

Internkontroll og etikk

Styring og internkontroll



Kommunelova stiller krav om rapportering på internkontroll.

Internkontrollen i Bjørnafjorden kommune

Internkontrollen er ein integrert del av den ordinære styringa i Bjørnafjorden kommune. Kommunen si heilskaplege styring omfattar både politiske planar og strategiar, og korleis desse blir gjennomførte gjennom kommunedirektøren si interne styring. Leiingsprosessane skal sikre måloppnåing, etterleving av lover og reglar og effektiv bruk av ressursar. Kommunebudsjettet dannar grunnlaget for leiaravtalar og resultatoppfølging.

Støtteprosessane skal understøtte tenestene til innbyggjarane, og dei administrative einingane leverer tenester i tråd med gjeldande regelverk, strategiar og planar.

Hovuddelen av kommunen si verksemd er tenester til innbyggjarane. Staten regulerer store delar av dette gjennom lover, forskrifter og tilsyn. Kommunedirektøren sin internkontroll er ein del av kommunen sin eigenkontroll og skal sikre etterleving av regelverk, gjennomføring av politiske vedtak, god kvalitet i tenestene og effektiv ressursbruk.

Kommunen har samla store delar av internkontrollen og kvalitetsutviklinga i Kvalitetssystemet, i tillegg til noko dokumentasjon i fagspesifikke system. Kvalitetssystemet inneheld styringsdokument,

risikovurderingar, avvikshandtering, beredskapsplanar, prosedyrar og rettleiingar. Ei samla oversikt gir kommunedirektøren god kontroll med internkontrollen.

Implementering og vidareutvikling av Kvalitetssystemet tek tid, og systemet må haldast oppdatert. Systematisk arbeid med kvalitet og internkontroll er ein kontinuerleg prosess og særleg viktig i ei tid med store endringar i kommunen.

Tiltak i 2025 for å sikre betryggande kontroll

- Leiinga sin gjennomgang er gjennomført, og arbeid med forbetring er starta.
- Arbeidet med å revitalisere Kvalitetssystemet er sett i gang, med mål om ei meir moderne og brukarvennleg løysing. Planlegging og oppstart skjedde i 2025, og arbeidet blir fullført i 2026. Sektorane og einingane deltek aktivt i prosessen.
- Det er gjennomført prosessar i sektorar og einingar for å dokumentere og oppdatere arbeidsprosessar, rutinar og prosedyrar.
- Det er halde kurs og workshopar om risiko og dokumentadministrasjon

Personvern og informasjonssikkerheit

Målet er å sikre god internkontroll for personvern og informasjonssikkerheit i heile kommunen. Alle tilsette må kjenne regelverket og vere merksame på korleis personopplysningar skal handsamast.

Kommunen har eit etablert system for arbeid og oppfølging, organisert gjennom sikkerheitsforum og ei eiga arbeidsgruppe. Det er også laga ein handlingsplan for området.

Tiltak gjennomført i 2025

- Obligatorisk kurs i personvern og informasjonssikkerheit for alle nyttilsette og leiarar.
- Kontinuerleg arbeid med:
 - risikovurderingar av system og prosessar
 - behandlingsprotokollar
 - personvernkonsekvensvurderingar (DPIA)

Arbeidet med å revidere styringsdokument, malar og rettleiarar er starta. I oktober, sikkerheitsmånaden, var temaet digital tryggleik, med informasjonsmateriell og faglege samlingar i regi av Digi Vestland. Personvern og informasjonssikkerheit har òg vore fast tema på digital leiarfrukost om lag ein gong i månaden.

Gjennom risikovurderingar, protokollar og DPIA blir det avdekt behov for nye rutinar. Desse blir utvikla fortløpande og bidreg til betre kvalitet og styrkt personvern.

Avvik

I 2025 vart det meldt 93 avvik innan personvern og informasjonssikkerheit. Fem av desse vart melde vidare til Datatilsynet.

Personvernombod

Bergen kommune, avdeling personvern, er personvernombod for Bjørnafjorden kommune. Dei gir råd, bistår ved brot, held opplæring og vurderer og gir anbefalingar til kommune sin DPIA-prosess.

Etikk

Kommunen har eit etisk reglement for tilsette og folkevalde. Reglementet skildrar forventningar til at alle opptrer i tråd med lovverk, interne retningslinjer, avtalar, kommunen sitt verdigrunnlag og politiske vedtak. Det tek også for seg ytringsfridom, habilitet og interessekonfliktar, møte med innbyggjarar samt forbod mot gåver og andre ytingar.

Etiske retningslinjer og etisk refleksjon er ein del av det kontinuerlege kvalitetsarbeidet i kommunen og inngår i digital leiaropplæring. Etikk skal vere ein naturleg del av arbeidet på alle nivå, frå politiske organ til tenestene ute i feltet.

Kommunestyret vedtok i 2020 at Bjørnafjorden kommune skal vere medlem i Transparency International Norge. Medlemskapet styrkjer arbeidet med etikk og er eit nyttig supplement til kommunen sine eigne retningslinjer.

Beredskap

Det siste scenarioet i KommuneROS Bjørnafjorden 2024 – «Sikkerheitspolitisk konflikt/krig i ei eller anna form» – vart dessverre ikkje mindre aktuelt i 2025, og fokuset på totalforsvaret og dei mange sidene ved det, har auka i heile samfunnet. Det prega også arbeidet vårt med samfunnssikkerheit og beredskap i Bjørnafjorden kommune. Overordna mål for SSB-arbeidet er framleis at Bjørnafjorden kommune skal vera ein trygg og robust kommune å bu, arbeida og opphalda seg i. Vi skal i samarbeid med alle dei andre beredskapsaktørane – og innbyggjarane – sørja for at samfunnet fungerer best mogleg, og at folk får dei nødvendige tenestene, uansett om det er pandemi, dataangrep, naturhendingar eller anna som trugar eller rammar oss. Og vi er heilt avhengige av at alle som kan, tar ansvar for seg og sine og er med på den felles dugnaden, slik at styresmakter og nødetatar kan hjelpa dei som treng det aller mest.

Uvêr og dataangrep

Ekstremvêret «Amy» herja i Vestland 3.-4.10.2025. Det var sendt ut gult/oransje farevarsel for vind frå sør-austleg retning frå MET 2.10. Varsling av relevante aktørar og førebuingsarbeid vart gjort i samsvar med rutinar i Bjørnafjorden kommune. Avdeling Samferdsel klargjorde utstyr/maskiner. Statsforvaltaren (SFVL) gjennomførte eit operativt samordningsmøte for kommunar og beredskapsaktørar i Vestland 3.10. «Amy» trefte òg Bjørnafjorden kommune og førte i hovudsak til mykje trefall over vegar mange stader i kommunen. Straumlinjer, veglys og ein høgspenteledning vart òg ramma. Fusa bu- og behandlingssenter (FBBS) miste straumen natt til 4.10., og Lysna sette i gang aggregatet til sjukeheimen, i samsvar med rutinen, til vanleg straumforsyning kom tilbake. Omfanget av vindfall vart større enn kva ein såg for seg, og det vart nokon krevjande dagar med opprydding. Avdeling Samferdsel gjorde ein formidabel innsats med trefrydding m.m., og fekk hjelp av brann/redning. Oppryddinga gjekk greitt, og vi slapp unna dramatiske hendingar.

I juli 2025 var Bjørnafjorden ein av fleire kommunar som vart ramma av datainnbrot hjå Extend AS, som leverer kvalitetssystemet vårt EQS. Hos oss var det heldigvis berre testbasen som hadde vore tilgjengeleg/ramma. Nødvendige tiltak vart gjort, og det var samordning med relevante myndigheiter. Hendinga er eit døme på at trusselaktørar utnyttar leverandørkjeder for å nå større mål, og viser kor viktig det er med auka merksemd på leverandør oppfølging spesielt og digital beredskap generelt.

Nytt krisestøtteverktøy RAYVN

Frå nyttår 2025 tok vi i bruk nytt krisestøtteverktøy. DSB har bestemt at alle kommunar no skal bruka RAYVN. Systembyte inneber alltid mykje arbeid med å avvikla det gamle og bygga opp det nye slik at det skal vera funksjonelt for oss og våre behov. Derfor har vi ein periode halde på det gamle (CIM) til det nye var klart for bruk og dei ulike aktørane hadde fått opplæring.

Planverk

Overordna beredskapsplan med operative delplanar og sjekklister vart rullert i starten av 2025, i samsvar med vedtatt KommuneROS 2024. Den [administrative delen av overordna beredskapsplan](#) er offentleg tilgjengeleg på heimesida til kommunen. Resten ligg tilgjengeleg for KKL i kvalitetssystemet EQS, med tilgangsstyring. Varslingslister/kontaktlister blir oppdatert kvart kvartal – og elles ved behov.

«[Tiltaksplan KommuneROS 2024 Bjørnafjorden](#)» er ein annan del av den lovpålagde oppfølginga av den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen i kommunen. Tiltaksplanen vart vedtatt i kommunestyret 15.5.2025. Den inneheld langsiktige mål, strategiar og prioriterte tiltak for å styrkja samfunnssikkerheita i kommunen vår. Det er snakk om tiltak for å førebyggja, redusera konsekvensane av, og handtera uønskte hendingar knytt til ROS-scenarioa våre. Fagleg prioriterte kommunale tiltak med definert kostnad, ansvar og frist er samla i ein eigen tabell til bruk i arbeidet med budsjett og økonomiplan. Desse tiltaka gjeld beredskap knytt til vassforsyning, flaum/skred, cybersikkerheit, straumforsyning, brann, radioaktivt nedfall, sikring av kulturminne, PLIVO og eigenberedskap for tenesteområda.

Totalforsvarsøving i regi av SFVL 4.3.2025

Bjørnafjorden kommune var 4.3.2025 med på ei totalforsvarsøving i regi av Statsforvaltaren i Vestland. Den vart gjennomført som ei «table top»-/skrivebordsøving for den kommunale kriseleiinga (KKL) og gode samarbeidspartnarar frå politiet, heimevernet og sivilforsvaret, som var samla på Rådhuset, og fekk spelt inn scenario frå SFVL og andre aktørar i spelstaben. Seks andre kommunar øvde samtidig, og vi møttest digitalt og utveksla innspel og erfaringar. Vi øvde på krisehandtering i samband med vassforsyning og ved bortfall av straum, mobilnett og internett. Kva må vi gjera for å oppretthalda tenestene våre i ein slik situasjon? Korleis varslar og informerer vi innbyggjarar, tilsette og andre som oppheld seg i kommunen vår, når dei vanlege kommunikasjonskanalane er ustabile? Vi diskuterte òg eigenberedskap – både for innbyggjarar og verksemder – og mottak av evakuerte. Dette er oppgåver kommunen må løysa i samarbeid med andre beredskapsaktørar, uansett kva som er den utløyssande årsaka. Kommunedirektør/KKL-leiar understreka under evalueringa etterpå at det er viktig å møtast og øva i lag jamleg, for å vita kva som er ansvarsområda til den enkelte aktør og vera trygge i rollane våre. Då kan vi samarbeida best mogleg om å løysa beredskapsoppgåvene våre til beste for innbyggjarane.

Representantar frå KKL deltar òg jamleg på SFVL sine sambandsøvingar for kommunane, der vi testar satellittelefon, nødnett og digitale krisestøtteverktøy. I tillegg har vi hatt faste RAYVN-øvingar for KKL og krisestaben.

Tilsyn med arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap i Bjørnafjorden kommune

SFVL ved ass. fylkesberedskapssjef og ein medarbeidar frå beredskapsseksjonen kom på tilsyn 27.3.2025. Målet med tilsynet var å undersøkje om SSB-arbeidet vårt er i samsvar med krav i lov og forskrift. Vi sende inn all etterspurd dokumentasjon på førehand, og tilsynet vart gjennomført som systemrevisjon med dokumentgjennomgang på førehand og oppfølgjande møte på Rådhuset på Osøyro. Der deltok kommunedirektør, varaordførar, beredskapsrådgjevar, brannsjef, kommuneoverlege og kommunalsjef for Helse og velferd. Sjølv tilsynsmøtet var ein kombinasjon av individuelle samtalar/intervju og gruppesamtalar. Sluttrapport frå SFVL vart sendt ut 28.4.2025. Det vart ikkje avdekt lovbrøt (avvik) under tilsynet, og SFVL konkluderte med at Bjørnafjorden kommune tilfredsstillar krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Bjørnafjorden beredskapsråd 15.5.2025

Beredskapsrådet møttest minst ein gong i året, og i 2025 var samlinga i Eikelandsosen med tema kraftforsyning og straumberedskap. BKK og Lysna AS er faste medlemmer, og sistnemnde var òg medarrangør. I tillegg hadde vi med oss representantar frå SKL og Fagne, som deltok i programmet. Vi var på synfaring både i Eikelandsosen kraftstasjon og i Fjorden arena. Kraftstasjonen blir drifta av SKL og kan forsyna austsida av kommunen ved bortfall av vanleg straumforsyning. Fjorden arena er hovudlokale for eit ev. evakuerte- og pårørandesenter (EPS) på fusasida av fjorden. Bjørnafjorden kommune er glad for det gode samarbeidet med dei andre beredskapsaktørane, som møttest fast i Bjørnafjorden beredskapsråd.

Kommunal kriseleiing (KKL) og samarbeid med Statsforvaltaren i Vestland (SFVL)

KKL hadde to kompetansepåfyllingssamlingar i første halvår: 17.2. var temaet oppdaterte nasjonale trusselvurderingar og råd frå E-tenesta, PST og NSM, pluss førebuing til totalforsvarsøvinga. 16.6. var det gjennomgang av oppdatert overordna beredskapsplan og sjekklister/operative planar pluss RAVYN-oppfrisking/øving. Andre halvår hadde beredskapsrådgjevar permisjon, og kunne ikkje arrangera KKL-påfyllingssamlingar.

SFVL utøver samordningsrolla si på ein svært aktiv måte, og er til god hjelp for oss i kommunane. Bjørnafjorden deltok også i 2025 på SFVL sine faste digitale kommunemøte, der vi blir oppdaterte på kva kommunane til ei kvar tid må vera ekstra obs på. Bjørnafjorden kommune v/beredskapskontakt og kommuneoverlege deltok på SFVL si årlege fagsamling for kommunane i Vestland, 11.-12.11., der tema var totalforsvar: Helseberedskap i krise og krig, matvareberedskap og digitale angrep. Lokalt beredskapssamarbeid, og øving og evaluering stod òg på agendaen. Beredskapskontakten var òg med på regional totalberedskapssamling på Voss 2.6.2025 i regi av DSB, SFVL og NKS. Der hadde ei av våre dyktige sanitetskvinner innlegg, m.a. om samarbeidet med Bjørnafjorden kommune. Vi har òg deltatt på digital samling i regi av DSB og Forsvarsbygg om krav til sikkerheit i arealplanar i kommunane.

Evakuerte og pårørandesenter (EPS) i Bjørnafjorden kommune

Kommunen samarbeider med Os idrettspark Bjørnafjorden KF om å få bruka idrettshallane på Kuventræ og Fjorden arena i Eikelandsosen til evakuerte- og pårørandesenter i tilfelle masseevakuering. Vi har hatt synfaringar i begge lokala saman med representantar frå politiet, Røde Kors, sanitetsforeiningane, psykososialt kriseteam og kommunal kriseleiing (KKL). I januar 2025 hadde vi oppfølgingsmøte med alle

aktørane for å ferdigstill planverket for EPS for begge sider av fjorden. Det inneheld òg lister over andre aktuelle EPS-lokale i mindre målestokk rundt omkring i kommunen.

Eigenberedskapsveka 2025

Bjørnafjorden kommune har eit godt samarbeid med Os Røde Kors, Fusa Røde Kors og Omsorgsberedskapsgruppa til dei åtte sanitetsforeiningane i kommunen. Vi har beredskapsavtalar med desse veletablerte beredskapsorganisasjonane, og dei sørger kvar haust for markering av Eigenberedskapsveka i samarbeid med kommunen. Vi hadde planleggingsmøte 18.6.2025, og laurdag 25.10.2025 stilte dei på stand på Amfi Flåten og på Fjord'n nærsenter og reklamerte for eigenberedskap. Ordføraren stod for opninga av eigenberedskapsveka på ossida og kommuneoverlegen på fusasida. Denne gongen var temaet «Finn din beredskapsvenn», og det var ekstra fokus på felles eigenberedskap og korleis vi kan nå innbyggjarar under 30 år med denne informasjonen. Sanitetsforeiningar og Fusa RK samarbeidde med Fusa vgs., og hadde eigenberedskaps-quiz for elevane med Powerbank-premiar. Vi hadde òg informasjonskampanje på heimesida, sosiale medium og biblioteket.

Kommunen sine tenesteområde

Fellesområde

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Fagområde | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|-----------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum | 34 303 | -51 651 | -24 601 | -27 050 | -52,4 % |

Kommentar til status økonomi

Fellesområde omfattar Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Området har eit negativt avvik mot budsjett på 27,1 mill. kr. Avviket ligg i hovudsak på Pensjon, og skuldast for ein stor del premieavvik. Premieavviket for 2024 var positivt med med 35,2 mill. kr og blei utgiftsført i 2025. Premieavviket for 2025 var positivt med 50,4 mill. kr og blei såleis inntektsført i 2025. Heile premieavviket for 2025 blei sett av på fond for å dekke utgiftsføringa som vil kome i 2026, medan premieavviket frå 2024 dermed sto udekka.

I 2025 blei det innført ny offentlig AFP for tilsette i kommunesektoren. Verknadene av denne blei ikkje lagt inn i statsbudsjettet/rammetilskotet til kommunane, då det var uvisse om berekningsgrunnlaget. Kommunane fekk tildelt midlar i revidert nasjonalbudsjett, men det var framleis noko uvisse om kva ordninga ville koste. Bjørnafjorden kommune fekk tilført 17,5 mill. kr til ny AFP, og saman med det kommunen hadde budsjettert med til ordinær pensjonspremie var det tilstrekkeleg til å dekke kommunen sine pensjonsutgifter i 2025.

Det blei i 2025 brukt 65,8 mill. kr (i tillegg kjem arbeidsgivar avgift) av premiefond i samsvar med budsjettert beløp. Saldo på premiefond i Storebrand pr 31.12.2025 er 196,9 mill. kr. Saldo på premiefond i KLP pr 31.12.2025 er 11,6 mill. kr.

Folkevalde organ fekk eit mindreforbruk på 0,6 mill. kr i 2025 grunna noko lågare utgifter til stortingsval og revisjon enn budsjettert. Fellesutgifter fekk eit midreforbruk på 0,4 mill. kr m.a. grunna noko lågare utgifter til gruppelivsforsikring.

KOSTRA Nøkkeltal

| | Bjørnafjorden 2024 | Bjørnafjorden 2025 | Kostragruppe 09 | Landet uten Oslo |
|---|-----------------------|-----------------------|--------------------|------------------------|
| Prioritet | | | | |
| Netto driftsutgifter per innbygger (100) politisk styring (B) **) | 220 | 270 | 371 | 450 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (390) den norske kirke (B) **) | 633 | 643 | 587 | 642 |
| Økonomi | | | | |
| Frie inntekter per innbygger (kr) | 70 081 | 75 841 | 76 252 | |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | -2,8 % | 2,1 % | 1,6 % | |
| Netto driftsutgifter i kroner per innbygger **) | 74 636 | 74 752 | 80 408 | |
| Netto lånegjeld i kroner per innbygger | 109 501 | 107 559 | 111 724 | 107 191 |

**) Justert for utgiftsbehov

Stab

Viktige hendinger for tenesteproduksjonen

Sentral leiling

Kommunedirektørens stab omfatter løn og driftsutgifter til kommunedirektør og ei rådgjevarstilling.

Økonomiavdelinga

Økonomiavdelinga skal gjennom sitt arbeid bidra til at kommunen si økonomiske handleevne blir ivaretatt. Målet med økonomistyringa er å sette kommunen i stand til å gje innbyggjarane stabile og gode velferdstenester på kort og lang sikt.

Økonomiavdelinga omfattar fagområda rekneskap, anskaffingar og økonomistyring.

Rekneskapsavdelinga fører rekneskapen for kommunen og kommunale føretak (KF) m.v.

Innkjøpsavdelinga har spesialkompetanse på offentlege anskaffingar og hjelper einingane med dette. Faggruppe økonomistyring skal med utgangspunkt i kommunedirektøren sine styringssignalar fungere som ein rådgivar, pådrivar og utfordrar i høve økonomisk styring. Kvar eining har ein fast økonomirådgivar.

Økonomiavdelinga har hatt mykje vakansar i 2025, noko som har gjort det utfordrande å levere dei tenestene vi skal til tenestene. Situasjonen har og vore krevjande for dei tilsette og gjort at det til tider har vore utfordrande å få utført arbeidsoppgåvene på ein tilfredsstillande måte. Økonomisk har det derimot gått bra ettersom færre på jobb har gitt innsparing på løn.

I løpet av 2025 er prosjektet "Fakturasjekk" gjennomført. Prosjektet har hatt som mål å redusere ressursbruken til faktura-distribusjon ved at inngående faktura no i hovudsak blir fordelt til rett person maskinelt.

HR avdelinga

HR-avdelinga har tre underavdelingar og omfattar fagområda IT, personal, lønn, HMS, organisasjonsutvikling, personvern og kvalitet.

Avdelinga har ansvar for å utvikle og legge til rette for gode HR-prosessar og rutinar, og skal gje leiarstøtte ute i tenestene innan desse områda.

HR skal òg koordinere det overordna arbeidet med kompetanseutvikling og -styring.

Vidare skal HR levere strategiske beslutningsgrunnlag til kommunedirektøren innan avdelinga sine fagområde.

I 2025 har ein styrkt og målretta arbeidet endå meir for å auke nærværet i organisasjonen. Til dømes har eit stort tal tenester gjennomført arbeidsmiljøprosessar og forbetningsarbeid knytt til arbeidsflyt og medverknad. Digitaliseringsarbeidet for meir effektiv saksflyt og kortare arbeidslinjer ute i tenestene er i stadig utvikling, og IT og organisasjonsutvikling har ei sentral rolle i dette.

Kommunen har ein høg endringstakt og står i store omstillingsprosessar. Det er naturleg med aukande endringstakt fordi vi blir påverka av omgjevnadene rundt oss og må tilpasse tenestene og leveransenivåa våre. For HR som støttetjeneste inneber dette eit kontinuerleg behov for å prioritere organisasjonen sine behov og gjere avvegingar av kvar ressursane skal setjast inn. Skalering av administrative ressursar må vurderast i samheng med behova og utfordringane ute i tenestene, og dette er ei krevjande oppgåve – særleg når det gjeld lovpålagde oppgåver.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Fagområde | Rekneskap | Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr | Avvik i % |
|------------------|---------------|---------------|---------------|--------------|--------------|
| | 2024 | 2025 | 2025 | | |
| 15-Sentral leing | 3 744 | 3 778 | 3 333 | 445 | 11,8 % |
| 16-Økonomi | 11 000 | 12 531 | 11 059 | 1 472 | 11,7 % |
| 17-HR | 39 008 | 41 555 | 41 366 | 189 | 0,5 % |
| Sum | 53 753 | 57 864 | 55 758 | 2 106 | 3,6 % |

Kommentar til status økonomi

15 Sentral leing

Sentral leing har noko innsparing på løn som følgje av at ei rådgjevar stilling sto ledig i ein periode.

16 Økonomi

Økonomiavdelinga har hatt mykje vankansar i 2025, noko som har gjort det utfordrande å levere dei tenestene vi skal til tenestene. Situasjonen har og vore krevjande for dei tilsette. Økonomisk har det derimot gått bra ettersom færre på jobb har gitt innsparing på løn.

17 HR

HR avdelinga har som ein del av den totale rekneskapen i Stab kome greit ut i 2025. Nokre postar innanfor HR sitt område er vanskeleg å berekne ettersom forbruket ligg i sektorane. Eit døme på dette er bruk av bedriftshelsetenester. Innkjøp av datautstyr til tilsette er eit anna døme kor ein dei siste åra har kome i minus gjennom året. Her har ein gjort grep for å sikre at så mange pc'ar som mogeleg blir gjenbrukt og omfordelt.

Status målsettingar

- Vi er ein døgnoopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar
- Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar

Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Skildring mål |
|---|---|--|---------------------|------------------|---------------|
| Vi er ein døgnoopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar | Kommunen betaler alle sine fakturaer på forfall | Tal fakturaer betalt på forfall | 100,0 % | 87,0 % | – |
| | Redusert intern ressursbruk vedr fakturadistribusjon | Tal leverandørar som vi får over på Digital Fakturasjekk | 100,0 % | 100,0 % | ✓ |
| Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar | Bjørnafjorden er ei attraktiv lærebedrift gjennom målretta tiltak for rekruttering av lærlingar | Samla tal lærlingar | 42 | 34 | ! |
| | Vi arbeidar målretta med nærværarbeid gjennom leiaropplæring | Samla sjukefråvær | 6,5 % | 9,9 % | ! |
| | Vi har heiltidskultur og brukar system for heiltidsarbeid i rekrutteringsprosessen | Gjennomsnittleg stillingsstorleik | 85,0 % | 79,5 % | ! |

KOSTRA Nøkkeltal

| Prioritet | Bjørnafjorden | Bjørnafjorden | Kostragruppe | Landet |
|---|---------------|---------------|--------------|-----------|
| | 2024 | 2025 | 09 | uten Oslo |
| Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B) **) | 2 422 | 2 463 | 3 571 | 4 100 |

**) Justert for utgiftsbehov

Oppvekst

Viktige hendingar for tenesteproduksjonen

Oppvekst samla

Oppvekstfeltet leverte høg aktivitet, god kvalitet og tydeleg utvikling i 2025, trass i krevjande saks kompleksitet og stramme rammer. 2025 har vore prega av systematisk arbeid på tvers i heile oppvekstområdet – med innsatstrappa, BTI i drift, tettare lag rundt barna og fleire lågterskeltilbod.

Sjuefråværet har gått gradvis ned gjennom året, noko som har gitt meir stabil drift, men det er framleis variasjonar mellom einingar. Samla sett viser resultatata framgang på fleire område, men vi ser og press på ressursar knytt til elevar og familiar med samansette behov og rekrutteringsvanskar i enkelte fagmiljø.

For å halde fram utviklinga treng vi vidare satsing på laget rundt barnet, kompetanse og robuste tverrfaglege tiltak som gjer at fleire får hjelp tidleg – og så nær eigen kvardag som mogleg.

Prioriteringar vidare (2026)

- Tidleg innsats og samanheng: vidareføre Innsatstrappa og styrke laget rundt barnet – særleg i overgang barnehage–skule.
- Trygge lærings- og oppvekstmiljø
- Språkutvikling og lesing
- Rekruttering og kompetanse: målretta rekruttering på alle felt, spesiell satsing på lærlingar, helsesjuepleiarar, barnehagelærarar. Rettleiing av nyutdanna og nytilsette
- Berekraftig økonomi

Lærlingar

Per august hadde vi 5 færre lærlingar enn det som er målalet (12). Dette er ikkje ei ønska utvikling ut frå behova for fagarbeidarar i barnehage og skule. Det er vanskeleg å rekruttere. På Os vidaregåande skule var det kun 3 elevar som søkte om å gå ut i lære, resten starta på påbygg. Fusa vidaregåande skule har ikkje barne- og ungdomsarbeidarfaget lengre. Vi har starta rekrutteringsarbeidet inn mot dei vidaregåande skulane våre med tanke på neste år.

Sjuefråvær og stabilitet i drift

Sjuefråværet varierer mellom einingane, men utviklinga gjennom 2025 er positiv.

Årsmelding 2025

Totalt

I valgt periode: 8.48%


I år og i fjor - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger



- Første tertial låg sjukefråværet på 10,11%
- I august (andre tertial) fall det til 5,19%
- I tredje tertial var det 7,18%

Det er fortsatt einingar med høgt fråvær, men den samla trenden viser nedgang i fråværet.

Avvik:



■ Brann/ branntilløp ■ Fysisk arbeidsmiljø og bygg ■ Fysisk vold ■ Informasjonssikkerhet og pers.. ■ Legemiddelhandsaming ■ Psykososiale, organisatorisk.. ■ Saksbehandling
■ Samhandling og kommunikasjon ■ Smittevern/biologisk smittep.. ■ Tenester og tenesteproduksjon ■ Trusler og trakasering ■ Uhell og arbeidsulykker ■ Utstyr/materiell/teknologi ■ Ytre miljø
■ Øvrige fagspesifikke kategorier

Desse kategoriene har flest avvik i 2025:

| Kategori | Tal avvik | Avvika det er flest av i kategorien |
|---|-----------|--|
| Fysisk vald | 522 | Slag/spark (meir enn 50%), knipsing, lugging, kasting av gjenstand |
| Truslar og trakassering | 123 | Verbale truslar mot elev, mot vaksne |
| Fysisk arbeidsmiljø og bygg | 66 | Inneklima, ventilasjon, reinhald, uteområde |
| Psykososiale, organisatoriske og leiing | 38 | Bemanning barnehage (flest), bemanning skule |

31.12.25 er ca. 77% av avvika lukka, 3% er under behandling og 20% er ny melding.

I ca. 60 % av avvika var tilsett berørt, i 20% var tenestemottakar berørt og 10% var både tilsett og tenestemottakar berørt. I resten av avvika var ingen berørt og i nokre avvik er tredjepart berørt (innbyggjar, publikum, pårørande, leverandør).

Skule

Elevtal og skulestruktur

Kommunen har 17 kommunale grunnskular, i tillegg til vaksenopplæringa og kulturskulen. Det er to private grunnskular. Ein privat barneskule har avvikla drifta frå august 2025. (Holdhus Montessori skule)

Elevtalet i kommunale skular gjekk frå 3 357 elevar per 01.10.2024 til 3 295 per 01.10.2025. Ein reduksjon på 62 elevar. I private skular gjekk talet frå 91 til 70, ein reduksjon på 21 elevar.

| Elevtal | 24/25 | 25/26 | Endring |
|-------------------------------|-------|-------|---------|
| Kommunale barneskular: | | | |
| Halhjem | 104 | 92 | -12 |
| Borgafjellet | 253 | 250 | -3 |
| Kuventræ | 309 | 292 | -17 |
| Lysekloster | 161 | 150 | -11 |
| Strøno | 47 | 48 | -1 |
| Os | 206 | 211 | +5 |
| Lunde | 323 | 327 | +4 |

Årsmelding 2025

| Elevtal | 24/25 | 25/26 | Endring |
|--|-------------|-------------|------------|
| Søre Øyane | 121 | 111 | -10 |
| Nore Neset | 311 | 302 | -9 |
| Søfteland | 222 | 212 | -10 |
| Ådlandsfjorden | 40 | 45 | +5 |
| Eikelandsosen | 80 | 89 | +9 |
| Baldersheim | 20 | 16 | -4 |
| Fusa | 42 | 39 | -3 |
| Kommunale barneskular samla | 2239 | 2184 | -55 |
| | | | |
| Kommunale ungdomsskular | | | |
| Nore Neset | 492 | 469 | -23 |
| Os | 487 | 486 | -1 |
| Fusa | 139 | 156 | +17 |
| Kommunale ungdomsskular samla | 1118 | 1111 | -7 |
| | | | |
| Elevtal kommunale skular | 3357 | 3295 | -62 |
| | | | |
| Private grunnskular | | | |
| Strandvik Montessori | 43 | 40 | -3 |
| Vinnes Friskule | 30 | 30 | - |
| Hålandsdalen Montessori (nedlagt 31.07.25) | 18 | - | -18 |
| Private grunnskular samla | 91 | 70 | -21 |

Lærarnorm

Bjørnafjorden kommune følgjer lærarnorma. Lærarnorma viser kor mange elevar kvar lærar har i ordinær undervisning. Lågare tal betyr betre lærardekning. Tabellen viser utviklinga frå 2022/23 til 2025/26 både nasjonalt, regionalt og for kvar skule i Bjørnafjorden.

Årsmelding 2025

| | 2022-23 | 2023-24 | 2024-25 | 2025-26 |
|----------------------------------|---------|---------|---------|---------|
| Heile landet | 15,63 | 15,63 | 15,63 | 15,52 |
| Vestland | 15,29 | 15,27 | 15,26 | 15,18 |
| Bjørnafjorden alle skular | 16,68 | 16,01 | 15,56 | 16,06 |
| Baldersheim barneskule | 10,99 | 9,48 | 10,97 | 8,59 |
| Borgafjellet barneskule | 13,2 | 14,55 | 14,41 | 15,95 |
| Eikelandsosen barneskule | 17,61 | 13,95 | 19,26 | 14,16 |
| Fusa barneskule | 10,91 | 8,88 | 8,82 | 10,4 |
| Fusa ungdomsskule | 19,92 | 18,06 | 18,3 | 18,53 |
| Halhjem barneskule | 14,22 | 14,09 | 14,51 | 14,17 |
| Kuventræ barneskule | 17,49 | 18,06 | 16,59 | 16,87 |
| Lunde barneskule | 16,6 | 17,13 | 17,17 | 17,14 |
| Lysekloster barneskule | 15,53 | 15,89 | 14,64 | 14,03 |
| Nore Neset barneskule | 17,31 | 16,19 | 15,72 | 14,4 |
| Nore Neset ungdomsskule | 21,58 | 19,97 | 19,45 | 19,33 |
| Os barneskule | 18,21 | 13,24 | 14,38 | 15,53 |
| Os ungdomsskule | 20 | 19,81 | 15,64 | 19,25 |
| Strøno barneskule | 13,18 | 12,82 | 12,43 | 13,62 |
| Søfteland barneskule | 14,53 | 13,09 | 14,45 | 13,6 |
| Søre Øyane barneskule | 15,13 | 12,1 | 12,29 | 12,03 |
| Ådlandsfjorden barneskule | 8,89 | 10,82 | 9,51 | 10,39 |

Elevgruppa og behov

Vi har fleire elevar som blir kartlagde i grunnskuleløpet og som får store enkeltvedtak med individuell tilrettelegging (ITO). Samtidig ser vi ein tydeleg auke i tal barn med samansette utfordringar, til dømes kombinasjonar av diagnosar, traume, omsorgssvikt, psykisk uhelse og angst. Den økonomiske ramma samsvarer med elevtalet, men ikkje fullt ut med behova i elevmassen. Vi har plikt til å tilretteleggje for alle, og dette har gitt utfordringar med å halde budsjettet på skulane.

For å gi trygge overgangar frå barnehage til skule har tilsette frå fagsenteret og barnehage følgt barn over til skulen. Dette gir kontinuitet, tryggleik og styrkjer kompetansen på skulane.

Trygt og godt skulemiljø – utvikling og tilsyn

Vi ser auke i saker der elevar utøver vald og trakassering, både på småtrinnet, mellomtrinnet og i ungdomsskulen. For å skape trygge læringsmiljø treng vi fleire yrkesgrupper rundt eleven. Skulane samarbeider tett med Familiens hus og brukar KomLab-opplæring for å førebyggje og handtere krevjande situasjonar på ein trygg og omsorgsfull måte.

Det vart gjennomført tilsyn frå Arbeidstilsynet ved fire skular hausten 2025: Lunde, Søfteland, Borgafjellet og Kuventræ. Resultata kjem i 2026, og funn/tiltak vil bli følgde opp i heile kommunen.

Statsforvaltaren opna i desember tilsyn ved Nore Neset ungdomsskule knytt til opplæringslova § 12–4 (plikt til å undersøkje og setje inn tiltak). Sjølv om tilsynet gjeld éin skule, vil funn bidra til å forbetra rutinar og prosedyrar ved alle skular.

Kvalitet og likeverdige tenester

Vi har arbeidd systematisk med kvalitetsforbetring og likeverdige tenester gjennom året. Det er nettverk på tvers av skular for IKT, nyutdanna lærarar, «Ingen utanfor», begynnropplæringa, bibliotek og Rammer for lesing.

To gonger i året har vi forvaltningsmøte med fokus på satsingsområde, lovverk og rammer. I tillegg møtast skuleleiarane jamleg i fellessamlingar.

Ferieopen SFO

På Os-sida er det etablert ei fast og føreseieleg ordning for ferieopen SFO ved Lunde barneskule. Ordninga inneber at barna ikkje lenger byter skule ved ferietilbod. Dette gir betre kontinuitet for både barn, føresette og tilsette. På austsida er ferieopen SFO ved Eikelandsosen barneskule, som tidlegare.

Rekruttering og profesjonsfagleg rettleiing

Vi starta rekrutteringa tidleg våren 2025 og lukkast med å tilsetje kvalifiserte lærarar og fagarbeidarar.

Kommunen følgjer den nasjonale strategien for kompetanse- og karriereutvikling, der profesjonsfagleg rettleiing for nyutdanna er eit hovudtiltak. Målet er å gi tryggare rolleforståing og bidra til at nye tilsette blir verande i skulen.

I skuleåret 2025/26 deltek 23 nyutdanna lærarar i rettleiingsnettverk. Det blir gjennomført åtte nettverkssamlingar og ei eiga fagsamling for rettleiarane. Arbeidet følgjer eit årshjul.

Skuleåret 2025-2026 har vi 11 lærarar som tek vidareutdanning, 3 leiarar som tek den nasjonale rektorutdanninga v/NHH og 1 fagarbeidar som tek PPY.

Personvern og IKT i skulen

For å skjerme elevane mot skadeleg innhald er Chromebooks for 1.–7. trinn stengde for fri tilgang til internett. Det er berre opna for godkjende læringsressursar og nødvendige nettsider til undervisning.

Google sitt filter og Kripos-filter er aktivert for alle brukarar. Når elevane er på skulen kan lærar, ved behov, midlertidig opne for internett. Vi arbeider vidare med ei løysing for ungdomstrinnet.

Familiens hus

Familiens hus har gjennomført sitt fjerde driftsår. Vi kan sjå effekt av samorganiseringa av tenestetilbodet til barn, unge og familiar. Rekruttering til stillingar er betre på alle område, det er ei auke i saker der foreldre eller ungdom sjølv tar kontakt og ønsker hjelp og BUP rapporterer om betre samarbeid med kommunen og ein nedgang i tilvisingar til dei som spesialisthelseteneste. Barnevernet har redusert tal barn som får hjelpetiltak i deira teneste, og dette kan sjåast i samanheng med ein auke i saker på lågterskel. Vi klarer å etablere fleire gruppetilbod på skule og fritid, både til foreldre, tilsette og ungdommar. Det er ei auke i saker knytt til psykisk helse og ungdom, men det har ikkje vore venteliste i år.

Barnevernstenesta

Drift, bemanning og kompetanse

Barnevernstenesta hadde høgt sjukefråvær første halvåret 2025, men hausten viste ein tydeleg nedgang. Sjukefråværet vart lågare enn på fleire år. Trass noko vakanse har tenesta halde forsvarleg drift, særleg på grunn av mindre fråvær, meir stabil bemanning, auka kompetanse og færre heimebaserte tiltak samanlikna med 2024.

Kravet om mastergrad fall bort i 2025, men tenesta har framleis sterkt fokus på kompetanse. Tilsette tek vidareutdanning innan leiing, juss, minoritetskompetanse og familierapi.

Mentorordninga frå 2024 er vidareutvikla og fungerer godt. Alle nyttilsette får tett oppfølging og rettleiing, og ordninga får gode tilbakemeldingar.

Tenesta deltok i frivillig tilsyn frå Statsforvaltaren i 2025, med særleg fokus på undersøkingar. Arbeidet held fram i 2026.

Meldingar, undersøkingar og tiltak

Året har vore prega av fleire alvorlege saker knytt til vald, overgrep, utfordrande ungdomsåtferd og høgt konfliktnivå mellom foreldre. Vi ser ei auke i ungdom med alvorlege psykiske vanskar, som krev meir omfattande tiltak og tett samarbeid på tvers av tenester. Likevel har talet på institusjonsplasseringar vore relativt stabilt. Fleire ungdommar har fått MST-tiltak (MST=Multisystemisk terapi).

Bekymringsmeldingane om dei yngste barna har auka, og tenesta har hatt behov for hjelp frå Bufetat sitt foreldre- og barn-senter.

Talet på heimebaserte tiltak gjekk ned i 2025, noko som truleg heng saman med lågterskeltilbodet i Familiens hus. Her kan familiar få hjelp tidleg, også utan kontakt med barnevernet.

Meldingane som kjem inn, er blitt meir komplekse. Familiar treng ofte omfattande tiltak over lengre tid, og dette krev samordna innsats frå fleire tenester. For å unngå langvarige og uavklarte omsorgssituasjonar trengs tiltak som er tilgjengelege også kveldar og helger.

I 2025 fekk vi 440 meldingar og starta 128 undersøkingar. Det var to fristbrot og tre utvida undersøkingar, alle godkjende av Statsforvaltaren. Vi gjennomførte færre undersøkingar totalt, då fleire meldingar vart lagt bort. Dette vurderer vi som ein effekt av lågterskeltilbodet, som gjer at barnevernet kan prioritere dei mest alvorlege sakene.

Tenesta nyttar framleis private aktørar der vi ikkje har eigna nok tiltak, særleg for familiar med mange og samansette utfordringar.

Talet på barn i fosterheim og institusjon var stabilt frå 2024 til 2025. Gjennom året låg vi på 5–8 barn i institusjon og om lag 30 i fosterheimar. I desember budde 5 barn i institusjon og 29 i fosterheim.

Rekruttering av fosterheimar, akuttheimar og avlastingsheimar blir stadig vanskelegare. Det fører til at fleire barn må flytte ut av kommunen, noko som gir tap av nettverk og tilhøyrse, samt auka kostnader.

Bufetat vest oppretta fleire akutt plassar i 2025 for å sikre tilbod nær heim. Nye institusjonar i Vestland er no opna for akutt plasseringar.

Vi har òg fleire ungdommar i ettervern. Nokre krev svært kostbare tiltak frå andre kommunar for å få rett hjelp. Mange treng omfattande psykisk helsehjelp og tett oppfølging i overgangen til vaksenlivet.

Førebyggjande helseteneste

Drift, bemanning og kompetanse

Førebyggjande helseteneste er eit sentralt tilbod for gravide, barn, unge og foreldre i Bjørnafjorden. Tenesta møter alle barn og unge gjennom faste konsultasjonar frå svangerskap til ungdomstid. I 2025 har eininga arbeidd målretta for å drifte i tråd med lovkrav, rammer og tilgjengelege ressursar. Samarbeidet med dei andre einingane i Familiens hus er styrkt, særleg knytt til tidleg innsats og «laget rundt barnet»


Eininga har tidlegare hatt store rekrutteringsutfordringar, slik trenden også er nasjonalt. I år har situasjonen betra seg, og eininga har tilsett fleire helsesjukepleiarar og ei jordmor. Likevel er drifta sårbar og avhengig av stabil bemanning. Dei nyttilsette er ofte yngre og treng meir rettleiing.

Sidan 2013 har tenesta fått tilskot frå Helsedirektoratet for å styrkje helsestasjon, skulehelsetenesta, helsestasjon for ungdom og Trygg start. I år fekk kommunen 2,55 millionar kroner. Ordninga skal frå 2026 inngå i ei ny, tverrsektoriell støtteordning, men konsekvensane er enno uvisse.

Utvikling i brukarbehov og tenester

I 2025 vart det fødd 321 barn i Bjørnafjorden - ein markant auke samanlikna med tidlegare år. Høgare fødselstal har gitt press på Kvinneklinikken, som no sender fleire barselkvinner heim alt første døgn. Dette gir eit større behov for tidleg oppfølging, fleire konsultasjonar og utfordringar som tidleg vektta hos nyfødde og foreldre som kjenner seg utrygge ved tidleg heimreise.

Fødselstal i Bjørnafjorden (2020–2025)



Skulehelsetenesta har hatt stor pågang frå foreldre som ønskjer hjelp og rettleiing, noko som viser at tenesta opplevast som tilgjengeleg. Det tverrfaglege samarbeidet med Familiens hus blir stadig betre.

Helsestasjon for ungdom er open to dagar i veka og er ein viktig lågterskelarena for ungdom.

Flyktinghelsetenesta har følgd opp alle nyankomne i tråd med anbefalt program. I 2025 vart tenesta redusert med 1,4 årsverk på grunn av færre busette flyktningar. Det er oppretta ei eiga «seniorgruppe» for flyktningar over 55 år som ikkje får tilbud gjennom introduksjonsprogrammet.

Avvik, kapasitet og utfordringar

Periodar med fråvær og vakanse har gjort at helsestasjonen ikkje har klart å tilby alle anbefalte konsultasjonar mellom hausten 2024 og august 2025. Gruppekonsultasjon for barn 18–20 månader har vore ute ein periode. Familiar med behov fekk individuell oppfølging. Tilbodet er tilbake frå hausten 2025. Heimebesøk etter fødsel er gjennomført for 206 av 321 familiar, noko lågare enn tidlegare. Familiar utan heimebesøk fekk oppfølging på helsestasjon.

I skulehelsetenesta har ressursmangel ført til at to av fem klassar på Nore Neset ungdomsskule ikkje fekk helsesamtale på 8. trinn. Det har vore redusert kapasitet på fleire barneskular og to av ungdomsskulane våren 2025. Redusert kapasitet har òg påverka tilbodet ved nokre vidaregåande skular.

Helsestasjon for ungdom har hatt lite legekapasitet hausten 2025. Tilsette har likevel vore fleksible, og dei fleste lovpålagde oppgåvene er gjennomførte.

Jordmortenesta og Trygg start

Auka tidleg heimreise frå Kvinneklinikken har gitt større behov for tett oppfølging frå jordmortenesta. Dette inkluderer auka konsultasjonar og meir oppfølging ved nærjordmorsenteret.

Helsesjukepleier i Trygg start har gitt oppfølging til 48 ulike familiar i 2025. 31 av desse familiane er rekruttert inn i 2025, 17 av familiane er overførte frå 2023 og 2024. Jordmortenesta har følgt opp 62 gravide i Trygg start i 2025.

Det har i periodar vore svært mange som har fått oppfølging i Trygg start, og alle gravide og familiar som har ønska oppfølging har fått tilbod om det.

Tverrfagleg samarbeid og utviklingsarbeid

Førebyggjande helseteneste samarbeider tett med Familiens hus og andre einingar, både i enkeltsaker og i utviklingsarbeid. Arbeidet med tidleg innsats, tverrfagleg oppfølging og felles rutinar er styrkt i 2025

Skulehelsetenesta og familieteamet har utarbeidd rutinar for «Barn som pårørande».

Eining for barn, unge og familiar

Drift, samarbeid og utvikling

2025 har vore eit år med høg aktivitet, styrkt tverrfagleg samarbeid og solid fagleg utvikling i tenestene. Eininga har arbeidd målretta med tidleg innsats, låg terskel for kontakt og god samhandling på tvers av avdelingane i Familiens hus. Trass periodar med redusert kapasitet har tenestene halde høg kvalitet og vore utan ventelister.

Utekontakten

Utekontakten arbeider oppsøkande mot ungdom mellom 13 og 25 år, særleg ungdomsskuleelevar som strevar i kvardagen og oppheld seg mykje ute på ettermiddag og kveld. Dei treng trygge vaksne som ser dei, gir støtte og skaper struktur.

Statistikken viser ei tydeleg auke i aktivitet; både treff ute i felt og individuelle oppfølgingstreff. Sjå omtale i Resultat-kapittelet. Dette viser at Utekontakten er i god posisjon hos ungdom med sårbarheit, mistriksel eller samansette utfordringar.

I 2025 fekk Utekontakten øyremerkte midlar frå Statsforvaltaren, noko som har bidrege til fleire aktivitetar og høgare deltaking. Rolla som lågterskeltilbod og relasjonsbyggjar er sentral for å sikre at ungdom held kontakt med ulike hjelpetiltak. Utviklinga er i tråd med innsatstrappa og gir eit godt grunnlag for vidare arbeid.

Ungdomsteamet

Ungdomsteamet gir lågterskel oppfølging til ungdom mellom 13 og 23 år og arbeider miljøterapeutisk på alle tre ungdomsskulane. Teamet følger opp ungdom med lette til moderate utfordringar knytt til psykisk helse, rus eller åtferd.

Teamet driftar Ung Arena og Open Hall, og samarbeider tett med NAV som i 2025 tilførte ein jobbspesialist (IPS). Denne satsinga skal gi ungdom betre overgang mellom skule, arbeid og fritid. Sjølv med noko redusert kapasitet i siste tertial har teamet halde god drift utan ventelister.

- 36 ungdommar har hatt individuell oppfølging
- Ung Arena hadde om lag 65 deltakarar onsdagar (ungdomsskule) og 15 deltakarar måndagar (vidaregåande). Tilbodet er utvida, slik at 10. trinn også kan møte måndagar
- Open Hall samla 30–40 deltakarar annakvar onsdag

Ungdomsteamet deltok i RUSH-prosjektet på ungdomsskulane og underviste alle 9. trinn i psykisk helse og vald i nære relasjonar.

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

PPT har lagt stor vekt på tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og tiltak som skal bidra til at fleire barn får godt læringsutbyte gjennom ordinær opplæring.

Viktige utviklingstrekk:

- Lågterskel logopedarbeid med tidleg uttalletrening. Tiltaket skal gi barn betre føresetnader for lesing og skriving ved skulestart. I 2025 arbeidde logopedane med 157 individsaker i tillegg til rettleiing, kompetanseheving og utvikling av treningsmateriell.
- Alle barnehagar har tatt i bruk InPrint. Dette legg godt til rette for visuell støtte og bruk av ASK i det allmennpedagogiske arbeidet.
- Alle barnehagar og skular har fast kontaktperson frå PPT, og PP-rådgjevarane deltek i fellessatsingar som ASK i barnehage og Rammer for lesing i skule.
- PPT er òg med i fleire arbeidsgrupper i Innsatstrappa.
- For å sikre betre dokumentasjonen har PPT innført journalføring av arbeid i bekymringsfasen dette året. Det kom inn 340 slike saker gjennom året.
- Tenesta utarbeidde 187 sakkunnige vurderingar, nesten alle innan frist (sjå målekort).

Bemanninga er sårbar, og tenesta har måtta prioritere og omdisponere ved fråvær for å sikre eit likeverdig tilbod.

Flyktingtenesta

Kommunen vedtok å busette 50 flyktingar i 2025, men måлтаlet vart justert til 45 etter at nasjonale prognosar endra seg. Bjørnafjorden busette 31 flyktingar, og totalt er 433 flyktingar tekne imot sidan starten av Ukraina-krigen. Den pressa bustadmarknaden er hovudårsaka til at måлтаlet ikkje vart nådd.

Tenesta har tilpassa seg redusert busettingstal og redusert bemanning gjennom naturleg avgang. Tenestea har per no 8,3 faste årsverk samt ein tolk i 100 % vikariat.

Årsmelding 2025

Integreringsarbeidet er styrkt gjennom nytt regelverk som gir alle deltakarar opplæring fem dagar i veka gjennom undervisning i Flyktingtenesta, vaksenopplæringa og helsetenester samt praksis. Tilbodet har fokus på foreldrerettleiing, livsmeistring, arbeidstrening og språkopplæring.

Det er tett samarbeid med fleire einingar og i 2025 vart det starta opp samarbeid med Os symjeklubb, med eigne symjegrupper for kvinner og menn. Tilbodet skal utvidast til barn og ungdom i 2026. Dette er nærare omtala under resultat.

Det er ingen lovbrøt eller ventelister i tenesta.

Familieteamet

Per 31.12.25 hadde Familieteamet ingen ventelister til lågterskel familierettleiing, familierettleiing etter barnevernsvedtak, lågterskel psykisk helse barn/unge eller rask psykisk helsehjelp til ungdom.

Teamet har brei fagkompetanse og lang erfaring. Tal på innmeldingar er omtalt i resultatkapittelet. I 2025 vart det arbeidd aktivt med implementering av Familieråd som ei lågterskel ordning her deltok 3 familiar i kartleggingssamtale: Ein familie vart losa vidare til andre tenester og to ønskte ikkje å gå vidare.

Familieteamet har gitt fleire gruppetilbod gjennom året som er nærare omtala under Resultatkapittelet.

Barnehage:

Kommunen har ved utgangen av året éin open barnehage, 14 private barnehagar og 7 kommunale barnehagar. Ein liten privat barnehage, Vinnes barnehage, avvikla drifta dette året. Borna som gjekk der, var ein del av Samordna opptak i 2025.

Barnetal

Tabellen nedanfor viser tal plassar i bruk i kommunale og private barnehagar per 1 august 2025:

| | Barn under 3 år | Barn over 3 år | Barn i barnehagen | Plassar i bruk |
|-----------------------------|-----------------|----------------|-------------------|----------------|
| Kommunale barnehagar | 116 | 219 | 335 | 451 |
| Private barnehagar | 415 | 647 | 1062 | 1477 |
| Totalt | 531 | 866 | 1397 | 1928 |

Totalt gjekk 1 397 barn i barnehage per 01.08.2025 og det var 1 928 plassar i bruk.

Årsmelding 2025

Barn under tre år tel som to plassar, og det er talet på plassar – ikkje barn – som avgjer kapasiteten.

Frå august 2024 til august 2025 var det ein betydelig auke på 81 barnehageplassar.

I dei kommunale barnehagane hadde:

- Jettegryto og Trollskogen auke i både barnetal og årsverk.
- Ådlandsfjorden og Strandvik nedgang i barnetal og årsverk.

Tabellane over fødselstal og tilflytting viser at 2025 har det høgaste fødselstalet sidan Bjørnafjorden kommune vart etablert, og at det kjem mange småbarnsfamiliar flyttande til kommunen.

Bjørnafjorden helsestasjon:

| Årstal | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | Totalt |
|----------------------|------|------|------|------|------|------|-------------|
| Fødselstal | 250 | 283 | 252 | 295 | 270 | 321 | 1671 |
| Busett per 04.02.26* | 287 | 317 | 282 | 307 | 287 | 321 | 1801 |

Osøyro helsestasjon:

| Årstal | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | Totalt |
|----------------------|------|------|------|------|------|------|-------------|
| Busett per 04.02.26* | 243 | 290 | 251 | 272 | 264 | 286 | 1606 |

Eikelandssosen helsestasjon:

| Årstal | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | Totalt |
|----------------------|------|------|------|------|------|------|------------|
| Busett per 04.02.26* | 44 | 27 | 31 | 35 | 23 | 35 | 195 |

* Det blei ikkje henta ut statistikk per 31.12.25 difor er tala frå 04.02.26

Spesialpedagogisk hjelp §31 og Vedtak §37

Som det er peikt på gjennom året har det vore utfordringar med å halde budsjettramma knytt til styrkingsressursar i barnehage. Dette gjeld både midlar til §31 spesialpedagogisk hjelp og §37 tilretteleggingsmidlar for at barnet skal kunne nyttiggjere seg av barnehage tilbudet.

Årsmelding 2025

Som det går fram av tabellen under er både vedtak og årstimar gått ned frå vår til haust 2025. Det kan tyde på at det systematiske arbeidet i barnehagane og Fagsenteret ser ut til å ha effekt. Men det er for få målepunkt til at vi kan slå fast at dette er ei trend/utvikling over tid.

| | Vår 25 - vedtak | Haut 25 - vedtak | Vår- 25 timar | Haut 25 - timar |
|-------------------------------|-----------------|------------------|-----------------|-----------------|
| Spesialpedagogisk hjelp (§31) | 61 | 53 | 14 975 årstimar | 11 459 årstimar |
| Tilrettelegging (§37) | 36 | 33 | 921 veketimar | 715 veketimar |

Våren 2025 måtte kommunen inngå avtalar med private barnehagar for å få gjennomført spesialpedagogisk hjelp. Auken frå 46 til 61 vedtak skapte kapasitetsproblem ved Pedagogisk fagsenter.

I forkant av vedtak etter §37 skal barnehagen:

- ha gjennomført observasjonar
- ha starta arbeid etter BTI-modellen (Betre Tverrfagleg Innsats).

Foreldreundersøkinga

Foreldreundersøkinga er omtala under utvalde resultat. Resultata i undersøkinga blir brukt i kvalitetsarbeidet, og barnehagesjefen følgjer opp kvar kommunale barnehage. Resultata er òg ein del av grunnlaget for tilsyn av Barnehagemynde.

Opptak i barnehage

Overflyttingsopptak (15. januar – 15. februar): Dette gjeld barn som allereie har barnehageplass, men ønskjer å bytte barnehage. 27 barn fekk ny plass frå 01.08.2025.

Samordna opptak: (1. mars- 9 april: Det kom 251 søknader. Då stod 115 barn på venteliste, men desse hadde anten plass eller ønskte oppstart seinare (frå desember 2025). 92 barn starta ved årsskiftet 2025/2026.

Meiropptak i desember: Barnehagane gjennomførte sjølv meiroptak. 91 barn fekk plass.

Redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid

Frå august 2025 vart foreldrebetalinga redusert til 1 200 kr per måned for ein 100 % plass.

Inntektsgrenser:

- Redusert foreldrebetaling: under 220 000 kr i samla inntekt
- Gratis kjernetid: under 669 050 kr i samla inntekt

Tabellen viser utbetaling per desember 2024 og per desember 2025:

| Årstal | 2024 | 2025 |
|--|-----------|---------|
| Refusjon redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid | 1 353 941 | 584 690 |

Midlar til toppa bemanning

Revidert nasjonalbudsjett gav 200 millionar kroner på landsbasis til toppa bemanning. Bjørnafjorden fekk 1 074 296 kr. Målet var å bidra til å styrke grunnbemanninga eller avlaste grunnbemanninga i barnehagen.

Kommunen valde å bruke midlane til å:

- styrke arbeidet med ASK (Alternativ og Supplerande Kommunikasjon)
- frikjøpe ein ASK-ressurs i kvar barnehage

Kompetansebygging og utviklingsarbeid

ASK-satsing

Våren 2025 starta kommunen samarbeid med Statped for å gi alle tilsette ASK-opplæring. Målet er at barnehagane betre kan ivareta spesialpedagogiske behov i det ordinære tilbodet. Forsking viser at dette har best effekt for barna i det lange løp.

Saman mot mobbing

Forskningsprosjektet er avslutta, og kommunen ventar på dei endelege forskingsresultata. Foreløpige funn viser god effekt.

Bjørnafjorden kommune kjem til å ha tett samarbeid med Norce og RKBU vidare. Tiltaket er gått over i driftsfase og hausten 2025 gjennomførte vi nyttilsett opplæring for 43 tilsette. Det er utarbeida årshjul på overordna nivå og den enkelte barnehage har sitt årshjul.

Regional kompetanse (ReKomp)

Tre barnehagar vart tatt opp i ordninga. Dette gjeld Trollskogen barnehage, Espira Kuventræ og Jettegryto barnehage. Ordninga skal styrke barnehagebasert kompetanse i samarbeid med høgskule/universitet.

Felles møtepunkt i barnehageområdet

Det er gjennomført 4 forvaltningsmøte i 2025, med fokus på:

- spesialpedagogisk hjelp
- Saman mot mobbing
- støttesystem frå Familiens hus

Det er gjennomført ein pedagogsamling (tema: "når ein er uroa for eit barn")

Nærmare om dei kommunale barnehagar

Dei kommunale barnehagane innfrir bemanningsnorm og pedagognorm med dispensasjon. Det er særers vanskeleg å rekruttera kvalifisert personalet til barnehagane, og spesielt i utkantbarnehagane. Desse barnehagane er små og lite robuste i forhold til bemanning og fråvær. Barnehagane gir tilbakemelding om at har det vore krevjande å få tak i tilkallingsvikarar dette året. Dette har til tider ført til stor slitasje på tilsette og leiarar.

Alle barnehagane har arbeidsmiljøgrupper. Nokre barnehagar får dette godt til og har eit godt systematisk arbeid, men andre slit med å få gjennomført møta. Det heng ofte saman med storleik på barnehagen. Helse, miljø og tryggleik er alltid eit punkt på alle personalmøte.

Avvik: Dei aller fleste avvika er knytt opp mot det organisatoriske og mangel på vikarar.

Fagleg fokus i 2025: Dei kommunale barnehagane har jobba systematisk med trygt og godt barnehagemiljø gjennom året. Det har også vore fokus på: vasstilvenning i sjø, berekraft, barn sin medverknad og språkmiljø (ASK). Barnehagane har månadsplanar og pedagogiske årshjul som viser ulike tema/ fokus som dei jobbar med. Det pedagogisk årshjulet sikrar også jamleg evaluering av ulike arbeidsområde og metodikk.

Tilsyn:

Tilsyn frå Statsforvaltaren: Det vart opna tilsyn med Bjørnafjorden 09.12.24. Tema for tilsynet var om kommunen gjennom internkontroll sikra retten til spesialpedagogisk hjelp blir oppfylt. Det er kommunen ved Barnehagemynde som har ansvar for at barn med rett til spesialpedagogisk hjelp får den hjelpa dei har krav på. I Tilsynet fekk kommunen to avvik. Avvika er retta og tilsynet er lukka med ingen lovbrøt.

Barnehagemynde har gjennomført skriftleg tilsyn: Alle barnehagane gjennomførte skriftleg tilsyn i juni. Fokuset i tilsynet var praksisen knytt til barnehagelova kap. 8, Psykososialt barnehagemiljø

Barnehagemynde har gjennomført stadleg tilsyn: Det er gjennomført 3 stadlege tilsyn i 2025 og det vart ikkje avdekka lovbrøt.

Omstilling

Det er kontinuerleg merksemd på å utvikle organisasjonen for å sikre treffsikre tenester til barn, unge og familiar innafor dei økonomiske rammene vi har. Vi har samarbeidd med forskingsmiljø og søkt, og fått, ekstern finansiering til fleire utviklingsarbeid. Dette er omtala under kapittel Viktige hendingar for tenesteproduksjonen og under Resultat.

Omstillingsarbeidet dette året har spesielt vore knytt til:

- Ferdigstille Omstilling 25
- Prosjekt i Innsatstrappa

Oppvekst har realisert dei fleste tiltak i Omstilling 25. Det meste av arbeidet var slutført i 2024. Dei to tiltaka som kunne fått størst kronemessig utteljing knytt til barnehage og skule er ikkje realiserte som følge av endra/auka behov i barnegruppa/elevgruppa. Etter at desse tiltaka er trekte ut er resultatoppnåinga nærare 92%. Utan uttrekk av desse tiltaka ville resultatoppnåinga ha lege på 69%.

For å følgje opp endra/auka behov i barnegruppa/elevgruppa er det gjort eit betydeleg utviklingsarbeidet på system- og individnivå i barnehage og skule knytt til barn og elevar med store hjelpebehov.

Oppvekst er godt i gang med omstillingstiltak knytt til Innsatstrappa. Dette er omtala samla på kommunenivå.

Utvalde resultat

Utvalde resultat - Oppvekst samla:

- Sektorplanen for oppvekst 2025 -2036 er vedteken og gir føringar for tiltak og prioriteringar framover.
- Kvalitetsmeldinga for skule og barnehage var til politisk behandling i september og gir eit bilete av utfordringar, drift og resultat.
- Årleg tilstandsrapport for barnevern er behandla og gir politkarane god innsikt i drifta.
- BTI er i driftsfase, e-læringskurs er utvikla/ tatt i bruk og tiltaksoversikta i BTI er i aktiv bruk.
- Ungdata-oppfølging med to stormøte-FAU og informasjonsfilm med hovudfunn er lansert.
 - Det var ulike innlegg, refleksjonar og samtalar om korleis ein saman kan bidra til eit trygt og godt oppvekstmiljø.
 - UngData filmen med hovudfunna frå undersøkinga blei lansert i februar og har vore brukt i mange ulike samanhengar i løpet av året, mellom anna på foreldremøte.

Årsmelding 2025

- Gjennomført 2 temamøter: «Med bygda i ryggen - saman for ungdom med fokus på trygge og tydelege vaksne i møte med ungdom».
- Oppvekstbarometeret 2025 (frå Folkehelseinstituttet) brukt i styring og prioriteringar på tvers.
- KomLab-opplæring breitt i tenestene for å førebygge og handtere vald/trakassering. KomLab er eit opplæringsprogram for å gi kommunalt tilsette kunnskap og verktøy for å førebygge og møte aggresjon og vald på ein trygg, profesjonell og omsorgsfull måte. Vi har tru på at dette tiltaket vil bidra til færre avvik og mindre belastning på dei tilsette.
- SLT (Samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggande tiltak) har gjennomført 5 møte på utførande nivå, 3 møte på koordinerande nivå og 2 møte i politirådet. I "SLT-utførande"-møta har vi hatt ulike innlegg frå mellom anna Natteravnene, Utekontakten i Bjørnafjorden, Planeininga, ruskonsulent, kyrkja, kriminalomsorga og IPS jobbspesialist frå NAV.
- Rettleiaren som omhandlar radikalisering og valdeleg ekstremisme samt utdanning av 3 mentorar er no ferdig, og vi arbeider med å opprette eit tverretatleg operativt team (TOT) som kan hjelpe om ein står i desse utfordringane, samt æresrelatert vald og negativ sosial kontroll.

Utvalde resultat - skule:

For innsikt i resultat på skuleområdet sjå Kvalitetsmeldinga for skule og barnehage 2025 som vart behandla i Kommunestyret i september.

Nokre konkrete punkt blir løfta fram her:

- Det blir gjennomført nettverk på tvers av skular på fleire område. Vi har fokus på likeverdige tenester og likt tilbod. Det er likevel rom for differansar på gjennomføringa på skulane i tråd med mandat og handlingsrom.
 - Nettverk som er gjennomførte dette året: IKT, nyutdanna lærarar, Ingen utanfor (IU), begynnaropplæringa, bibliotek, rammer for lesing m.m.
 - Det har vore fellessamlingar for skuleleiarane der vi held satsingsområda (lesing og skulemiljø) høgt på agenden. To gonger per år har vi forvaltningsmøte der vi har fokus på satsingsområda og lovverk.
- Det er over tid arbeidd med å få på plass forsvarleg system på området. Internkontroll og rutinar er i mykje større grad på plass og det vil bli digitalisert og tilgjengeleg for tilsette. Vi har forsvarleg system på individnivå, gruppenivå og overordna. Døme på dette er blant anna på kap.12, oppfølging av fråværsaker og årshjul.

Årsmelding 2025

- Trafikksikker plan og hjartesone: Gjennom skuleåret er det arbeidd aktivt med å starte opp med hjartesone på fleire skular. I tillegg til dette er det arbeidd på kvar skule med trafikksikker plan.
- Alle skulane mottek bøker frå Kulturfond. I tillegg har vi nokre skular som er med på utvida tilbud frå kulturfondet. Dette bidreg til ny litteratur og ei oppgradering av tilbudet vårt. Vi held på med søknad til Udir om satsing på skulebibliotek.
- Skulehage: Fusa ungdomsskule og Nore Neset ungdomsskule vart inviterte inn i prosjektet "skulehage som rekrutteringsarena til landbruksfagene". Prosjektet er eigd av Bybonden i Bergen og finansiert av nasjonale tilretteleggingsmidlar i landbruket. Samarbeidet gir lærarane kompetanseheving og fagleg praktisk støtte i perioden. I 2025 har det blitt arbeidd med skulehage og dyrking av ulike vekstar.
- Bekymringsfullt skulefråvær på 1.-4.trinn skal reduserast med minimum 5% årleg.

Skuleåret 2024-2025 og 2025-2026 har vi pilotskular som jobbar spesifikt for å betre sin oppdagarkompetanse i forhold til faktorar som påverkar skulefråvær/skulenærvær. Det blir arbeidd systematisk med oppfølging av fråvær i alle skular.

Førebyggjng av skulefråvær er del av Innsatstrappa. Ut frå målepunkt dette året er det betydeleg nedgang. Fleire faktorar spelar inn. Nokre elevar har gått over til 5.trinn, ein annan faktor kan vere tidspunkt for registrering. For å få meir nøyaktige tal, er det naturleg å måle dette igjen i mai 2026 for å sjå etter endring.

| Dato: | Elevar 1. - 4. trinn |
|----------|----------------------|
| 31.05.25 | 78 |
| 31.12.25 | 48 |

- Bjørnafjorden kommune har som mål å ha grunnskulepeng likt eller betre enn nasjonalt snitt. Dette vart ikkje oppnådd i 2025 der grunnskulepeng var 40,7 for vår kommune. Landet hadde 42,2 og Vestland 42,4. Resultata er overraskande og vil bli nærare omtala i Kvalitetsmeldinga som kjem til behandling før sommaren.
- Redusera tal barn på nivå 1 på lesing 5.trinn. Vi ser ei forbetring etter gjennomføring av Nasjonale prøvar. Lesing er satsingsområdet og vi jobbar systematisk med opplæringa. Dette er omtala nærmare i Kvalitetsmeldinga.

Årsmelding 2025

- Saker meldt til Statsforvaltaren knytt til psykososialt miljø, jmf. §12-4 i Opplæringslova: 7 saker. Av desse sakene er 2 under behandling. Dette er saker som vart starta i slutten av året og skulen har sendt inn dokumentasjon og venter på tilbakemelding. Dette er nærare omtala i Kvalitetsmeldinga.
- Redusera tal mobbesaker på 7.trinn (§12-4) Mål: likt eller betre enn nasjonalt: Elevundersøkinga viser at vi ligg på nasjonalt snitt. Sjå meir informasjon i kvalitetsmeldinga.
- Bruk av BTI i skulane: Det er eit mål å ha auke i tal saker der BTI blir nytta.

| Dato | Tal BTI-saker* |
|------------|----------------|
| Sept. 2025 | 101 |
| Des. 2025 | 167 |

*Dette kan vera både aktivt og avslutta saker.


- Sjukefråværet har gått jamt og trutt nedover på skuleområdet. Det er svært positivt, sjølv om vi ser variasjonar på dei ulike arbeidsplassane. Skulane har AMG og arbeider konkret og godt med korleis dei vil betre nærværet.
- På skuleområdet blei rekrutteringsprosessane sette i gong tidleg på våren og vi ukkast med å tilsetje kvalifiserte lærarar og fagarbeidarar i stillingane.
- Det vart gjennomført tiltak for å snu negativt ungdomsmiljø ved ein konkret skule. Det har vore tett samarbeid mellom skule og Familiens hus. Tiltaket kravde økonomiske midlar utover budsjett, men vi har sett god effekt i elevgruppa og i skulemiljøet.

Utvalde resultat - Familiens hus:


- Eksternt samarbeid: Det er etablert fast samarbeidstid med BUP (Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk i Helse Bergen). Dette er gode møte for tverrfagleg samarbeid mellom kommunen og BUP.

Årsmelding 2025

- Det er meldt inn totalt 24 saker i Tverrfagleg drøftingsteam.
 - 17 av disse har vore drøfta i Tverrfagleg drøftingsteam.
 - 7 saker er ikkje tatt opp. Årsaka er at saka har blitt drøfta i andre/mindre samarbeidsfora, foreldra trakk samtykke/ønska ikkje at saka blei tatt opp
- Trygg Start : 48 familiar er følgt opp:
 - 31 familiare er rekrutterte inn i år.
 - 17 av familiare er overførte frå 2023 og 2024.
 - Jordmortenesta har følgt opp 62 gravide i Trygg start.
- Fødselsførebuande kurs er eit populært tilbod til førstegongsfødande med partner busett i kommunen, og vi har hatt stor pågang:
 - Det er avvikla 7 fødselsførebuande kurs og totalt har 99 gravide delteke på desse kursa. Dei hatt med seg partner på deler av kurset.
- Skulehelsetenesta har gjennomført:
 - gruppetilbod med ulike tema på 5. trinn (i tillegg til pubertetsundervisning)
 - undervisning om vald og overgrep på 2. trinn ved alle skular. Her har vi i fleire tilfelle avdekkja vald som direkte konsekvens av undervisninga.
 - undervisning for vg1-elevar om seksuell helse.
- Det er utarbeidd rutinar og informasjonsmateriell for arbeidet med "Barn som pårørande". Informasjonen er vidareformidla til aktuelle tenester i og utanfor kommunen.
- Utekontakten registrerer feltøkter og tid som blir brukt i ungdomsmiljøa. Det er ei betydeleg auke frå i fjor. Det høge talet indikerer at tenesta lukkast med å nå ut til en stor del av ungdommane og bidreg til å styrkje det universelle førebyggingsarbeidet.



- Familieteamet hadde pr. 31.12.25 ingen på venteliste til lågterskel familierettleiing, familierettleiing etter vedtak frå barneverntenesta, lågterskel psykisk helse barn og unge eller rask psykisk helsehjelp til ungdom.
- Innmeldingar Familieteamet/Ungdomsteamet



217 innmeldingar har fått tilbod om foredrerettleiing og/eller behandling i høve barnet/ungdommen si psykiske helse og/eller oppfølging av ungdomsteamet, derav 39 saker frå barneverntenesta og 178 lågterskelsaker. Resten av sakene er viste til andre tenester eller fell utanfor kommunen sitt ansvar for bistand.

- Alder på barn innmelde til Familieteam og Ungdomsteam er:

| Alder | Tal saker | Endring frå 2024 til 2025 |
|----------|-----------|---------------------------|
| 0-5 år | 51 | +21 |
| 6-12 år | 88 | +12 |
| 13-20 år | 142 | +38 |

- Tilbod på gruppenivå:
 - 2-dagarskurs i Emosjonsfokusert ferdighetstrening for foreldre: 3 kurs
 - 3-timars kurs for tilsette i Familiens hus som jobbar med ungdom: 1 kurs
 - 3-timars EFST-kurs for tilsette i skular: 3 kurs for til saman 7 skular
 - 45 min – 1,5 timar EFST-oppfølgingsøktar for tilsette i skule: 7 øktar for til saman 4 skular
 - 3-timars EFST-kurs for tilsette i barnehagar: 2 kurs for til saman 3 barnehagar
 - Gjennomført 2 «Vær med meg»-kurs (Foreldrekurs for Ukrainske flyktningar)

Årsmelding 2025

- Gjennomført 1 kurs/temakveld for foreldre og personale i ein barnehage - tilpassa tema var innmeldt behov frå barnehagen
- Gjennomført 1 kurs «Foreldre møter foreldre»

- Tverrfagleg samarbeid mellom flyktingtenesta og andre tenester:
 - Nytt samarbeid med Os symjeklubb der ein har starta opp med symjegrupper for både kvinner og menn.
 - Tverrfagleg samarbeid med brann og redning (grunnleggjande brannsløkking og opplæring i førstehjelp)
 - Fotballtrening med gatelaget
 - Språktreff i samarbeid med frivilligsentralen og biblioteket
 - Treff for eldre i samarbeid med helse og flyktingtenesta
 - Bustadkurs for ny-busette
 - Leksehjelp.

- Tal undersøkingar i barnevernet som startar med å samle laget rundt barnet: Vi har ikkje nådd måltalet (20). Vi har samla laget i ca. 6 saker. Vi har ikkje hatt god nok registrering. Frå 2026 har vi lagt inn registreringsknapp i systemet. Det er og ei utfordring at samarbeidspartar/dei som er aktuelle i "laget" ikkje har moglegheit til å møte. Barnevernet er bunden av relativt strenge tidsfristar i oppfølginga.

Utvalde resultat - barnehage:

For innsikt i resultat på barnehageområdet sjå Kvalitetsmeldinga for skule og barnehage 2025 som vart behandla i Kommunestyret i september.

Nokre konkrete punkt blir løfta fram her:

- Gjennomført del 1 av ASK opplæringa for 265 tilsette i barnehagane og relevante støttetjenester. Tema; ASK – bra for alle, nødvendig for nokon.

- Foreldreundersøkinga:
Udir inviterer årleg til foreldreundersøking i alle norske barnehagar. I 2025 var 1 365 barn inviterte og 1 025 svar vart registrerte – ein svarprosent på 75 %. Foreldre er generelt godt nøgde med barnehagane i kommunen.

Resultata viser:

- God kvalitet i barnehagane
- Bättre resultat enn nasjonalt og fylket på fleire område
- Styrka relasjonar mellom barn og vaksne og god trivsel

- Bemanning vurdert noko betre enn nasjonalt nivå

| | 2022 | 2023 | 2025 | 2025 | 2025 |
|--------------------------------|---------------|---------------|---------------|-----------|----------|
| | Bjørnafjorden | Bjørnafjorden | Bjørnafjorden | Nasjonalt | Vestland |
| Ute og inneareal | 4,2 | 4,2 | 4,3 | 4,2 | 4,1 |
| Relasjon mellom barn og voksen | 4,6 | 4,6 | 4,8 | 4,7 | 4,7 |
| Bemanningstettleik | - | - | 3,9 | 3,8 | 3,8 |
| Barnet sin trivsel | 4,8 | 4,8 | 4,8 | 4,7 | 4,7 |
| Informasjon | 4,4 | 4,5 | 4,4 | 4,3 | 4,3 |
| Barnet si utvikling | 4,7 | 4,7 | 4,7 | 4,7 | 4,7 |
| Medverknad | 4,3 | 4,4 | 4,4 | 4,3 | 4,3 |
| Henting og levering | 4,4 | 4,5 | 4,5 | 4,4 | 4,4 |
| Tilvenning og skulestart | 4,5 | 4,6 | (4,6) | (4,5) | (4,6) |
| Tilfredsheit | 4,6 | 4,6 | 4,6 | 4,5 | 4,5 |

- Alle kommunale barnehagar jobbar med å bli “grønt flagg” barnehage. Målet i år var at 50% av barnehagane skulle bli sertifisert. Ein barnehage (Trollskogen barnehage) er sertifisert, dei andre barnehagane jobbar med å bli sertifiserte, men er ikkje i mål med arbeidet.
- Alle kommunale barnehagar gjennomfører mål i trafikktryggleiksplanen.
- Det er eit mål at vi ikkje skal ha saker som blir melde til Statforvaltaren knytt til psykososialt barnehagemiljø. Dette målet er nådd.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Fagområde | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|-------------------|-------------------|-------------------|---------------|--------------|
| 20-Oppvekst - Fagstab og felles satsingar | 10 749 | 11 121 | 11 357 | -236 | -2,1 % |
| 21-Skular | 417 511 | 448 608 | 447 407 | 1 201 | 0,3 % |
| 23-Familiens Hus | 149 710 | 163 443 | 152 297 | 11 146 | 6,8 % |
| 27-Barnehagar | 291 814 | 320 742 | 320 401 | 341 | 0,1 % |
| Sum | 869 785 | 943 914 | 931 462 | 12 452 | 1,3 % |

Kommentar til status økonomi

Oppvekst fekk eit positivt avvik mot budsjett på 12,5 mill. kr, noko som tilsvarar eit avvik på 1,3%. Dette er etter at Oppvekst fekk ei tilleggsøyving i 2. tertialrapport på 22 mill. kr. Tilleggsøyvinga var på 13 mill. kr. på skuleområdet og 9 mill. kr. i barnehageområdet.

Skular

Skuleområdet har eit mindreforbruk på 1,2 mill. kr. etter at skuleområdet fekk tilført 13 mill. kr. i 2 tertial. Det tilsvarar ein forbruksprosent på 99,7% av budsjett.

Budsjettrammene på skulane er særst stramme. Vi hadde eit for høgt driftsnivå våren 2025 i høve måltal. Skulane gjorde justeringar i samband med nytt skuleår, men driftsnivået ved fleire skular har vore høgt i høve opprinneleg ramme. Dette skuldast auke i elevar med store hjelpebehov og konkrete oppfølgingstiltak i enkelte skular knytt til elevutfordringar, sjukefråvær/vikarbruk ved ein del skular og "dårlege klassesdelingstal".

Om vi ikkje bruker ekstra midlar, bryt vi omsorgsplikta skulane har samt §11-6 i opplæringslova, eleven sin rett til individuelt tilrettelagt opplæring.

Ny opplæringslov (frå 01.08.24) har medført auka utgifter på fleire område. Dette har vore omtala i tertialrapportane. Døme på dette er kravet til kvalifiserte vikarar. Sjølv om vi gjer grep i forhold til vikarar og arbeider med å få ned sjukefråvær, er det auke i utgifter på skuleområdet. Kap.11 tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging ser vi gir auka utgifter i form av kompetansekrav til den som har ansvar for individuelt tilrettelagt opplæring og i forhold til timetal i vedtak om personleg assistanse.

Vi har hatt reduksjon i elevtalet, og har justert finansieringa til skulane ut frå dette, men vi har ugunstige klassesdelingstal på fleire skular. Dette fører igjen til dyr drift og utfordring med å halde den økonomiske ramma i skulane.

Familiens Hus

Mindreforbruket i Familiens hus er på 11,1 mill. kr. og tilsvarar ein forbruksprosent på 93,7% av budsjett. Mindreforbruket skuldast fleire forhold:

- Utgiftene til introduksjonsstønad har falt relativt mykje i forhold til dei to siste åra, og blei ca. 5,3 mill. kr lågare enn budsjett. Vi har redusert denne budsjettposten frå 2026.
- Inntektene i Familiens hus har blitt høgare enn budsjettert, m.a. fekk eininga eit stort statstilskot til Utekontakten.
- Utgiftene til barnevernstenester er lågare enn budsjettert sjølv om eigenbetalinga vår til Bufetat for tiltak blei høgare enn budsjettert.

Alle einingane i Familiens hus hadde mindreforbruk i 2025. Mykje av dette gjeld lønn – sjukefråvær og vakante stillingar.

Den største risikoen for meirforbruk i Familiens hus er knytt til barnevern. Her har vi hatt stabil drift i år. Det er ein liten nedgang i tal barn i fosterheim (ca. 30 barn i fosterheim gjennom året). Institusjonsplasseringar ligg framleis stabilt på 5-8 barn på institusjon. Ser ein på budsjettposten barnevernsplasserte barn er det eit meirforbruk på 1 mill. kr. Meldingane som kjem inn er meir komplekse. Familiar treng meir omfattande tiltak for å snu ei negativ utvikling, og over lengre tid. Skal vi redusere flytting av barn som lever i uavklarte, alvorlege omsorgssituasjonar, treng vi tiltak som kan vere tilgjengelege både dag, ettermiddag, kveld og helg. Det er difor positivt at «Raudt team» blir etablert i 2026.


Det er mindreforbruk på budsjettposten barn med tiltak som ikkje er plassert, og på administrasjon. At heimebaserte tiltak i barnevernet har gått ned i år kan ha ein samanheng med lågterskeltilbodet i Familiens hus.

Barnehage

Barnehagane kom ut i balanse etter å fått tilleggslyyving på 9 mill. kr. Mindreforbruket var på 0,34 mill. kr. som tilsvarar ein forbruksprosent på 99,9% av budsjettet. Tilleggslyyvinga var knytt til fleire barnehageplassar i bruk enn opprinneleg budsjettet (5 mill. kr.) og auka kostnader til styrkingstiltak til barnehagebarn (4 mill. kr.). Denne er vidareført i 2026.

Dei kommunale barnehagane har samla drifta innanfor tildelt budsjett. Budsjetta har vore regulerte kvart halvår i forhold til tal barnehageplassar i bruk, slik at barnehagane sitt lønsbudsjett samsvarar med gjeldande bemanningsnorm og pedagognorm.

Vi har sidan Bjørnafjorden kommune vart etablert jobba systematisk for å minimere dei økonomiske effektane av «ein dyr barnehagestruktur», med mange private barnehagar og fleire små kommunale barnehagar. Tilskotssatsane til private barnehagar i Bjørnafjorden er lågare enn våre omeignskommunar, som Bergen og Kvam. Satsane er òg lågare enn gjennomsnittet for kommunane i kostragruppe 9, som er kommunar med liknande storleik og tenestenivå som Bjørnafjorden. Det betyr at sjølv om Bjørnafjorden har fleire små kommunale barnehagar klarar vi å halde kostnadane for å drifte barnehagane låge.



Figur 1: Tilskottssatsar private barnehagar på kommunenivå 2025.
(Kjelde: <https://www.barnehagemonitor.no/tilskudd>)

Status målsettingar

- Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.
- Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet
- Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar
- Vi leverer treffsikre tenester

Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Skildring mål |
|---|---|--------------------------------------|---------------------|------------------|---|
| Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling. | Alle kommunale barnehagar jobbar med å bli "grønt flagg-barnehage" | Tal barnehagar | 50,0 % | 20,0 % | ! 1 barnehage godkjend. Fleire i prosess. |
| | Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet | Tal barnehagar | 100,0 % | 100,0 % | ✓ Oppnådd |
| | Alle kommunale skular gjennomfører mål i trafiksikker plan | Tal skular | 100,0 % | 100,0 % | ✓ Oppnådd |
| | Alle kommunale skular nyttar overgangsplan for å sikre ein god overgang mellom barnehagane og skulane | Tal skular | 100,0 % | 100,0 % | ✓ Oppnådd |
| | Alle kommunale skular nyttar overgangsplan for å sikre god overgang mellom barneskule-ungdomsskule | Tal skular | 100,0 % | 100,0 % | ✓ Oppnådd |
| | Alle ungdomsskular har tilbod om miljøterapeut frå ungdomsteamet 2 gongar per veke. | Tal skular | 100,0 % | 100,0 % | ✓ Oppnådd |
| Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar | Alle nyutdanna lærarar i kommunale skular skal delta i nettverk | Andel nyutdanna lærarar | 100,0 % | 100,0 % | ✓ 23 nyutdanna lærarar deltok |
| Vi leverer treffsikre tenester | Bjørnafjorden kommune har grunnskulepoeng likt eller betre enn nasjonalt snitt | Likt eller betre enn nasjonalt snitt | 42,2 | 40,7 | ! Nedgang. Under landet (42,2) og Vestland (42,4) |
| | Familiar i Trygg start får tilbod om oppfølging ved behov | Tal familiar | 20 | 48 | ✓ Meir enn dobling av måltal. |
| | Inga fristbrot PPT | Tal saker | 0 | 13 | ! Fristbrot 6,9% - 13 av totalt 187 |
| | Inga venteliste på lågterskel familierettleing | Tal på venteliste | 0 | 0 | ✓ Oppnådd |

Årsmelding 2025

| Hovudmål | Mål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Skildring mål |
|----------|---|-------------------|---------------------|------------------|---|
| | Inga venteliste på lågterskel psykisk helse barn og unge | Tal på venteliste | 0 | 0 | ✓ Oppnådd |
| | | Tal på venteliste | 0 | 0 | ✓ Oppnådd |
| | Ingen fristbrot i undersøkingar i barnevernet | Tal saker | 0 | 2 | – Fristbrot 1,5%. 2 av 128 nye undersøkingar. |
| | Ingen saker meldt Statsforvaltar knytt til psykososialt miljø, jmf §9A i Opplæringslova | Tal saker | 0 | 7 | ! Ikkje oppnådd: 7 saker |
| | Ingen saker meldt til statsforvalter knytt til psykososialt barnehagemiljø | Tal saker | 0 | 0 | ✓ Oppnådd |
| | Tal undersøkingar som startar med å samle laget rundt barnet | Tal undersøkingar | 20 | 6 | ! Ikkje oppnådd. Nærmare omtalt under resultat. |

Samla vurdering mål og resultat

Mål i målekortet er omtala under resultatkapittelet.

KOSTRA Nøkkeltal

| | Bjørnafjorden 2024 | Bjørnafjorden 2025 | Kostragruppe 09 | Landet uten Oslo |
|---|--------------------|--------------------|-----------------|------------------|
| Prioritet | | | | |
| Barnehage nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) **) | 10 934 | 11 753 | 11 951 | |
| Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger **) | 15 803 | 16 873 | 18 046 | 18 013 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (232) forebygg. helsestasjons- og skolehelsetjeneste (B) **) | 743 | 781 | 983 | 922 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (244) barnevernstjeneste (B) **) | 782 | 847 | 1 147 | 1 088 |
| Produktivitet | | | | |
| Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder | 92,0 % | 96,0 % | 91,0 % | 91,0 % |
| Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244) | 12,8 | 10,4 | 14,6 | 14,3 |
| Brutto driftsutgifter per barn som ikke er plassert av | 37 678 | 30 669 | 66 157 | 69 615 |

Årsmelding 2025

barnevernet (funksjon 251)

(B)

| | | | | |
|---|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202), per elev | 121 899,9 | 132 289,9 | 130 516,1 | 134 326,1 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstime (kr) | 100,8 | 102,9 | 105,4 | 104,0 |
| Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall) | 31,7 | 44,3 | 34,9 | 34,3 |
| Dekningsgrad | | | | |
| Andel barn 0 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 0 år (B) | 13,1 % | 15,3 % | 6,2 % | 5,2 % |
| Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år (prosent) | 96,6 % | 95,7 % | 95,8 % | 94,6 % |
| Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage | 23,4 % | 24,1 % | 38,3 % | 50,1 % |
| Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager (prosent) | 6,0 % | 5,9 % | 9,6 % | 9,9 % |
| Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning | 7,1 % | 7,6 % | 8,0 % | 7,7 % |
| Andel innbyggere 6-9 år i kommunal SFO | 74,3 % | 75,0 % | 72,0 % | 72,2 % |
| Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn (prosent) | 91,4 % | 88,4 % | 89,5 % | 89,7 % |
| Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent) | 59,2 % | 57,0 % | 62,5 % | 64,1 % |
| Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent) | 66,3 % | 63,7 % | 63,6 % | 64,7 % |
| Hjemmebesøk nyfødte Andel barn (prosent) | 90,3 % | 66,7 % | 89,1 % | 89,5 % |
| Kvalitet | | | | |
| Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall) | 43,6 | 40,9 | 41,9 | 42,0 |

**) Justert for utgiftsbehov

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

| Investering | Totalbudsjett | | Budsjett for året | | |
|--|----------------|----------------|-------------------|----------------------------|------------------|
| | Vedteke totalt | Påløpt totalt | Rev. bud. | Rekneskap Forbruk i % i år | Status |
| Borgafjellet barneskule | 276 000 | 290 521 | 523 | 624 | 119,2 % Ferdig |
| Jettegryto barnehage - nybygg | 53 000 | 52 687 | 527 | 213 | 40,4 % Ferdig |
| Klassesett PC | 16 000 | 5 852 | 2 000 | 1 984 | 99,2 % lht. plan |
| Lunde barneskule - opprusting gammel del | 19 500 | 19 282 | 511 | 293 | 57,3 % Ferdig |
| Os-Aktiv (Os ungdomsskule) | 69 500 | 103 219 | 56 | 162 | 290,6 % Ferdig |
| Uteområder skular og barnehagar | - | - | 1 000 | 982 | 98,2 % lht. plan |
| Utgreiing ny barnehage - Lysekloster | 500 | 204 | 500 | 204 | 40,9 % lht. plan |
| Sum | 434 500 | 471 766 | 5 117 | 4 462 | |

Statustekst investeringar

Borgafjellet barneskule

Prosjektramme er 290 mill.kr. Sluttarbeid pågår.

Jettegryto barnehage - nybygg

Prosjektramme er 55 mill.kr. Pågår sluttarbeid i høve totalentreprenør gjekk konkurs.

Klassesett PC

Innkjøp gjennomført.

Os-Aktiv (Os ungdomsskule)

Prosjektramme er 108 mill.kr. Sluttarbeid har pågått.

Uteområder skular og barnehagar

Banedecke er oppgradert til kunstgras med sandfyll for ballbingar ved barneskulane på Os, Nore Neset og Eikelandsosen.

Utgreiing ny barnehage - Lysekloster

Arbeid med konsept har pågått, bl.a. med vurdering av å nytta heile eller deler av eksisterande barnehage.

Helse og velferd

Viktige hendingar for tenesteproduksjonen

Innleiing

Sektoren står framfor demografiske utfordringar knytt til fleire eldre og færre yrkesaktive, i tillegg til stramme økonomiske rammer, og har i 2025 jobba med heilskapleg innsats- og bustadtrapp for å møte desse utfordringane.

Sektoren har også jobba med å redusera sjukefråværet og i fleire einingar går det ned i 2025. Nav Arbeidslivsteneste har også i år vore ein god støttespelar for nokre einingar. Sjukefråværet ligg likevel framleis for høgt. Det er dessutan stor variasjon mellom avdelingar og gjennom året. For sektoren under eitt er det gjennomsnittlege sjukefråværet for 2025 på 11,84 %.

Rekrutteringsutfordringane aukar frå år til år i alle tenestene i sektoren. Utfordringane er størst på Fusa-sida av kommunen, men er også tydeleg merkbare på Os-sida. Dette gjer det særleg kritisk å sikra forsvarlege tenester i dei døgnkontinuerlege tenestene i periodar med høgt sjukefråvær eller ferieavvikling. I 2025 vart det etablert ein sommaravtale for å sikra nok kompetanse i ferien. I periodar har nokre einingar også måtta nytta bemanningsbyrå. Ved utgangen av året er det einingane Luranetunet og FBBS og heimetenester Eikelandssosen som nyttar bemanningsbyrå. - Ein justert sommaravtale, tredelt ferie og særskilde rekrutteringstiltak for Fusa-sida av kommunen er mellom tiltaka ein vil arbeida vidare med i 2026. I tillegg kjem digitalisering, arbeidet kring dimensjoneringsprosjekta og andre grep for å effektivisera tenesteytinga.

Sektoren er ein stor opplæringsarena og starta i 2025 arbeidet med ein strategisk kompetanseplan. Gjennom ulike ordningar tek sektoren imot mange elevar og kandidatar som vil ta fagbrev som helsefagarbeidar. Det er eit aukande behov for å leggja til rette for at eigne tilsette kan fullføra helsefagutdanning, og dette vil vera eit prioritert område vidare.

I løpet av 2025 er det i alt rapportert om 464 avvik på fysisk vald, 296 avvik på trugslar/trakassering og 83 avvik på informasjonssikkerheit og personvern i helse og velferd. Sektoren hadde ingen brukarundersøkingar. Alle einingane har satsa på å kursa dei tilsette i å førebyggja og handtera trugslar og vald gjennom kommunale KomLab-kurs, der kommunen har utdanna sine eigne instruktørar. Det er gledeleg at m.a. Tilrettelagte tenester, som har mange avvik på fysisk vald og trugslar, har fått storparten av sine tilsette gjennom desse kursa. Kompetansehevinga held fram også i 2026.

Det er gjennomført fleire tilsyn i 2025:

- Legevakt og legetenester: Nokre saker frå Statsforvaltaren etter pasientklagar. Tiltak er gjennomført og sakene er lukka.
- Psykisk helse og rus: Nokre saker frå Statsforvaltaren etter pasientklagar. Desse er svart ut og sakene er lukka.
- Heimetenestene: Har svart på spørjeundersøking i eit landsomfattande tilsyn med tema varetaking av grunnleggjande behov hos heimebuande eldre over 75 år med heimesjukepleie og langvarige behov for helsehjelp. Har også hatt farmasøyttilsyn, med gode tilbakemeldingar.
- LBBS og FBBS: Saker frå Statsforvaltaren etter pasient-/pårørandeklagar. Einingane har sendt inn dokumentasjon, men sakene er enno ikkje avslutta.

I november 2025 starta eit omfattande arbeid etter ei rekke avvik ved begge sjukeheimane. Dette vart etterkvart ei mediesak, noko som utløyste eit auka tal klagar i saka. Kommunen har brukt mykje tid på å gjennomgå saker, handtera avvik og følgja opp klagane. Leiinga har lagt vekt på tryggleik, profesjonelle prosessar og oppfølging av etterarbeidet. Det har vore god dialog mellom kommunen og Statsforvaltaren i handteringa. Fleire av sakene er vidaresemdt frå Statsforvaltaren til Helsetilsynet.

Det har ikkje vore brukarundersøkingar i sektoren i 2025.

Fagstab og felles satsingar

Fagstaben har i 2025 m.a. vore prosjektleiar for arbeidet med innsats- og bustadtrapp og levert sektorplan for helse og velferd til politisk behandling.

E-helse er ei viktig satsing i sektoren og i løpet av våren vart alle rom på sjukeheimane utstyrt med sensorteknologi, som gjer at dei tilsette kan gjennomføra digitale tilsyn. Strategi for E-helse vart vedteken av Tenesteutvalet hausten 2025. Strategien er operasjonalisert gjennom handlingsplan og fokuserer på forankring, standardisering og gevinstrealisering. Bjørnafjorden er med i nasjonalt innføringsløp for "Heilskapleg tenestemodell". I 2025 har arbeidet lokalt særleg vore knytt til tildelingskriteria, prismodell og kartleggingsrutinar for tryggleiksalarm for å sikra lik praksis og berekraftig ressursbruk. Avdeling E-helse har utvikla gevinstverktøy for systematisk oppfølging i einingane. Kollegavarsling er testa og i bruk i fleire einingar. Digitale tilsyn er under utprøving i heimetenesta på Fusa-sida av kommunen. Vi førebur å koma i gang med digital heimeteneste og dette inngår som del av prosjekt dimensjonering heimetenester. Saman med Bergen og fleire andre kommunar jobbar vi med å anskaffa nytt elektronisk pasientjournalssystem (EPJ), som er viktig for god pasienttryggleik og samhandling. Samla sett har 2025 vore eit år prega av strukturering og standardisering av E-helsearbeidet, med tydeleg kopling mellom teknologi, organisering og tenesteutvikling. Avdeling E-helse samarbeider tett med ressurspersonar for E-helse i einingane, systemansvarleg for elektronisk pasientjournal, IT-avdelinga og organisasjonsutvikling, og dette er ein stor styrke.

Avdeling forvaltning , koordinering og bustadkontor

Tilsyn og avvik på fysisk vald, trugslar/trakassering og informasjonssikkerheit/personvern

Avdelinga har ikkje registrert nokon avvik på fysisk vald eller trugslar og trakassering, og tre avvik på informasjonssikkerheit og personvern.

Kapasitetsutfordringar og avvik på igangsetting av tenester

Når det gjeld avvik på manglande iverksetting av tenester eller urimeleg lang iverksettingstid frå vedtak er fatta, har forvaltninga i samarbeid med tenestene utarbeidd nye rutinar for avviksrapportering . I siste halvdel av 2025 er det registrert 13 avvik knytt til oppstart av støttekontaktenesta og eitt avvik knytt til oppstart av besøksheim. Det er også registrert tre avvik knytt til oppstart av tenester i avdeling psykisk helse. Årsaker til avvika er stor utskifting av støttekontaktar og rekrutteringsutfordringar. Også besøksheim-tenesta har rekrutteringsutfordringar. Psykisk helse har hatt utfordringar knytt til høgt sjukefråvær og rekrutteringsvanskar. Når slike iverksettingsavvik oppstår vert det vurdert løpande og dialog med brukar/pårørande, om det skal setjast inn kompensierende tenester.

Forvaltninga har om lag 1,5 årsverk til koordinerande eining (KE) og barnekoordinator, noko som er knapt. Det er i 2025 registrert sju avvik som gjeld oppstart av vedtak om barnekoordinator. Kommunalsjefane for oppvekst og helse arbeidar med å finna ei løysing for å auka kapasiteten.

Det er framleis kapasitetsutfordringar knytt til tilbod om dagsenter for personar med demens og ordinære dagsenter for eldre på Fusa-sida av kommunen p.g.a. utfordringar knytt til transport. Også her vert det vurdert om ein kan gå inn med kompenserande tiltak kring den enkelte brukar.

Kvardagsrehabilitering har og hatt ventelister og har i periodar ikkje klart å halda fristane som er sett for prioriterte pasientgrupper.

Betalingsdøgn utskrivingsklare pasientar frå sjukehus

Kommunen har hatt 105 betalingsdøgn for utskrivingsklare pasientar totalt i 2025. Bakgrunnen for betalingsdøgn kan handla om at vi ikkje har rett kompetanse tilgjengeleg (t.d. i ferietida) og høgt sjukefråvær, eller at vi ikkje har hatt ledige plassar. Talet på betalingsdøgn er omlag det same som vi hadde i 2024 med 110 døgn. Betalingsdøgn handlar også om dette:

- Det er i periodar for dårleg kapasitet til å driva opptrening i korttidsavdelingane, slik at pasientane kan koma raskare tilbake til sin eigen heim.
- I nokre tilfelle har kommunen ikkje greidd å ta imot pasientar til heimen fordi det ikkje har vore kapasitet til å formidla nødvendige hjelpemiddel frå korttidslager i tide.

Venteliste til heildøgns omsorgsplass (omsorgsbustad/institusjon)

I gjennomsnitt står det til ei kvar tid to-tre heimebuande på venteliste til heildøgns omsorgsplass. Vi gjev avslag på søknader til heildøgns omsorgsplass der vi vurderer det som forsvarleg at søkjaren kan klara seg med hjelp i heimen i tre månader til. Mange vert liggjande på korttidsplassar og venta på ledige langtidsplassar, og trykket på langtidsplassar er spesielt stort frå brukarar med demensdiagnosar.

Frå mai og ut året har det ikkje vore drift av fem korttidsplassar på Fusa bu- og behandlingssenter og i tillegg var ØHD-senga ute av drift ein periode.

Bustadkontoret

Bustadmarknaden i kommunen er framleis svært vanskeleg. Ventelistene er aukande og om lag 50 står på venteliste. Situasjonen er særleg vanskeleg for større barnefamiliar og einslege. Når det gjeld bustader for eldre, er situasjonen ved utgangen av året bra på begge sider av fjorden.

Prisane i leigemarknaden er svært høge. Bustadkontoret har i 2025 sett i gang eit arbeid for å løfta dei kommunale utleigeprisane opp mot gjengs leige. Dette vil for dei fleste bety ei kraftig auke i husleiga. Føremålet med å auka leigeprisane er å leggja til rette for større rullering i dei kommunale bustadene.

Ei ny nasjonal undersøking viser ei auke i talet på personar som er bustadlause. I Bjørnafjorden er det til ei kvar tid 3-10 personar som er bustadlause. For desse vurderer kommunen alternative løysingar, slik som t.d. hospits.

Bustadkontoret har eit stort press på startlån, og dette er det viktigaste verkemiddelet for å sikra einslege og familiar eit varig og godt butilbod. Kommunen lånte kr 80 millionar i 2025, som vi låner ut vidare. I løpet av 2025 fekk vi i alt 152 søknader om startlån, noko som førte til utbetaling i 27 saker. 85

% av desse var barnefamiliar og gjennomsnittleg startlån var kr 2,68 mill. 95 fekk avslag. Ein del saker er korkje utbetalt eller gitt avslag fordi finansieringsbeviset gjekk ut, søknaden vart trekt eller andre grunnar.

Kommune har i 2025 inngått to tilvisingsavtalar. Håpet er å auka utleigemassen utan at kommunen treng å byggja sjølv.

Bustadkontoret er i 2025/2026 ansvarleg for eitt av prosjekta knytt til bustad- og innsatstrappa. Ei breitt samansett gruppe skal sjå på korleis vi bruker dei kommunale bustadene og strategi for tildeling av kommunale bustader.

Legevakt og legetenester

Tilsyn og avvik på fysisk vald, trugslar/trakassering og informasjonssikkerheit/personvern

Eininga har ikkje registrert nokon avvik på fysisk vald. Det er registrert to avvik på trugslar og trakassering og tre avvik på informasjonssikkerheit og personvern i løpet av 2025.

Legevakt

Den tredje og siste legen i nordsjøturnus vart tilsett tidleg i 2025. Dette har gitt stabil legedekning og redusert behov for vikarar ved legetenestene i Eikelandsosen. Ordninga med legebilsjåfør vart avvikla i august 2025. Våren og sommaren 2025 var det fleire uventa oppseiingar i helgestillingar ved legevakta på Moberg. Nyrekruttering i løpet av hausten gjer at bemanninga igjen er stabil.

Kommunale legekontor

Eikelandsosen legekontor har fire fastlegar og tre nordsjølegar. Samla listekapasitet er om lag 3 050 pasientar. Kontoret er samlokalisert med legevakta, noko som gjev gode høve til samarbeid og effektiv ressursbruk. Drifta har vore stabil gjennom året. I september vart det innført felleliste for nordsjølegane. Ordninga inneber at legane deler ansvar for pasientane og samarbeider tett om oppfølging. Erfaringane så langt er positive, og ordninga bidreg til betre kontinuitet og kvalitet.

Osøyro legekontor hadde ved inngangen til 2025 fire fastlegar, tre ALIS-legar og éin spesialist i allmenntmedisin. Hausten 2025 sa ein lege opp stillinga si. Kontoret står no att med tre fastlegar, noko som har gjort drifta meir sårbar og stilt større krav til organisering og prioritering.

Det har i 2025 vore arbeid systematisk med å byggja struktur, etablera tydelege rutinar og sikra stabil drift etter eit krevjande år i 2024.

Oppbygging av pasientlister har vore krevjande, mellom anna grunna ledig kapasitet i kommunen generelt. Mot slutten av året har situasjonen stabilisert seg, og det er venta gradvis vekst i listestorleik framover.

Det var opphavleg planlagt overgang til næringsdrift frå september 2026. Etter ei samla vurdering hausten 2025 er det konkludert med at kontoret per i dag ikkje er økonomisk og organisatorisk modent for slik overgang. Legekontoret vert derfor vidareført i kommunal drift inntil vidare. Samstundes held arbeidet fram med å leggja til rette for ei framtidig, berekraftig næringsdrift. Det er for tidleg å seia når målet om næringsdrift kan realiserast. Kommunedirektøren vil melda ifrå om utviklinga i tertialrapportane framover.

Osøyro legekantor har i 2025 hatt høge kostnader til ekstern drift av datasystem. Det er sett i verk tiltak for betre kostnadskontroll, meir effektiv drift og auka inntektsgrunnlag, mellom anna:

- overgang til integrert betalingsløyising i journalsystem
- systematisk og rett bruk av takstar
- gjennomgang av arbeidsprosessar

Endringar i finansiering av fastlegeordninga

Fastlegeordninga har ei komplisert finansiering og styring. Staten har ansvar for fastlegeforskrifta, kompetanseforskrifta og andre sentrale reglar. Staten finansierer òg basistilskot, takstar, eigenandelar og ALIS-tilskot. Kommunen har ansvar for avtalar med den enkelte lege. Dette gjeld mellom anna fastlegeavtale, tilsettingsavtale, 8–2-avtale, ALIS-avtale og individuell utdanningsplan. KS forhandlar fram kollektive avtalar med forhandlingssamanlutningane og med Legeforeininga (ASA 4310 og SFS 2305).

Frå 1. juli 2025 vart rammevilkåra for fastlegeordninga endra. Basistilskotet skal auka med 10 prosentpoeng over tre år. Dette gjev både høgare inntekter og høgare utgifter for kommunen. Ordninga med pasienttilpassa basistilskot skal vidareutviklast.

Endringane inneber at staten tek ein større del av finansieringa av fastlegeordninga.

Bjørnafjorden kommune har ikkje lenger særleg gunstige økonomiske ordningar som skil oss tydeleg frå andre kommunar. Auka statlege tilskot har jamna ut skilnadene mellom kommunane.

Det er likevel viktig at vi har ordningar som gjer at legar ønskjer å arbeida hos oss, og at vi klarer å rekruttera og behalda fastlegar. Tiltaka i lokal særavtale og det kommunale basistilskotet i Bjørnafjord-modellen støttar opp under dette. Intensjonen med Bjørnafjord-modellen har vore å mellomfinansiera fastlegeordninga fram til ho vart styrkt gjennom statlege overføringar. Det er viktig at kommunen også framover er konkurransedyktig samanlikna med andre kommunar.

Nav

Tilsyn og avvik på fysisk vald, trugslar/trakassering og informasjonssikkerheit/personvern: Nav har registrert eitt avvik på fysisk vald, seks avvik på trugslar og trakassering og 14 avvik på informasjonssikkerheit og personvern.

I august 2025 etablerte Nav utviklingsprosjektet “Levekårskontakt Nav Bjørnafjorden”. Målet er å utvikla verktøy og samhandlingsstrukturar på tvers av tenester til barnefamiliar og vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Tilrettelagte tenester

Tilsyn og avvik på fysisk vald, trugslar/trakassering og informasjonssikkerheit/personvern

Eininga har registrert 280 avvik på fysisk vald, 155 avvik på trugslar og trakassering og 20 avvik på informasjonssikkerheit og personvern i 2025.

Forsvarlegheitsindikatorane

Ved utgangen av året lyser det gult på tilsette og leiing.

Auke i tenesteleveransen i 2025

- Det har kome fleire brukarar til dagsenteret på Kuhnle i løpet av året, og i 2026 kjem det fleire. Det er allereie trongt om plassen på dagsenteret, og ei smertegrense er snart nådd for noverande driftsmodell. Det kan vera aktuelt å sjå på opningstider, tal dagesenterdagar o.l i tida som kjem. I 2025 har vi starta planlegging av å utbetra fasilitetane for bad/stell på dagsentret. Utbetringsarbeidet vil skje i 2026.
- Nokre av bufellesskap gjev no tenester til nokre tenestemottakarar som psykisk helse og rus har hatt ansvar for å gje tenester til. Tilrettelagte tenester har og teke over matutlevering på Os. Også denne tenesta låg tidlegare til psykisk helse og rus.
- Det er auke i avlastingstenestene til barn og unge, der nye tenestemottakarar er komne til, og nokre har auke i allereie eksisterande tilbod.

Psykisk helse og rus

Tilsyn og avvik på fysisk vald, trugslar/trakassering og informasjonssikkerheit/personvern

Psykisk helse og rus har registrert 10 avvik på fysisk vald, 96 avvik på trugslar og trakassering og 18 avvik på informasjonssikkerheit og personvern.

Forsvarlegheitsindikatorane: Ved utgangen av året lyser det raudt på tilsette og økonomi, og gult på brukarar/pasientar, leiing, pårørande/eksternt omdøme og internkontroll. Ei sentral utfordring i 2025 har vore vakante stillingar knytt til både korttids- og langtidsfråvær samt gradert fråvær. Fleire stillingar, m.a. som ruskonsulent, har stått ubesette over lengre periodar. Arbeidet med å utvida personalbasen på Grantun er starta.

Det har vore endringar i leiargruppa og periodar med vakante stillingar, men kontinuitet i drifta vart sikra gjennom omfordeling av ansvar og tett samarbeid mellom leiarar og fagleiarar. Det vart også etablert kollegastøtte på natt mellom tre bufellesskap på tvers av einingar.

Eininga registrerer ein auke i brukarar med samansette og ressurskrevjande behov. Konsekvensen er auka press på bustadtilbod og kapasitet. Lågterskeltilbodet Rask psykisk helsehjelp har hatt god aktivitet og høg gjennomføringsgrad, og dette viser at eininga har lukkast med tidleg innsats i delar av tenestetilbodet.

Luranetunet

Tilsyn og avvik på fysisk vald, trugslar/trakassering og informasjonssikkerheit/personvern

Eininga har registrert 159 avvik på fysisk vald, 24 avvik på trugslar og trakassering og 13 avvik på personvern og informasjonssikkerheit. Eininga ser at talet på avvik er redusert frå 2024 til 2025, og opplever at det er ein del avvik som ikkje vart meldt i Kvalitetssystemet. Vi har hatt fokus på dette i møte i arbeidsmiljøgrupper og på møte med verneombod, men ser at det framleis er eit forbetringspotensiale. Opplevinga er at fysisk utagering og vald er aukande, men dette viser ikkje att i avviksstatistikken.

Forsvarlegheitsindikatorane

Ved utgangen av året lyser det raudt på økonomi og pårørande/omdøme. Det lyser dessutan gult på tilsette og leiing.

Heimetenester Os

Tilsyn og avvik på fysisk vald, trugslar/trakassering og informasjonssikkerheit/personvern

Heimetenester Os har registrert to avvik på fysisk vald, 10 avvik på trugslar og trakassering og eitt avvik på informasjonssikkerheit og personvern.

Forsvarlegheitsindikatorane

Ved utgangen av året lyser det raudt på tilsette økonomi, og gult på brukarar/pasientar, tilsette og internkontroll. Det aukar gradvis på med tal på brukarar og årsverka i eininga strekk ikkje til. Den viktigaste utfordringa på forsvarlegheitsindikatorane er auka venteliste til ergoterapi. Ved nyttår står ca. 70 personar på venteliste.

FBBS og heimetenester Eikelandsosen

Tilsyn og avvik på fysisk vald, trugslar/trakassering og informasjonssikkerheit/personvern

Eininga har registrert 12 avvik på fysisk vald, to på trugslar og trakassering og 13 på informasjonssikkerheit og personvern. Det er framleis eit forbetningsområde å sikra at alle relevante hendingar vert rapporterte.

Forsvarlegheitsindikatorane: Ved utgangen av året lyser det raudt på brukarar/pasientar, tilsette, økonomi og pårørande/eksternt omdøme. Dette reflekterer ein utfordrande driftssituasjon, som resulterte i at fem senger i korttids- og rehabiliteringsavdelinga vart stengde frå mai 2025 og ut året. Bakgrunnen var mangel på personell, høgt sjukefråvær, høge kostnader knytt til innleige og fleire vakante helsefagarbeidarstillingar. Øyeblikkeleg hjelp-senga var i tillegg stengd frå mai til september. Tilsynssaka på slutten av året var uheldig for eksternt omdøme.

I april 2025 vart det vedteke ny organisering av heimetenesta med felles turnus, felles oppmøtestad og styrking av leiarrolla.

Eininga har gjennom året arbeidd målretta for å ta i bruk e-helseløysingar som førsteval der det er mogleg. Dette krev kontinuerleg innsats og god forankring på alle nivå. Tilsette har vist stor vilje til å ta i bruk nye digitale verktøy, noko som har styrkt både kvalitet, pasientsikkerheit og effektivitet i tenestene.

Omstilling

Innleiing

Arbeidet med innsats- og bustadtrappa har hatt høg prioritet, og mange leiarar og ein del tilsette har vore sterkt involvert i ulike arbeidsgrupper og i prosjektleiing. Arbeidet har vore ressurskrevjande, men har samstundes styrkt det tverrfaglege og tverrsektorielle samarbeidet og gjort kommunen betre rusta for framtidige utfordringar.

I tillegg har sektoren også i 2025 arbeidd med å nå måla for Omstilling 25 frå budsjettvedtaket for 2024.

Legevakt og legetenester

Eininga har jobba med å leggja om drifta av Eikelandsosen legevaktstasjon sidan budsjettvedtaket for 2024. Alle vedtekne tiltak er gjennomførte. Etter omlegginga av nordsjøstillinga ser vi at legevaktstasjonen i Eikelandsosen har stabilisert drifta. Kommunen har no eit godt og stabilt legevakttilbod til innbyggjarane på austsida av kommunen, og både legevakta og legetenestene i Eikelandsosen får gode tilbakemeldingar frå brukarane.

Å etablera nye avtalar var premisset for å innfri innsparingskravet i budsjettet om kr 1 mill i 2025 og kr 2 mill i 2026. Frå februar 2025 har Bjørnafjorden og Austevoll kommune hatt prosess vedkomande ny avtale om legevaktsentral. Den gamle avtalen frå 2013 er utdatert og prisnivået alt for lågt. Kommunane har ikkje lukkast å koma i mål med signert avtale, men jobbar vidare for å få på plass ny avtale tidlig i 2026. Saka er av Austevoll kommune løfta til politisk nivå då ein på administrativt nivå ikkje har klart å koma til semje.

Nav

Samarbeidet med Crux Vindfanget vart sagt opp i 2024 og avslutta 31.01.2025. Deltakarane har fått oppfølging frå Nav i etterkant.

Tilrettelagte tenester

Eininga var i all hovudsak ferdig i 2024 med tiltaka under Omstilling 25 og har levert i høve til krava om å finna midlar innafor eiga ramme til drift av Søfteland bufellesskap.

Eininga arbeider proaktivt og løysingsfokuserert og for å støtta oppunder at vi er "ein kommune". Eininga har i 2025 inngått eit samarbeid med psykisk helse om kollegastøtte på natt. Også internt i eininga hjelper avdelingane kvarandre ved at ei bakvakt kan rykka ut til ei anna avdeling i akutte situasjonar, sjølv om det til dels er noko geografisk avstand mellom avdelingar.

Psykisk helse og rus

Året har i hovudsak vore prega av å implementera og vidareutvikla omstillingsarbeidet som starta i 2024. Tryggleik og stabilitet for brukarane har vore ei overordna prioritering gjennom heile året. Trass i omfattande omstillingsarbeid har avdelingane arbeidd kontinuerleg for å oppretthalda føreseielege og fagleg forsvarlege tenester. Det er gjennomført organisatoriske og faglege tilpassingar som legg til rette for meir berekraftig drift framover.

Samtidig ser kommunen ein auke i talet på brukarar med omfattande og komplekse behov. Det er registrert vekst i talet på ressurskrevjande tenestemottakarar, m.a. i form av fleire vedtakstimar, meir bruk av fastlege og legevakt, bistand frå politi og fleire akutte innleggingar i spesialisthelsetenesta. Det er òg fleire personar på venteliste til bufellesskap innan psykisk helse, og det er fleire på venteliste til kommunal bustad med behov for tilhøyrande tenester. Dette indikerer eit aukande press på kapasitet og bustadtilbod innan fagområdet.

Samarbeidet med Tilrettelagde tenester om kollegastøtte på natt mellom bufellesskap styrker fagmiljøet, sikrar betre støtte i krevjande situasjonar og legg til rette for meir effektiv ressursbruk. Kvilande nattevakt er avvikla i eitt bufellesskap som følgje av samarbeidet.

Heimetenester Os og heimetenester Eikelandsosen

Prosjekt dimensjonering heimetenester heng tett saman med prosjekt dimensjonering institusjon, som er omtala nedanfor. Talet på eldre 80 år+ vil nesten dubla seg fram mot 2035 og kommunen får 30 fleire med demens årleg. Kommunen må kunna hjelpa fleire i heimen og ta imot pasientar direkte frå sjukehus til heim. Vi må også sikra likeverdige tenester uavhengig av kor ein bur. Prosjektet har som mål å etablera samla heimetenestene i Bjørnafjorden til ei eining.

Luranetunet og Fusa bu- og behandlingssenter

Sjukeheimane starta prosjekt dimensjonering institusjon i juni 2025. Prosjektet jobbar med framtidsmodell for korleis vi skal organisera institusjonsomsorga i kommunen. I tillegg er det ei bestilling på å halda stengt 30 plassar samla sett på institusjonane LBBS og FBBS, noko som skal effektuerast i 2026. Dette er eit tiltak for å halda budsjettamma og vri ressursar nedover i innsatstrappa. Dette er ei krevjande omstillingsarbeid og prosjektleiar vert frikjøpt i 100 % stilling frå nyttår for å ha nødvendig kapasitet til å leia arbeidet.

Utvalde resultat

Avdeling forvaltning, koordinering og bustadkontor

I 2024 oppstod det avvik knytt til saksbehandlingstid på grunn av høgt sjukefråvær. Gjennom tett samarbeid med Nav Arbeidslivssenter, endra rutinar og styrka kapasitet, er det ikkje registrert avvik knytt til saksbehandlingstid i 2025.

Ti private BPA-leverandørar har konsesjon til å levera BPA-tenester på vegne av kommunen. Forvaltninga er tillagt ansvar for å sikra at tenester levert som BPA er fagleg forsvarlege opp mot krav i helse- og omsorgstenestelova og arbeidsmiljølova. Dette er utfordrande å følgja opp p.g.a. stor auke over tid i talet på BPA-tiltak. I løpet av 2025 har kommunen fått på plass rutinar for faste møtepunkt og tettare oppfølging av dei ulike leverandørane gjennom året.

Kommunen har i 2025 kjøpt ein ny kommunal bustad og inngått to tilvisingsavtalar, med mål om å auka tilbodet av utleigebustader utan at vi treng å byggja sjølv.

Nav

Nav har fleire satsingsområde, blant anna innvandrarar og ungdom. I ungdomsarbeidet er det jobba med inkluderingskompetanse og etablert ein hybridmodell, som betyr at rettleiar hos Nav, brukar og

arbeidsgjevar har tett samhandling om arbeid. Resultat for 2025 viser at 78,5 % av målgruppa har overgang til arbeid.

I arbeid med flyktningar har vi avsett eigne ressursar som jobbar målretta med gruppa. Ny arbeidsindikator i Nav, som viser Nav sin påverknad på overgang til arbeid, viser eit resultat på 20 % mot venta resultat 18,7 %. Nav registrerer ein nedgang i del stønadstilfelle for økonomisk sosialhjelp i 2025 samanlikna med tidlegare år. Framleis utgjer flyktningane ein stor del av mottakarane. Del brukarar i kvalifiseringsprogrammet held seg høgt. Nav har styrka tenesta i tråd med behov. Nav har også stor merksemd på økonomisk rådgjeving, og dreier innsatsen mot førebygging.

Bustadmarknaden er pressa, noko som særleg rammar brukargruppa som Nav er i kontakt med. Nav ser ein auke i familiefattigdom og har stor merksemd på barneperspektivet.

Legevakt og legetenester

Bjørnafjord-modellen er ikkje ny av året, men den er heilt sentral for stabilitet og kapasitet i fastlegetenesta og resultatata viser att også i 2025:

- Meir robuste legekantor
- Kortare pasientlister per fastlege
- Fleire fastlegeheimlar (0-heimlar)
- System for ALIS-vidareutdanning og samarbeid
- System for LIS1-utdanning og samarbeid
- Faste legar i alle heimlar
- Ingen innleige av legar frå vikarbyrå etter mars 2025

Det er i dag noko ledig kapasitet hos fastlegane i Bjørnafjorden kommune. Slik kapasitet er ønskjeleg. Det gjev innbyggjarane høve til å få fastlege når dei flyttar til kommunen, eller til å byta fastlege ved behov.

Kommunedirektøren er nøgd med utviklinga. Vi ser ei utjamning i pasientlistene mellom fastlegane. Samstundes går talet på ledige plassar og talet på pasientar på venteliste ned, medan talet på innbyggjarar med fastlege i Bjørnafjorden aukar. Det er enno noko ulik kapasitet mellom legekantora, men over tid vil nok tilbod og etterspørsel føra til at dette jamnar seg endå meir ut.

Eininga er godt i gang med å laga handlingsplan for legetenester.

Tabellen under viser fastlegeheimlane i kommunen, med spesifisering av lokalisering, listetak, pasienttal, venteliste og ledige plassar.

Årsmelding 2025

| Heimel | Praksis | Listetak | Pasienttal | Venteliste | Ledig |
|------------|----------------------------|---------------|---------------|------------|------------|
| Heimel 1 | Eikelandsosen legekantor | 450 | 449 | 13 | - |
| Heimel 2 | Eikelandsosen legekantor | 1 000 | 979 | - | 17 |
| Heimel 3 | Eikelandsosen legekantor | 600 | 599 | 53 | - |
| Heimel 4 | Eikelandsosen legekantor | 700 | 674 | - | 25 |
| Heimel 5 | Nordsjøturnus (Eikel.osen) | 300 | 151 | - | 149 |
| Heimel 6 | Flåten legesenter | 900 | 964 | 89 | - |
| Heimel 7 | Flåten legesenter | 1 350 | 1 348 | 82 | - |
| Heimel 8 | Flåten legesenter | 1 020 | 1 021 | 3 | - |
| Heimel 9 | Flåten legesenter | 800 | 571 | - | 221 |
| Heimel 10 | Flåten legesenter | 1 000 | 999 | 12 | - |
| Heimel 11 | Flåten legesenter | 600 | 598 | 11 | - |
| Heimel 12 | Irislegane | 1 100 | 1 277 | 81 | - |
| Heimel 13 | Irislegane | 1 100 | 1 095 | 39 | - |
| Heimel 14 | Irislegane | 1 100 | 1 102 | 84 | - |
| Heimel 15 | Irislegane | 1 100 | 1 157 | 57 | - |
| Heimel 16 | Irislegane | 1 100 | 1 165 | 129 | - |
| Heimel 17 | Irislegane | 1 000 | 995 | 9 | - |
| Heimel 18 | Moberg legesenter | 800 | 799 | 9 | - |
| Heimel 19 | Moberg legesenter | 800 | 792 | - | 9 |
| Heimel 20 | Moberg legesenter | 1 000 | 999 | 18 | - |
| Heimel 21 | Moberg legesenter | 900 | 894 | 40 | - |
| Heimel 22 | Os allmennpraksis | 715 | 675 | - | 32 |
| Heimel 23 | Os allmennpraksis | 900 | 883 | - | 13 |
| Heimel 24 | Os allmennpraksis | 1 000 | 1 010 | 11 | - |
| Heimel 25 | Os allmennpraksis | 800 | 768 | - | 33 |
| Heimel 26 | Os allmennpraksis | 1 000 | 994 | 53 | - |
| Heimel 27 | Os allmennpraksis | 1 000 | 994 | 67 | - |
| Heimel 28 | Osøyro legesenter | 650 | 633 | - | 4 |
| Heimel 29 | Osøyro legesenter | 650 | 478 | - | 166 |
| Heimel 30 | Osøyro legesenter | 850 | 537 | - | 313 |
| Heimel 31 | Osøyro legesenter | 300 | 320 | - | - |
| Sum | | 26 585 | 25 931 | 860 | 965 |

Tilrettelagte tenester

Bjørnafjorden bufellesskap vart kompetansefyrtårn i 2025 i kursmodulen “Veilederen”, og dermed blant dei fem beste i landet i 2025. Bakgrunnen er at dei tilsette har lagt inn eit ekstra gir for å gjennomføra nødvendige kurs for å halda seg oppdatert. Målretta arbeid med kompetanseheving over tid har ført til fleire beståtte kurs i Veilederen enn gjennomsnittet, justert etter storleiken på verksemda.

Bjørnafjorden bufellesskap kom dessutan på andreplass i den interne konkurransen i kommunen om beste tilretteleggingsliste for sjukemelde.

Alle avdelingane har arbeidd hardt for å få bukt med bruk av overtid.

Psykisk helse og rus

Det vart avdekt i 2025 at nødvendige turnusprosessar ikkje var følgde, og at dei tre døgnavdelingane mangla godkjende turnusar. Gjennom tett samarbeid med hovudtillitsvalde, avdelingsleiarar og fagleiarar vart nødvendige endringar gjennomførte, og turnusane godkjende. Dette har styrkt forsvarleg drift og lagt betre rammer for bemanningsplanlegging.

To avdelingsleiarar slutta i løpet av året, og to nye kom inn. Personalansvaret i dei to avdelingane har i periodar vore vareteke av einingsleiar, medan fagleiar hadde fagansvaret.

Luranetunet

Eininga har jobba grundig med innføring og bruk av digitale tilsyn og opplever god effekt av dette, særleg på avdelingar for personar med demens. Gjennom å omdisponera ressursar frå natt til dag og kveld er det sikra sjukepleiardekning på helg og høgtidsdagar. Godt samarbeid med frivilligsentralen har ført til fleire avdelingsvenar og gode trivselstiltak for bebuarar/pasientar.

Eininga er også nøgd med å ha redusert sjukefråværet samanlikna med dei tre siste åra.

Heimetenester Os

Kommunen har starta opp dagsenter for unge demente i Oshaugen ein gong i veka. Dette er eit tilbod til yngre brukarar i heile kommunen. Innhald og omfang i tilbodet må vurderast løpande opp mot behov.

Heimetenesta har tilsett to sjåførar i kvar si 50 % stilling til å køyra brukarar til og frå dagsenter etter avvikling av avtale om transport med Tide. Oppstart var haust -25.

FBBS og heimetenester Eikelandsosen

Systematisk oppfølging av tilsette, målretta tilretteleggingstiltak og støtte frå Nav Arbeidslivssenter har bidrege til ein til dels kraftig nedgang i sjukefråværet, særleg for institusjonen.

Heimetenesta ligg langt framme i bruken av helseteknologi som reduserer reisetid. Arbeidet med å synleggjera gevinstane av desse løysingane held fram, og målet er å bruka teknologien til å styrkja både tenestekvalitet og ressursutnytting.

Satsinga på medarbeidarskap og godt partssamarbeid i 2025 ga gode resultat. Gjennom året har eininga styrkt involveringa av alle partar, særleg i turnusprosessar og i arbeidet med nedstenging av plassar ved FBBS.

Eininga bruker aktivt måleindikatorane for forsvarlegheit og rapporterer internt på dei kvar månad. Indikatorane gjev eit tydeleg og visuelt bilete av utviklinga over tid og bidreg til å identifisera kor det er nødvendig å setja inn tiltak, og er ein sentral del av internkontrollen i eininga.

Det er kjøpt inn ein ny minibuss til dagsenteret. Sjølv om dette styrkjer dagens transporttilbod, er kapasiteten ikkje tilstrekkeleg til å dekkja behovet, og eininga må framleis seia nei til brukarar som ønskjer plass ved dagsenteret.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Fagområde | Rekneskap | Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|----------------|----------------|----------------|--------------|--------------|
| | 2024 | 2025 | 2025 | | |
| 30-Helse og Velferd - Fagstab og felles satsingar | 2 598 | -10 409 | -20 485 | 10 076 | 96,8 % |
| 31-Avdeling Forvaltning og Koordinering | 32 869 | 31 915 | 32 710 | -795 | -2,5 % |
| 32-Legevakt og legetenester | 93 973 | 89 425 | 86 140 | 3 285 | 3,7 % |
| 34-NAV | 46 034 | 43 077 | 43 586 | -509 | -1,2 % |
| 35-Tilrettelagte tenester | 190 106 | 203 337 | 204 062 | -725 | -0,4 % |
| 36-Psykisk helse og rus | 74 638 | 75 098 | 76 864 | -1 766 | -2,4 % |
| 37-Luranetunet | 199 188 | 208 000 | 210 444 | -2 444 | -1,2 % |
| 38-Heimetenester Os | 88 323 | 94 212 | 95 497 | -1 285 | -1,4 % |
| 39-FBBS og Heimetenester Eikelandsosen | 84 065 | 92 178 | 89 992 | 2 186 | 2,4 % |
| Sum | 811 795 | 826 833 | 818 810 | 8 023 | 1,0 % |

Kommentar til status økonomi

Innleiing

Sektoren rapporterte om store avvik både i første og andre tertial og vart tilført betydelege beløp då kommunestyret behandla økonomirapport for andre tertial. Dette førte til at sektoren i 2025 endar opp med eit mindreforbruk i høve til revidert budsjett på kr 8 mill. Dei største kostnadsinnsparingane/meirinntektene kjem frå fagstab & felles satsingar, legevakt & legetenester og FBBS & heimetenester Eikelandsosen.

Budsjettreguleringane frå oktober er ikkje vidareført inn i rammene for 2026. Det vil seia at inntil einingane får effektar av omstillingsarbeidet knytt til innsats- og bustadstrapp, er rammene for 2026 sær s stramme, og det er høg risiko for økonomiske avvik.

Dei fleste einingane har hatt vesentlege vikarkostnader utover budsjett knytt til avvikling av KomLab-kurs. Mange einingar har også hatt meirkostnader knytt til sommarbonus for å sikra nok kompetanse i ferieavviklinga.

Fagstab og felles satsingar

Det er alltid stor usikkerheit knytt til refusjon for ressurskrevjande tenester, og sektoren fekk ei stor budsjettregulering i oktober til denne posten. Etter grundig gjennomgang ser det ut til at refusjonen vert høgare enn kva vi frykta, noko som bidreg til det gode resultatet i sektoren.

Avdeling forvaltning, koordinering og bustadkontor

Her er eit meirforbruk for 2025 på kr 0,8 mill. Ei årsak er høge transportkostnader til dagaktivisering for personar med demens (Øvreeide gard). Nokre av tenestekjøpa vert dessutan unødvendig kostbare på grunn av manglande tilbod/kapasitet. Det hender t.d. at vi må setja inn døgnkontinuerlege BPA-tenester fordi vi ikkje har ledig plass i bufellesskap.

Legevakt og legetenester

Legetenesta har i 2025 eit samla mindreforbruk på kr 3,3 mill. I tillegg til grundig jobb hausten 2024 for å få eit meir realistisk budsjett og tydeleg fokus på inntekter gjennom m.a. korrekt taksering, kjem mindreforbruket hovudsakleg av:

- Stabil drift ved legevakta i Eikelandsosen, utan behov for vikarar eller ekstrahjelp
- Nøktern og effektiv drift ved legevakta på Moberg
- Vakanse i legedekninga ved helsestasjonen, som følgje av utfordringar med rekruttering
- Inntekter frå HELFO knytt til LIS1-stillingar var ikkje budsjettert

Nav

Nav har eit overforbruk på kr 0,5 mill for tenesta samla sett, noko som skuldast for knappe ressursar til kvalifiseringsprogrammet.

Tilrettelagte tenester

Rekneskapen viser eit overforbruk på kr 0,7 mill. Dette skuldast først og fremst auka tenesteyting inn mot barn og unge.

Psykisk helse og rus

Rekneskapen for året viser eit overforbruk på kr 1,8 mill. Meirforbruket må sjåast i samanheng med vakante stillingar, periodar med høgt sjukefråvær, bruk av overtid og auka ressursbehov knytt til brukarar med samansette og omfattande utfordringar.

Luranetunet

Luranetunet har eit overforbruk på kr 2,4 mill. Forklaringa på dette er samansett, men kan m.a. knytast til rekrutteringsutfordringar, som fører til at vi har måtta leiga inn vikarar frå byrå og bruka ein del overtid. Ved ekstra behov hos pasientar, har eininga også måtta nytta meir ekstrahjelp enn budsjettert.

Heimetenester Os

Det økonomiske resultatet for 2025 er eit overforbruk på kr 1,3 mill. Dette skuldast overtid knytt til høgt sjukefråvær i periodar og ekstrahjelp for å kunna ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus eller sjukeheim.

FBBS og heimetenester Eikelandsosen

Eininga har eit mindreforbruk på kr 2,2 mill. Gjennom året har eininga hatt meirforbruk som følgje av innleige frå vikarbyrå. I heimetenesta har det vore innleige gjennom heile 2025, medan FBBS klarte å avvika bruken av vikarbyrå etter sommaren. Dette skuldast i stor grad at fem plassar ved sjukeheimen

vart stengde frå og med mai. Årsakene til behovet for innleige er todelte: sjukefråvær og utfordringar med rekruttering av fagkompetanse i vakante stillingar.

Status målsettingar

- Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.
- Vi er ein døgnoopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar
- Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet
- Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar
- Vi leverer treffsikre tenester

Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Skildring mål |
|--|---|------------------------------------|---------------------|------------------|---|
| Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling. | Vi etablerer ein pilot for digital heimeoppfølging som involverer 10 brukarar | Tal brukarar | 10 | 0 | ! Grunnlagsarbeid gjort, men ikkje starta opp. |
| | Vi reduserer matsvinnet på institusjonsskjøkena våre med 10 % i høve til 2024 | Tal brukarar | 10 | 0 | ! Manglar gode verktøy til dette arbeidet. |
| Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar | Vi har etablert verktøy for måling av gevinstar knytt til valde e-helsetiltak (alle = 100 %) | Ta brukarar med digitalt tilsyn | 100 | 50 | ! Arbeidet er i gang og vert vidareført i 2026. |
| Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet | 95 % av brukarane med prioritet 1 (akutte saker) som får vedtak om hjelpemiddel, får dette levert og i drift innan 48 timar | Del leveransar innan frist | 100,0 % | 100,0 % | ✓ Mål nådd. |
| | Alle rehab.pasientar på FBBS og LBBS skal ha ein plan innan 48 timar (alle = 100 %) | Del pasientar med plan innan frist | 100,0 % | 70,0 % | – Snittal. Mål nådd ved FBBS, men ikkje ved LBBS. |
| | Venteliste til ergo er på maks 30 personar | Tal på venteliste | 30 | 72 | ! Ventelista er alt for lang i høve til måltal. |
| | Vi gjennomfører internundervisning i alle fem avdelingar i heimetenesta for å implementera kartleggingspakken | Andel avdelingar | 100,0 % | 0,0 % | ! Dette har vi ikkje greidd å gjennomføra. |
| | Vi gjennomfører tverrfaglege tavlemøte i alle fem avdelingane i heimetenesta | Andel avdelingar | 100,0 % | 40,0 % | ! Høgt sjukefråvær har gjort det utfordrande å nå i mål. Oppfølging i 2026. |
| Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar | Alle einingar har etablert eit samarbeid for auka nærvær med Nav Arbeidslivssenter (alle = 100 %) | Andel einingar | 100,0 % | 98,0 % | – Så og seia i mål, og stor opplevd nytte av samarbeidet. |
| | Alle leiarane har gjennomført kurs i tilrettelegging for arbeidstakarar (oppfølging av sjukemelde, jobba | Andel leiarar som har gjennomført | 100,0 % | 90,0 % | – Nesten i mål også her, men utfordrande med 100 % p.g.a. turn-over. |

Årsmelding 2025

| Hovudmål | Mål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Skildring mål |
|---------------------------------------|--|------------------------------------|---------------------|------------------|--|
| | førebyggjande, aktuelle Nav-tiltak) | | | | |
| | Alle leiarar nyttar kompetansesystemet GLUP til sine tilsette (alle = 100 %) | Andel som har gjennomført | 100,0 % | 100,0 % | ✓ Mål nådd. |
| | Alle nyttilsette har gjennomført sertifiseringar i GLUP (alle = 100 %) | Andel som har gjennomført | 100,0 % | 55,0 % | ! Sjå forklaring under "samla vurdering mål og resultat". |
| | Vi klarer å rekruttera og behalda rett kompetanse, dvs. 100 % samsvar mellom utlyste, faste stillingar og faktisk kompetanse | Del rekruttert med rett kompetanse | 100,0 % | 50,0 % | ! Sjå forklaring under "samla vurdering mål og resultat". |
| Vi leverer treffsikre tenester | Vi har fokus på, og melder avvik innan infosikkerheit og personvern i alle einingar | Andel einingar | 100,0 % | 85,0 % | – Alle einingar melder avvik, men alle avvik vert nok ikkje meldt. |
| | Vi reduserer bruken av vikarbyrå med 50% i høve til 2024 | Redusert kostnad | 50,0 % | 0,0 % | ! Kostnadene er om lag på 2024-nivå p.g.a. rekrutteringssituasjonen. |

Samla vurdering mål og resultat

Ved utgangen av året ser kommunedirektøren at måla jamt over er for ambisiøse i høve til resultatata. Sektoren har t.d. ikkje oppnådd noko resultat i dei to del-måla til hovudmål om å stoppa klimaendringane og fremja berekraftig samfunnsutvikling. Digital heimeoppfølging (heimeteneste) er noko sektoren vil arbeida vidare med i 2026.

Dei beste resultatata kjem under hovudmålet om å ha trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar, med delmål knytt til auka nærvær og kompetanseheving for leiarar og tilsette. Det er likevel urovekkjande at vi ikkje klarer å få alle (ny)tilsette gjennom opplæringsløp og sertifiseringar i kompetansemodule GLUP. Opplæringsløp og sertifiseringar skal sikra at dei (ny)tilsette har nødvendig kompetanse til å gje forsvarlege tenester. Einingane rapporterer om at opplæring/sertifiseringar i GLUP krev fleire arbeidsdagar avsett til kompetanseheving enn kva budsjettammene gjev rom for, og einingane kjem dermed ikkje i mål.

Det er også urovekkjande at rekruttering er utfordrande i alle døgntenestene, og at vi i berre ca. 50 % av tilfella får rekruttert inn den kompetansen vi ønskjer oss. Dette resulterer igjen i bruk av vikarbyrå, der vi dessverre ikkje ser nokon nedgang i kostnad i høve til 2024. Ved utgangen av året er det berre eining FBBS og heimetenester Eikelandssosen som bruker vikarbyrå.

Sektoren har mange planarbeid i bestilling gjennom planstrategien, der arbeidet skulle starta opp eller vera ferdig i 2025. I løpet av året er det starta arbeid med demensplan og plan for legetenestene, medan handlingsplan for rehabilitering, psykisk helse og rus og helsemessig og sosial beredskap ikkje kan seiast å vera starta opp i det heile. Planarbeid heng tett saman med prosjekta i innsats- og bustadtrappa, men det er krevjande å ha nok kapasitet til planarbeidet. Vi vil følgja dette opp i 2026.

KOSTRA Nøkkeltal

| | Bjørnafjorden 2024 | Bjørnafjorden 2025 | Kostragruppe 09 | Landet uten Oslo |
|---|-----------------------|-----------------------|--------------------|------------------------|
| Prioritet | | | | |
| Netto driftsutgifter per innbygger (233) annet forebyggende helsearbeid (B) (**) | 396 | 227 | 396 | 454 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (241) diagnose behandling re-/habilitering (B) (**) | 3 588 | 3 196 | 3 245 | 3 280 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (242) råd veiledning og sosialt forebyggende arbeid (B) (**) | 2 414 | 2 288 | 1 372 | 1 375 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (253) helse- og omsorgstjenester i institusjon (B) (**) | 5 910 | 6 343 | 8 317 | 8 712 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (257) hjemmetjenester - personellbase knyttet til bofellesskap/samløst omsorgsboliger (B) (**) | 9 263 | 9 694 | 6 919 | 6 627 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (258) hjemmetjenester - ambulerende virksomhet med mer (B) (**) | 6 078 | 6 316 | 7 517 | 6 905 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (273) arbeidsrettede tiltak i kommunal regi (B) (**) | 179 | 246 | 187 | 226 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (276) kvalifiseringsordningen (B) (**) | 238 | 297 | 292 | 327 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (281) økonomisk sosialhjelp (B) (**) | 1 316 | 989 | 2 221 | 2 133 |
| Produktivitet | | | | |
| Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) | 48 953 | 44 035 | 71 559 | 71 216 |
| Dekningsgrad | | | | |
| Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov (B) | 32,9 % | 31,0 % | 26,9 % | 29,0 % |
| Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over (B) | 26,5 % | 27,7 % | 17,8 % | 17,8 % |
| Andel innbyggere 80 år og over i bolig med heldøgns bemanning | 5,8 % | 5,4 % | 3,1 % | 3,0 % |
| Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent) | 26,9 % | 26,2 % | 25,4 % | 25,1 % |

Årsmelding 2025

| | | | | |
|---|--------|--------|--------|--------|
| Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon | 6,0 % | 5,8 % | 7,9 % | 8,8 % |
| Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B) | 6,9 | 6,6 | 7,9 | 7,9 |
| Kvalitet | | | | |
| Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (prosent) | 90,3 % | 66,7 % | 89,1 % | 89,5 % |
| Andel pasienter på liste uten lege | 0,0 % | 0,0 % | 2,6 % | 2,4 % |
| Andre nøkkeltal | | | | |
| Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem | 1,27 | 1,30 | 0,72 | 0,71 |

***) Justert for utgiftsbehov*

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

| Investering | Totalbudsjett | | Budsjett for året | | |
|-------------------------|----------------|---------------|-------------------|----------------------------|----------------------|
| | Vedteke totalt | Påløpt totalt | Rev. bud. | Rekneskap Forbruk i % i år | Status |
| Bufellesskap | 57 000 | 54 481 | 4 511 | 1 993 | 44,2 % Ferdig |
| Kjøp av utleigebustader | 19 000 | 17 052 | 5 076 | 3 128 | 61,6 % Ikkje vurdert |
| Ombygging Grantun | 6 000 | 1 788 | 6 000 | 1 788 | 29,8 % Iht. plan |
| Senge- og utstyrvaskar | 2 300 | 0 | 2 300 | 0 | 0,0 % Forsinket |
| Velferdsteknologi | 25 000 | 7 002 | 3 000 | 774 | 25,8 % Ikkje vurdert |
| Sum | 109 300 | 80 323 | 20 888 | 7 683 | |

Statustekst investeringar

Bufellesskap

Sluttarbeid pågår.

Kjøp av utleigebustader

Innkjøp av bustad i Gymnasvegen vart gjennomført.

Ombygging Grantun

Grunnarbeid starta i november og pågjekk ut året. Planlagt ferdig i løpet av våren 2026.

Senge- og utstyrvaskar

Planlagt levert våren 2026.

Samfunnsutvikling

Viktige hendingar for tenesteproduksjonen

Prosjekteininga

Infrastruktur og kommunale bygningar er avgjerande for at Bjørnafjorden kommune skal oppretthalde ein robust og sikker tenesteleveranse.

Prosjekteininga har stor gjennomføringsevne og god kompetanse som bidreg til vidare utvikling av kommunen og gjennomføring av investeringsprosjekt. Det er kontinuerleg fokus på å styrkje kompetanse innan anskaffing, prosjektering og utføring.

Viktige hendingar i investeringsprosjekta vert rapportert i eige kapittel nedanfor. Investeringsprosjekta vert og rapportert til formannskapet jamleg gjennom året.

Plan og byggesak

Plan

I 2025 har avdelinga starta opp arbeidet med kommuneplanen sin arealdel (KPA). I 2025 har hovuddelen av arbeidet handla om oppstart av planarbeidet og vedtak av planprogram. I løpet av hausten gjennomførte avdelinga folkemøte på Sjøfteland, Osøyro og i Eikelandsosen, der avdelinga informerte om prosessen med KPA-arbeidet, og innbyggerane kunne stille spørsmål. Arbeidet kulminerte med vedtak av eit planprogram for felles KPA for heile kommunen på det siste kommunestyremøtet i desember 2025.

Kommunen har lagt opp til ein stram tidsplan for KPA, og det har vore viktig å sikre tilstrekkeleg med ressursar til å gjere dei oppgåvene som er nødvendige. I samband med ein rekrutteringsprosess som følgje av at ein planleggar slutta på slutten av året, valde vi derfor å tilsette ein ekstra ressurs i ei mellombels stilling som konkret skal arbeide med kommundelplan for naturmangfald og "planvask" i samband med KPA-arbeidet.

Samtidig har det vore viktig at utviklinga og arbeidet med andre planar ikkje stansar heilt på grunn av KPA-arbeidet. Planavdelinga har fleire andre planar som er viktige for kommunen, og vi har hatt eit høgt fokus på å behandle private planar raskt, for å kunne legge til rette for aktørar som ønskjer å utvikle prosjekt i kommunen.

Av dei kommunale planane var det særleg endringa av reguleringsplanen for Lyseparken som hadde størst fokus i starten av året, der det var naudsynt å få gjennomført ei endring av Lyseparken sør for å legge til rette for den nye Post-terminalen. Dette var eit prosjekt av regional betydning, og kommunen samarbeidde godt med sektormynde frå Statsforvaltar og Fylkeskommunen for å finne ei løysing som gjorde at ein kunne vedta dei nødvendige endringane for dette prosjektet. Dette var ei stor planendring, som blei vedtatt på mindre enn tre månadar.

I tillegg har det vore arbeidd med reguleringsplan for ny fotballbane på Sjøfteland. Den eksisterande bana har stort behov for rehabilitering, og har både ei utfordrande utforming og plassering nær Oselva. Det er gjort mykje godt arbeid ved tidlegare forsøk på regulering av bana, men det er likevel behov for ein god del nye utgreiningar og suppleringar av tidlegare rapportar. Dei førebelse tilboda tyder på at det

vil bli behov for fleire midlar enn det som vart sett av til arbeidet i fyrste omgang. Ved større behov for tilleggsløyvingar kan det bli aktuelt å løfte dette behovet i ei ny politisk sak.

Når det gjeld private planar detaljreguleringar er alle desse behandla innan saksbehandlingsfristane både til førstegongsbehandling, og endeleg vedtak.

Kommunen har også gått til mekling på nokre reguleringsplanar der sektormynde hadde motsegn. For akvakulturanlegget i Aldalen fekk vi løyst saka, og Statsforvalter trakk motsegna slik at kommunen kunne vedta planen, men her blei planen oppheva etter klage, på grunnlag av mangelfull vurdering av krava etter naturmangfaldslova. Vi gjennomførte også mekling på reguleringsplanen for Ådnamarca Sør, regulering av eit næringsareal mellom "Lidl-lageret" og Nore Neset ungdomsskule. Der fann vi ikkje ei løysing på motsegna, og saka blei send til departementet for endeleg avgjerd. Departementet var på synfaring og fekk ein gjennomgang av saka i oktober, men det er p.t. framleis ikkje kome avgjerd i saka.

Byggesak

Til tross for at byggebransjen framleis har hatt vanskelege tider gjennom 2025, med fleire store konkursar, har aktiviteten i Bjørnafjorden gått markant opp. På byggesaksavdelinga blir dette tydeleg med ei stor auke både i saker og i samla gebyrinntekter. Kommunen fekk inn 507 nye byggjesaker i 2025, opp frå 363 nye byggjesaker i 2024. Vi har også mottatt 82 saker som gjeld deling og arealoverføring, noko som er ei auke på 10 saker frå 2024. Dette gjer at byggjesak nådde dei budsjetterte inntektene for 2025.

Det har vore stor aktivitet både på nærings sida og på private bustadar. For næringsområde er det Lyseparken som har vore den store drivaren. Der er det starta utbygging av det vegtekniske anlegget i Lyseparken nord, med fleire store saker som både har fått godkjent byggeløyve på planering og klargjering av tomt, og på oppføring av næringsbygg. Det største prosjektet ligg i Lyseparken sør, der Posten skal bygge den nye terminalen sin. Størstedelen av området i Lyseparken sør er no avsett til dette prosjektet. I tillegg har det vore noko aktivitet i Samnøy næringspark, med næring som kan knytast til den eksisterande aktiviteten på tømmerkaia.

Når det gjeld bustadutvikling ser vi at det er ei endring i marknaden. Det er færre einebustadar og mindre prosjekt, men ei auke i større prosjekt med mindre leilegheiter og meir konsentrert småhusbustadar. Dette skuldast nok dels ein stor auke i byggekostnadar dei siste åra, som gjer bygginga meir kostnadskrevjande, men det er også i samsvar med den generelle i arealplanlegginga, der det er eit viktig fokus å bygge meir arealeffektivt, tettare på senterområda, og med mindre bruk av urørte område. Denne utviklinga gjer også at eit fåtal av sakene utgjer ein større del av arbeidet og gebyrinntektene, noko som gjer avdelinga meir sårbar for mindre endringar som kan påverke enkeltprosjekt i kommunen.

Tilsynsarbeidet har dei siste åra vore ustabil og sporadisk som følgje av personellsituasjonen, og det er eit ønskje frå både kommunen og næringa at det nyttast ressursar til å gjere dette arbeidet meir systematisk. Avdelinga har gjennomført ein rekrutteringsprosess hausten 2025, og gjort ei tilsetting som vil starta i januar 2026. Tilsettinga treff godt på kompetanse og erfaring, og vil bidra til å sikre at kommunen er synleg med tilsyn i aktive byggesaker. Det er viktig at kommunen er til stades med tilsyn på byggeplassar, både for å kontrollere den enkelte byggesaka, men også for at det skal ha ein oppdragande effekt på bransjen generelt i kommunen.

Kart og oppmåling

Året byrja med ein viss nedgang i saksmengda. Det verka som om det var ein viss stillstand i byggebransjen og ein del prosjekt stod på vent. Aktiviteten tok seg opp ein del utover våren. Bemanninga på eininga er justert pga generelt lågare aktivitetsnivå på «sjølvkostområdet».

Omsetningsnivået på eigedom i kommunen er høgt. Dette merkar kart- og oppmåling godt, då vi har stor pågang frå eigedomsmeklarar og takstfolk m.m. for å få ut opplysingar om eigedomar, reguleringsplanar og byggesaksopplysningar. Det vart gjennomført 136 oppmålingsforretningar av avdelinga i 2025. Det vart totalt etablert 83 nye eigedomar i kommunen, noko som er litt høgare enn for 2024. Saksmengda og utviklinga over tid følgjer av tabell nedanfor:

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|----------------------|------|------|------|------|------|------|
| Nye eigedomar | 78 | 98 | 61 | 55 | 74 | 83 |
| Nye seksjonar | 74 | 84 | 181 | 160 | 40 | 57 |

I sum har saksmengda auka sjølv om det også er ei endring i sakstypar. Vi har og hatt fleire regulerte felt som gjev ei grei auke. Vi får også inn fleire saker med klarlegging av grenser. Desse sakene er ofte meir tidkrevjande å gjennomføre.

Landbrukskontoret

2025 har vore eit år med høg aktivitet og eit tydeleg press på kapasiteten i landbrukskontoret. Kontoret fatta 818 vedtak, mot 657 året før, og saksmengda har auka særleg innan jordlov, konsesjon og planrelaterte oppgåver. I tillegg kjem eit omfattande arbeid med uttaler i areal- og byggesaker, der landbrukskontoret bidreg med faglege vurderingar og kunnskapsgrunnlag.

Arbeidet med kommuneplanens arealdel (KPA) har i stor grad prega året. KPA-arbeidet har vore i ulike fasar i kommunane: silingsfase i Bjørnafjorden, slutfase i Tysnes og oppstart i Samnanger. Dette har sett store krav til landbrukskontoret si rolle som fagleg bidragsytar. KPA-prosessen i Bjørnafjorden har vore meir omfattande og intens enn det som har vore vanleg i tidlegare planprosessar, og har i periodar bunde betydelege ressursar. Samtidig har kontoret oppretthalde nødvendig saksbehandling og rettleiing, og prioritert å levere etter beste evne innanfor dei rammene som har vore tilgjengelege.

Endringar i konsesjonslova har òg påverka tenesteproduksjonen. I praksis har dette ført til meir arbeid og eit større behov for avklaringsar og rettleiing i enkeltsaker, delvis i grenseflater mot område som ikkje alltid ligg i landbrukskontoret sitt kjernefelt.

Vi registrerer òg at fleire eigarar startar opp med dyrehold. Dette gir positive signal om aktivitet og interesse for landbruk, men medfører òg auka behov for rettleiing og oppfølging, særleg knytt til regelverk, dyrevelferd, gjødselhandtering og arealgrunnlag.

Landbrukskontoret lagar ein utfyllande årsrapport som dekkje alle område som vert sendt ut til orientering.

Statsforvaltaren gjennomførte forvaltningskontroll av tilskotsordninga for Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK-ordninga) utan avvik. Kontrollen stadfesta at landbrukskontoret forvaltar ordninga i samsvar med regelverk, og peika samtidig på vidare utviklingspunkt knytt til dokumentasjon av risikovurderingar og kontrollpunkt som del av kontinuerleg forbetring.

Kultureininga

2025 har vore eit godt arbeidsår for kultureininga. Det har vore god leveranse på alle felt og i dei ulike kulturtenestene. I biblioteka har vi ein generell auke både i utlån og i besøk både fysisk og på biblioteket si nettside. Opning av filialen i Eikelandsosen i nye lokale og snorklipping av ordførar 29. november var

eit høgdepunkt.

Det har vore eit særleg aktivt år på tema friluftsliv med Friluftslivets år og fleire aktuelle utbyggingsprosjekt. I tillegg er det blitt jobba med eiga kartlegging «Friluftslivets ferdselsårer».

I periodar har det også vore eit særleg stort arbeidspress ved spesielle hendingar og arbeid inn mot fristar. Sjukefråværet var på 3,19% i snitt for 2025, mot 1,93% i 2024. Det er framleis lågt, men vi er sårbare med nøkkelfunksjonar med liten overlapp i kompetanse og kapasitet.

Fokus på godt arbeidsmiljø er då viktig i det førebyggjande arbeidet. Arbeidsmiljøgruppa (AMG) styrte det systematiske arbeidet, medan ei sosialgruppe m.a. sto for organiseringa av personaltur til Tysnes med fagleg opplegg.

Brann og redning

Beredskap

I 2025 hadde Bjørnafjorden brann- og redning (BBR) 330 oppdrag, ein nedgang på 7 oppdrag (1 %) frå året før. Eininga har arbeidd målretta for å redusere talet på unødvendige brannalarmer og automatiske brannalarmer (ABA), som framleis utgjør ein stor del av utrykkingane. For å redusere desse tala er det sett i verk fleire tiltak, mellom anna tettare dialog med næringslivet og kommunale bygg for å betre rutinar for kontroll av brannvarslingsanlegg. Målet er å redusere kostnader, unngå samtidigheitskonfliktar og minimere risiko for skade under utrykkingskøyring.

I løpet av året vart det gjennomført ei rekkje kompetansetiltak, inkludert røykdykkartrening, utdanning for utrykingsleiar på Brannskulen og fellesøvingar med andre naudetatar i regionen. BBR deltok òg aktivt i Vest brann- og redningsregion (VBR), eit samarbeid mellom 21 kommunar for å utvikle og styrkje beredskapen.

Førebyggjande avdeling

Førebyggjande avdeling følgjer opp branntryggleiken gjennom tilsyn, feiing, bekymringsmeldingar og handsaming av førespurnader frå om lag 10 000 bustader i kommunen. I 2025 vart det gjennomført om lag 1 200 tilsyn og feiingar i bustader og fritidsbustader. Det vart registrert rundt 10 bekymringsmeldingar som alle er følgde opp, nokre i samarbeid med EI-tilsynet, kommunelegen, helse, barnevern, byggesak m.fl.

Avdelinga følgjer òg opp om lag 170 registrerte næringsbygg og særskilde brannobjekt i kommunen, gjennom tilsyn, informasjon, oppfølging av bekymringsmeldingar, kartleggingar og aksjonar. Det vart gjennomført kartlegging av branntryggleiken ved 25 helsebygg og 20 private skular og barnehagar. Båthamner, campingplassar og bubilparkeringsplassar er òg følgde opp med informasjon om branntryggleik. Alle fyrverkeriutsal er kontrollerte, og saman med beredskap er det gjennomført viktige synfaringar ved særleg risikoeksponerte objekt som Lysøen, Ohara og Halhjem gassanlegg.

Alle kommunale utleigebustader utan krav om assistert rømming (om lag 170 bustader) er følgde opp med kartlegging av branntryggleik. Der det har mangla, er det etablert røykvarsling og sløkkeutstyr. Arbeidet er gjort i samarbeid med bustadkontoret og driftsavdelinga i kommunen.

Pipesensorteknologi er no installert i 350 bustader i kommunen. Vidare utvikling av denne teknologien kan på sikt effektivisere tenesta vesentleg.

Det er teke inn to nye lærlingar i avdelinga.

Eigedom Drift

Eigedom Drift kan sjå tilbake på eit år prega av god drift, solid økonomistyring og høg kvalitet i arbeidet – trass både innsparingar og fleire organisatoriske endringar. Gjennom 2025 har avdelinga levert stabile tenester og samtidig vidareutvikla viktige fagområde på tvers av Os og Fusa.

Samanslåinga av reinhaldstenesta på Fusa-sida med modellen på Os er no godt innarbeidd. Dette har bidrege til meir einskaplege rutinar, føreseieleg drift og eit styrka fagmiljø.

Desse tala viser eit høgt aktivitetsnivå, effektiv sakshandsaming og kapasitet til å handtere både planlagde og uventa oppgåver.

Elektro

Elektrogruppa har levert fleire viktige prosjekt gjennom året. Mellom anna har ein skifta varmpumpe i Holmefjord oppveksttun, modernisert belysninga og fasadeglas i Rådhuset. Eininga har og starta arbeidet med skifte av nøkkel- og adgangskontrollsystem og ein har sikkerheitsvurdert dei sentrale driftsanlegga (SD-anlegga). Dette bidreg til både tryggare drift, lågare energibruk og betre brukarkomfort.

Reinhald

I 2025 fekk Eigedom Drift ein ny reinhaldsleverandør frå august. Overgangen innebar nokre innkjøyringsutfordringar, men tett og konstruktivt samarbeid med leverandøren har sikra rask oppfølging og stabile tenester. Det er særleg positivt at dei fleste reinhaldarane vart med vidare, noko som gav kontinuitet og tryggleik i tenesta.

Grøntavdelinga

Det har vore ein reduksjon frå tre til to årsverk i 2025, men avdelinga har levert god og målretta drift. I høgsesong er ressursane brukt spesielt effektivt, og medarbeidarane har vist stor kompetanse og fleksibilitet.

Avdelinga bidreg i stor grad til trivsel for både innbyggjarar og brukarar av uteområda våre – noko vi er svært stolte av.

Drift og vedlikehald av bygg

Avdelinga har prioritert godt tilsyn, service og førebyggjande arbeid for å minimere akutte driftsavbrot. Hausten vart noko krevjande då tre medarbeidarar slutta, men med vikarar og nye tilsette på plass mot slutten av året er kapasiteten no tilbake på eit godt nivå.

Det er mange ulike offentlige tilsyn vi handterer fortløpande – innan miljøretta helsevern, el-tilsyn, branntilsyn, arbeidstilsyn og fleire. Desse krev god dokumentasjon og ein del ressursbruk, men vi ser også at dei bidreg til kvalitet og tryggleik i tenestene våre. Samtidig jobbar vi kontinuerleg for å finne gode løysingar innanfor dei rammevilkåra kommunane har, og vi set pris på dialog som kan gjere prosessane så smidige som mogleg.

Sjølv om enkelte prosjekt måtte utsetjast, har det daglege vedlikehaldsarbeidet vore utført med høg kvalitet. Avdelinga har også halde fram med å ta inn folk til praksis og språktrening – ein viktig del av vårt samfunnsoppdrag.

Eit solid samarbeid på tvers av Os og Fusa har styrka fagmiljøet, og medarbeidarane har vist både godt humør, god kompetanse og sterk eigarskap til oppgåvene sine.

Samferdsle

Veglys

Det er inngått ny kontrakt med Set Elektro etter gjennomført anbod i samarbeid med Vestland fylkeskommune, Askøy kommune, Alver kommune, Osterøy kommune og Øygarden kommune. Oppstart av kontrakten var i oktober. Det vart ein krevjande start på ny kontrakt, mellom anna knytt til overgang til ny leverandør og innkøying av nye rutinar.

Det har vore mykje diskusjon rundt sløkking av veglys. Situasjonen har betra seg etter at tidspunktet for sløkking vart justert til kl. 23.00–06.00. Tiltaket er gjennomført for å redusere energiforbruk og kostnader, og ser ut til å ha god effekt utan å gi vesentlege negative konsekvensar for trafikktryggleiken.

Kaier og bruer

Os Industrikai har vore gjennom ei nødvendig utbetring. Kaia er ei viktig inntektskjelde for samferdsleområdet og spelar ei sentral rolle i lokal næringsaktivitet. Eikelandsosen kai kan per i dag berre nyttast delvis, og tømmertransporten er flytta til Samnøy. Dette har medført ein inntektsreduksjon. Det er gjennomført inspeksjon av alle kommunale bruer og kaier. Inspeksjonane avdekkjer eit omfattande vedlikehaldsbehov, og det vil vere behov for vidare prioritering og planlegging av tiltak framover.

Vegvedlikehald

Etterslepet på vedlikehald av kommunale vegar aukar, og dette er ei utfordring som krev store ressursar. Det er nødvendig med langsiktig planlegging og tydelege prioriteringar innanfor tilgjengelege rammer. Kantklipping starta i juni, men vart forseinka då traktoren havarerte. Veg i Skeisbotn og Eikhaugvegen er delvis rehabiliterte med midlar frå kommunal infrastruktur. Vegane vart gravne opp og bygde opp på nytt.

Vatn og avløp

Vassproduksjon

Vassproduksjonen i Bjørnafjorden kommune har i 2025 vore stabil og i hovudsak i tråd med behovet. Vassforsyningssystemet omfattar vassbehandlingsanlegga Os, Søvik, Eikelandsosen, Holmefjord, Helland og Skjelbreid. Søvik VBA er fasa ut og blir nytta som reserveanlegg. Helland og Skjelbreid leverer vatn til Eikelandsosen-området. Ved Holmefjord vassbehandlingsanlegg er det registrert auka vassbruk, mellom anna som følgje av fleire fastbuande og etablering av rasteplass i området. Vasskvaliteten har gjennom året vore god og det er gjennomført ordinært vedlikehald.

Vassdistribusjon

Distribusjonsnettet har i 2025 hatt stabil drift, og det er ikkje registrert avvik frå fastsette forsyningsmål. Rutinemessige kontrollar er gjennomførte gjennom året. Søvik-området er kopla til Os vassbehandlingsanlegg via ny leidning.

Vassleidningbrot og lekkasjar

Det har vore fleire vassleidningsbrot i kommunen i løpet av 2025. Nokre av brota har vore krevjande, mellom anna brot i område med leire og brot på eldre leidningar av eternitt. Slike hendingar har

medført midlertidige driftsutfordringar, men forsyninga har i hovudsak blitt oppretthalden gjennom omdirigering av vatn og rask utbetring. Som del av arbeidet med å redusere risiko for framtidige brot, er delar av eldre leidningsnett skifta ut med meir robuste materialar.

Vassprøvar og drikkevasskvalitet

Det er gjennomført systematisk prøvetaking av drikkevattnet i tråd med drikkevassforskrifta. Det er kun registrert eit mindre avvik med entrokkok ved Tømmernesbru. Prøvetaking og dokumentasjon inngår som ein del av kommunen sin internkontroll for vassforsyninga.

Tryggleik og beredskap

Det er etablert reservevassforsyning som kan nyttast ved svikt i ordinær forsyning, i tråd med krav frå Mattilsynet og drikkevassforskrifta. Reserveforsyninga leverer vatn via det ordinære distribusjonssystemet. Som del av dette arbeidet er det installert pH-målar for kontinuerleg overvaking av vasskvaliteten. Reservevassforsyninga inngår i kommunen si risiko- og sårbarheitsanalyse og styrkar den samla forsyningstryggleiken.

Avløp

OHARA reinseanlegg har i perioden hatt driftsutfordringar knytte til teknisk utstyr. Dette er fortløpande handtert. Frå november er transport av slam overteken av BIR.

Det er registrert tre overskridingar av reinsekrava. Desse er handterte. Slamprøver oppfyller kravet til tørrstoff.

Det er gjennomført fleire vedlikehalds- og forbetringstiltak ved anlegget, men det er og observert aukande førekomst av mugg i delar av anlegget.

Dei mindre reinseanlegga Skeisleira, Søvikvågen, Strandvik, Eikelandsosen og Ådnavika har vore i drift med varierende driftsutfordringar. Utfordringane har vore handtert fortløpande.

Drifta av avløpstransport i 2025 har i hovudsak vore stabil. Planlagt drift og vedlikehald er gjennomført i tråd med avtale, inkludert reinhald. Nokre leidningar med historikk for tilstopping, mellom anna mot OHARA, har hatt særleg tett oppfølging. Samstundes er det avdekt utfordringar knytt til framandvatn i delar av nettet, noko som gir auka belastning på transportsystemet. Dette vert følgt opp vidare med målingar og vurdering av tiltak.

Slam frå OHARA vert no handtert av Bergen Vann og levert til Bergen Biogass for vidare behandling.

Kommunen har om lag 3000 private avløpsanlegg. Kartlegginga av desse er tidkrevjande, men nødvendig for å sikre oversikt over tilstand og at anlegga oppfyller gjeldande krav.

Fleire anlegg er gjennomført eller under arbeid i eigenregi. Det gjeld Vesterlio, Solstrandvegen, Vågshaugen, Tellevika, Torkjelsvegen og Gåssand. SmartDok vert nytta til timeregistrering og logging av maskintimar, og gir god oversikt over drift og ressursbruk.

Det er inngått ny kontrakt for innsamling av slam. Marknaden har få tilbydarar, og konkurransen er avgrensa. I den gjennomførte anskaffinga var det berre éin tilbydar, NORVA 24.

Den nye kontrakten har medført auka kostnader til slamtømming samanlikna med tidlegare avtale. Kostnadsauken heng i hovudsak saman med marknadssituasjonen og manglande konkurranse.

Tilsyn statsforvalteren

Statsforvaltaren i Vestland gjennomførte 2. september 2025 tilsyn med avløpsanlegga i Os tettbygd

område i Bjørnafjorden kommune. I tilsynsrapporten peika Statsforvaltaren på fleire avvik knytt til kommunen si styring og dokumentasjon av avløpssystemet. VA har i etterkant av tilsynet sett i verk eit strukturert oppfølgingsarbeid for å lukke avvika som vart peika på. Det er etablert eigne arbeidsprosessar for å utarbeide miljørisikovurdering for det samla avløpssystemet og for å betre dokumentasjon og oversikt over overløp og utslepp frå leidningsnettet. Arbeidet er basert på data frå kommunen sine eigne system og operative opplysningar frå Bergen Vann.

Statsforvaltaren har i brev om avslutning av tilsynet vurdert fleire av avvika som følgde opp på eit nivå som gjer at tilsynet kan avsluttast, samtidig som det er gitt faglege merknader og anbefalingar for vidare forbetningsarbeid. Eitt forhold blir følgt vidare, knytt til overføring av Solstrandområdet til OHARA reinseanlegg. Oppfølging av tilsynet inngår som ein del av kommunen sitt vidare arbeid med å styrkje internkontroll, datagrunnlag og langsiktig planlegging på avløpsområdet.

Innbyggarservice

Oppgåver som ligg til Innbyggarservice er registrering og fordeling av all post til kommunen, arkiv, utvalssekretariat, val, kommunikasjon, nettsider, utarbeiding og vedlikehald av digitale skjema, publikumsmottak og sentralbord. Alle tilsette i Innbyggarservice skal svare, forklare og ta i vare våre oppgåver på vegner av kommunen. Vi skal bidra med gode svar og løysingar som gjer folk i stand til å gjere det dei treng/ønskjer.

Sjukefråvær og leiarskifte

Eininga har sidan starten vore prega av mykje sjukefråvær, og dei to siste åra har det dessutan vore stor utskifting i leiinga på Innbyggarservice, slik at vi av ulike årsaker har hatt seks leiingar dei to siste åra. Vi har derfor framleis ein del etterslep, men har arbeidd vidare for å redusere nettopp sårbarheita gjennom å veksle på oppgåver knytt til publikumsmottaket og Utvalssekretariatet. Det inneber at fleire kan gjere jobben for kvarandre.

Sal av Kommunetunet

Det meste av 2025 blei for tilsette i Kommunetunet sin del prega av at bygget skulle seljast. Dette inneber at også det sentrale postmottaket for Bjørnafjorden kommune har flytta. Det har vore ein krevjande prosess som nok har kosta ein del energi og frustrasjon. Likevel er Innbyggarservice sine oppgåver løyste slik dei skal. Dei tilsette er no på plass i nye lokale i Fjord'n nærseier.

Digitalisering av arkiv

Det har vore ein omfattande jobb med å digitalisere delar av arkivet for kommunane Os og Fusa, og dette heldt fram i 2025. For tida gjeld det særleg Byggesak, Oppmåling og Plan.

Branntilsyn og feiing – Cubit

Prosjektet for å overføre arkivverdige dokument om branntilsyn og feiing frå åra 2021–2024 frå fagsystemet Cubit til WebSak er no fullført. Arbeidet gjekk føre seg frå februar til juni. Totalt blei om lag 8000 saker overførte, samt over 60.000 dokument.

Kvalitetssystemet EQS

Integrasjonen mellom kvalitetssystemet EQS og WebSak blei fullført i november 2025. Alle eksisterande godkjente dokument i EQS blei då overførte, til saman 6372 saker. Integrasjonen gjer at godkjente dokument, endringsloggar og rapportar frå EQS blir sende direkte til WebSak for arkivering. Dette sikrar at viktig styringsdokumentasjon ikkje blir gløymd eller blir liggande utanfor arkivet. Integrasjonen er no i kontinuerleg drift og overfører nye dokument fortløpande.

Publiserte artiklar – CMS

Arkivlova krev at innhald med forvaltningsmessig eller historisk verdi skal arkiverast. Dette gjeld òg informasjon som blir publisert på offentlege nettsider. For å oppfylle desse krava har Innbyggarservice kjøpt ein modul som automatisk arkiverer publiserte artiklar frå CMS i WebSak. Integrasjonen er no i kontinuerleg drift.

Det er gjort ei historisk overføring av artiklar frå perioden 2022 til 2026. Totalt er om lag 2000 dokument overførte. Modulen held fram med å arkivere nye artiklar fortløpande.

Dokumentasjons- og bevarings og kassasjonsplan

Innbyggarservice har i 2025 arbeidd med å oppdatere dokumentasjonsplanen og bevarings- og kassasjonsplanen (BK-planen) for Bjørnafjorden kommune.

Dokumentasjonsplanen gir ei oversikt over kva slags informasjon kommunen skaper, kvar han blir lagra, og korleis han skal handterast.

BK-planen fastset kva dokumentasjon som skal bevarast for alltid, og kva som kan kasserast når han ikkje lenger er nødvendig. Arbeidet held fram.

Brukarintegrasjon – HRM

I 2025 fullførte kommunen innføring av brukarintegrasjon mellom HRM og WebSak. Tilsette som oppfyller bestemte kriterium får no automatisk tilgang, medan andre framleis må søkje. Integrasjonen har gitt ei tydeleg effektivisering av brukaradministrasjonen og raskare tilgang for nye tilsette.

Skjema

Grunna langtidssjukemelding var det lite produksjon av digitale skjema delar av året, men det tok seg opp utover året då erstattar fekk meir kunnskap. Mot slutten av året starta vi med konvertering av skjema til ny modul. Dette er ein manuell og tidkrevjande jobb som gjerast i tillegg til ordinært arbeid.

Kommunikasjon

Kommunikasjonsrådgjevarane har ansvar for informasjon på www.bjornafjorden.kommune.no, Innsio og sosiale medium. I tillegg til fortløpande oppgåver, som produksjon av nyheitsartiklar, har vi i 2025 i aukande grad satsa på film i kommunikasjonen rundt kommunen sine tenester og tilbod, til dømes Betre tverrfagleg innsats (BTI), familieråd, folkehelse og rekruttering av frivillige. Filmene blir òg publiserte og delte på bjornafjorden.kommune.no og i sosiale medium.

Utval

For å redusere sårbarheita, har Utvalssekretariatet to årsverk fordelt på tre personar og har jobba for å redusere sårbarheita gjennom å veksle på oppgåver knytt til publikumsmottaket og utvalssekretariatet. Utvalssekretariatet har fått ansvaret for Kommune-TV, som er krevjande kombinert med protokollskrivning, som og må vere hovudprioritet.

Kommunetorg – sentralbord

Kommunetorget har 1,8 årsverk og held opningstidene, men må ofte i aksjon utanom opningstidene. Vi har mange innbyggjarar som ikkje er digitale nok til å klare seg med digitalt førsteval, og som verkeleg treng Kommunetorget. Vi har også oppgåver opp mot tilsette i kommunen, som til dømes tilgangskontroll til fleire bygg. Andre tilsette og ekstern vikar bidrar ved fråvær og ferieavvikling, og tilsette i Kommunetorget jobbar også med utval og dokumentforvaltning. Tidlegstemming til stortingsvalet 2025 i perioden 1. juli – 8. august blei gjennomført i Kommunetorget.

Val 2025

Om lag halvparten av dei tilsette i Innbyggarservice var aktivt involvert i planlegginga og gjennomføringa av Stortings- og sametingsvalet 2025. Dette er eit viktig og givande arbeid som krev ekstra ressursar i ein arbeidsstokk som allereie er pressa på kapasitet til å handtere alle oppgåver. Dette fører til at det ikkje er kapasitet til å drive langsiktige utviklingsoppgåver.

Arbeid med klima og miljø

Bjørnafjorden kommune har ein klimavisjon om å bli eit nullutsleppssamfunn innan 2050. Kommunen skal jobbe systematisk for klima og miljø i anskaffingane sine/ grønne innkjøp. Ønska effekt er å få ein bevisst strategisk bruk av anskaffingar for å bidra til at kommunen når dei måla som er sette knytt til klima og miljø. Samt bidra til å velje løysingar som er berekraftige. Kommunen vil mellom anna ha fokus på klima, energi og miljø gjennom energireducerande tiltak i kommunale bygg og anlegg, legge tilrette for miljøvenlege transportformar som kollektivtransport, sykling og gange, stille krav om klimavenlege løysingar i utviklingsprosjekt kommunen deltar i, og stimulere til grøn næringsutvikling.

Det øvrige klimaarbeidet

Bjørnafjorden kommune er medlem i Klimapartner Vestland, noko som gir tilgang til faglege nettverk og gode døme på klimaomstillingsarbeid. Samtidig har kommunen, grunna den økonomiske situasjonen, ikkje hatt eigne tilsette som arbeider eksklusivt med klima- og miljøoppgåver dei siste åra. Kommunen har heller ikkje prioritert kjøp av tilsvarande spesialiserte tenester frå eksterne fagmiljø. I desember 2025 vart det beslutta å rekruttere fleire medarbeidarar som har fått klima- og miljøoppgåver som ein sentral del av ansvarsområdet sitt. Det er òg etablert ei eiga arbeidsgruppe for klima og miljø. Denne gruppa skal gjennomgå, vurdere og samordne dei tiltaka som er gjennomførte dei siste åra, i tillegg til å koordinere det vidare arbeidet på tvers av einingar og fagmiljø.

Kommunen held fram med å stille krav om miljøtiltak i alle større byggjeprojekt. Dette omfattar blant anna krav om solceller og dokumentasjon som LCD-berekningar. Slike krav vert innarbeidde både i funksjonsskildringar og gjennom bruk av relevante standardar og forskrifter.

Klima- og miljøomsyn utgjer òg ein sentral del av planarbeidet i kommunen. Alle planar inkluderer no ei vurdering av FN sine berekraftsmål, og dette sikrar at klima- og miljøperspektivet blir ein naturleg del av strategiske val, både i tettstadutvikling, arealbruk og samfunnsutvikling generelt.

Gjennomførte klimatiltak

Kommunen har gjennom 2024 og 2025 halde fram med ei rekke ENØK-tiltak, mellom anna gjennom modernisering og betre bruk av SD-anlegget (sentral driftskontroll). Dette har gjort det mogleg å optimalisere straumforbruket systematisk. Auka merksemd på temperaturstyring og utskifting av ventilasjonsanlegg som gir størst energiinnsparingar, har vore viktige årsaker til at kommunen har oppnådd ein samla reduksjon på om lag 780 000 kWh.

Samtidig har kommunen arbeidd kontinuerleg med å kople avløp på OHARA-systemet. Prosjekt Skeisleira og prosjekt Solstrand er godt igang og planlagt ferdig i 2027 og 2028. I tillegg vart Ådnavika reinseanlegg i Strandvik ferdigstilt i 2025. Klima- og miljøkrav inngår i byggje- og anleggsprosjekta, noko som ein kan sjå i både Tellevika- og Solstrandprosjekta, samt i fleire nye pumpestasjonar.

Årsmelding 2025

Når det gjeld transport og infrastruktur vart Åsen–Helleskaret med 2 km gang- og sykkelveg ferdigstilt i 2025. Det vart òg utarbeidd planar for ny kollektivterminal og innfartsparkering, som vil kunne styrke den miljøvenlege transportkapasiteten i kommunen.

På oppvekstområdet vart ein av barnehagane sertifisert med "Grønt flagg", og fleire barnehagar er no i prosess for å oppnå same sertifisering. Klima og miljø er også integrert i både rammeplanen for barnehagane og læreplanverket for skulen, slik at berekraftsarbeidet blir ein del av den daglege praksisen i møte med barn og unge.

Kommunen tek del i Klimarapport frå AsplanViak og får årlege rapportar:

Klimarekneskap for 2024 og 2025

| Kategori | 2024 | 2025 |
|------------------------------|------------------|------------------|
| Totalt utslepp | 13,552 tonn CO2e | 12.583 tonn CO2e |
| Utslepp per årsverk | 8.619 tonn CO2e | 8,005 tonn CO2e |
| Utslepp per omsetning (MNOK) | 4.9 tonn CO2e | 4.4 tonn CO2e |

10 største bidrag til utslepp i 2024 og 2025

| Kategori | Bidrag (tonn CO2e) 2024 | Bidrag (tonn CO2e) 2025 |
|---|-------------------------|-------------------------|
| Kjøp frå andre | 3,641 | 2,953 (23%) |
| Vedlikehald, påkostnad nybygg og nyanlegg | 2,391 | 2,120 (17%) |
| Elektrisitet - Norsk forbruksmiks | 1,038 | 948 (8%) |
| Transport og reise | 883 | 988 (8%) |
| Matvarer | 693 | 632 (5%) |
| Kjøp frå kommunar | 453 | 414 (3%) |
| Kjøp og finansiell leihe av driftsmidlar | 386 | 500 (4%) |
| Andre tenester | 373 | 288 (2%) |
| Avgifter, gebyr, lisensar o.l. | 331 | |
| Eige av lokalar og grunn | 311 | 334 (3%) |
| Kontormateriell | | 524 (4%) |


Fossilfrie kjøretøy

| | 2025 |
|------------------------------|----------------|
| Personbilar | 22 av 72 (31%) |
| Tunge kjøretøy over 3,5 tonn | 0 |
| Varebilar | 10 av 57 (18%) |

Dersom ein ser på kommunen som heilskap, og ikkje berre organisasjonen Bjørnafjorden kommune, vil tala sjå slik ut:


Utslipp over tid

Denne figuren illustrerer hvordan klimaregnskapet til Bjørnafjorden kommune har utviklet seg over tid.



Klimaregnskap sammenlignet mot bransjenittet

Denne figuren illustrerer klimaregnskapet til Bjørnafjorden kommune sammenlignet mot bransjenittet.



Omstilling

Arbeidet med bygging av nye heildøgns omsorgsbustader er kome godt i gang, og det er utarbeidd ein strategisk bustadpolitikk som ramme for prosjektet. Endringar i bustadstrukturen, særleg for eldre, er eit viktig tiltak for å lukkast med innsats- og bustadtrappa. I den første fasen er bygging i Landboden og i Eikelandssosen prioritert. Det er òg utarbeidd konsept for val av utbyggjarar, og forhandlingane er godt i gang.

Samfunnsutvikling sitt arbeid med *Heilskapleg bustad- og innsatstrapp* er òg knytt til Prosjekt Støttekontakt og Prosjekt Frivilligheit, som det blir arbeidd vidare med i 2026. I tillegg starta ein arbeidet med *Framtidas bibliotek*, som blir lagt fram som politisk sak våren 2026.

Utvalde resultat

Prosjekteininga

Det har også i år vore arbeidd mykje med samarbeidsprosjekta med Vestland Fylkeskommune, som er heilt eller delvis Miljøløftsprosjekt. Åsen-Helleskaret vart opna, arbeid i Hatvikvegen med gang- og sykkelvegkløysing har pågått, kommunen har delteke og vore ein aktiv samarbeidspart. Prosjektet i Trolldalen (Lepsøyvegen) med fortau er ferdig og avslutta, her var kommunen byggherre.

Utarbeiding av forslag til reguleringsplan for "Parkering i fjell og kollektivterminal" har hatt stort fokus. Det har også dei store overføringsprosjekta for avløp til OHARA frå Skeisleira, Solstrandsområdet og Søvikvågen hatt.

Plan og Byggesak

Plan

Planprogrammet for ein felles kommuneplanens arealdel (KPA) for heile kommunen blei vedtatt på det siste kommunestyret i 2025, og arbeidet med denne planen var ein av dei viktigaste for 2025. Kommunen har no lagt opp til ein stram tidsplan, og det er viktig å sikre tilstrekkeleg med ressursar til å gjere dei oppgåvene som er nødvendige. Samtidig er det viktig at utviklinga på andre område ikkje stoppar opp, og særleg er det viktig at oppfølginga av områdeplanen for Osøyro blir ivareteke.

Byggesak

Byggesak har sett ein solid oppgang i byggjesaker frå 2024 til 2025. Kommunen fekk inn 507 nye byggjesaker i 2025, opp frå 363 nye byggjesaker i 2024. Vi har også mottatt 82 saker på deling og arealoverføring, som er ei auke på 10 saker frå 2024.

Sjølv om aktiviteten tok seg opp, var det særleg mange store saker gjennom året som gav store utslag på inntektene.

Tilsynsarbeidet har dei siste åra vore ustabil og sporadisk, og det er eit ønske frå både kommunen og næringa at det nyttast ressursar til å gjere dette arbeidet meir systematisk.

Kart og oppmåling

Det vart gjennomført 136 oppmålingsforretningar av avdelinga i 2025. Det vart totalt etablert 83 nye eigedomar i kommunen som er litt høgare enn for 2024. I sum har saksmengda auka frå 2024 sjølv om det også er ei endring i sakstyper. Vi har og hatt fleire regulerte felt som gjev ei grei auke. Vi får også inn fleire saker med klarlegging av grenser. Desse sakene er også ofte meir tidkrevjande å gjennomføre.

Landbrukskontoret

Landbrukskontoret har i 2025 levert eit breitt tenestespekter og halde fram utviklinga av kunnskapsgrunnlag og rutinar. Mellom resultatane som særleg kan løftast fram er:

- På skogområdet vart det vedteke nye retningslinjer for nærings- og miljøtiltak i skogbruket ("NMSK-retningslinjer") i alle tre kommunar, og det vart innført meldeplikt for hogst i ein av samarbeidskommunane som eit tiltak for betre oppfølging av forynging etter hogst.
- Det vart revidert fleire andre strategiar, oppdatert arealrekneskap og arbeidet med temaplan landbruk vart starta opp.

I 2025 har landbrukskontoret også arbeidd vidare med å styrkje interne rutinar og system, slik at viktige oppfølgingssaker ikkje fell mellom fleire prosessar og fristar.

Kontoret har vidare styrkt kompetansen innan GIS. Fleire tilsette nyttar no GIS aktivt i saksbehandling og planarbeid, noko som bidreg til betre kvalitet i arealvurderingar og meir presise faglege innspel.

For å styrkje kapasiteten i strategiske oppgåver starta ein prosjektmedarbeidar etter sommaren 2025. Vedkommande arbeider med temaplan landbruk, jordvernstrategi og revidering av kunnskapsgrunnlag for kjerneområde landbruk.

Brann og redning

I tråd med den førebyggjande analysen har Bjørnafjorden brann- og redning sett i gang ei kartlegging av alle helsebygg i kommunen der det er krav om assistert rømming. Målet er å få oversikt over tekniske og organisatoriske forhold, slik at ein kan prioritere oppfølging og brannførebyggjande tiltak på ein målretta måte. Desse bygga har høg risiko for tap av liv ved brann, og arbeidet er difor viktig både av omsyn til liv og helse og for å sikre vidare drift av kritisk kommunal infrastruktur. Kartlegginga skal etter planen vere ferdig i løpet av hausten 2026. Undervegs får både eigarar og brukarar tilbakemeldingar dei kan følgje opp før eit eventuelt tilsyn.

Kvart år inviterer vi alle 6. klassingar i Bjørnafjorden kommune til næraste brannstasjon på Os eller i Eikelandssosen. Der får elevane lære om brannførebygging og trygg bruk av sløkkeutstyr.

I oktober kvart år arrangerer vi, i samarbeid med Helse Bergen, ei 14-dagars lærlingutdanning på brannstasjonen på Moberg. Tiltaket har utvikla seg til å bli så godt at politistudentar òg deltek for å lære tverretatleg samvirke mellom brann, helse og politi. Vi har òg vore vertskap for Luftambulansen sitt TAS-kurs, der politi, ambulanse og brann blir drilla i felles øvings situasjonar for å oppnå betre forståing og læring på tvers av etatane.

Kultureininga

Bibliotek. Sommarles-kampanjen engasjerer vel 1100 barn eller vel 40% av målgruppa. Filialen i Eikelandsosen flytta inn i nye lokale i Fjord'n nærsenter og har fått mange nye lånarar på tampen av året.

BUA. Gode utlånstal og fin utvikling i 2025. Fekk fornya statstilskot for 2025-2027. Opna nye lokale i november for BUA i Fjorden arena, Eikelandsosen

Frivilligsentral. Arrangerte Frivilligbørs i juni. Frivilligsentralen har rekruttert mange nye "avdelingsvenner" til Luranetunet i løpet av året. TV-aksjonen nådde nye høgder og hadde stort engasjement m.a. på mange skular i kommunen. Aksjon "Hjartetre" møtte også mange behov der lokale gåvemedlar går til julegåver til barn og unge.

Kulturformidling. Kultureininga arrangerte regionalt kunstseminar på Oseana om kunst i offentleg rom. Ung kultur møtes (UKM) vart lokalt arrangert på Os aktiv og kommunen var representert både i fylkesmønstring og i landsfinale.

Idrett. 27 søknader om statlege spelemidlar til lokale anleggsprosjekt, blei levert 15. januar 2025. Samla søknadssum var på meir enn 27 millionar kroner. Eitt av prosjekta var den første fotballhallen i kommunen, bygd i regi av Søre Neset idrettslag og opna av Trond Mohn 15. februar.

Friluftsliv. Markerte Friluftslivets år 2025. 20 lokale tiltak fekk midlar frå ein tilskotspott på kr 185.000. Det har blitt arbeidd med konkrete prosjekt i samarbeid med Bergen- og omland friluftsråd (BOF) på Framnes (på Sjøfteland), Steinavika, Baldersheim og Tellevika (på Moberg).

Støttekontaktenesta. Tenesta har 159 aktive støttekontaktar. 224 personar har vedtak om støttekontakt. 23 står på vent til å få støttekontakt, noko som gir ein dekningsgrad på 89%.

17. mai og 8. mai. Kultureininga koordinerte markeringa av 8. mai og 17. mai i kommunesenteret. Dei to kommunale kulturstipenda vart i 2025 delt ut frå hovudscenen på Kyrkjeflaten.

Lokalhistoriske arkiv

Arkiva frå tidlegare Os og Fusa er i løpet av året samla i eldsikkert rom i Fjord'n nærsenter. Digitalisering av fotoarkivet etter Bladet Midhordland har vore ei prioritert oppgåve i 2025.

Eigedom Drift

Det har vore høgt fokus på å redusere straumforbruket og det var ein reduksjon på 5,3% i 2024. Vi har brukt 781065 kWh mindre straum enn i 2024.

Samferdsle

Trass i varierende og til dels krevjande vinterforhold har vinterdrift levert tilfredsstillande kvalitet når det gjeld framkome og trafikkssikkerheit på det kommunale vegnettet. Kostnadane heldt seg innanfor vedteken budsjetttramme for 2025. Dette er positivt, særleg med tanke på dei store svingingane i vêrforhold som ofte gjer vinterdrift til eit område med økonomisk risiko. Erfaringane frå året viser at

kombinasjonen av god kontraktsutforming, tett oppfølging og tydeleg prioritering av innsats har bidrege til solid kostnadskontroll.

Sjølv om resultatet for 2025 er positivt, er vinterdrift framleis eit område som krev tett oppfølging og god økonomistyring. Både klimaendringar og marknadsforhold kan gi rask og uforutsigbar kostnadsauke i enkelte sesongar.

Trafikksikring

Bjørnafjorden kommune starta arbeidet med å bli regodkjend som *Trafikksikker kommune* i 2025. Regodkjenninga er ein del av den nasjonale godkjenningsordninga til Trygg Trafikk og inneber ein gjennomgang av kommunen sitt systematiske arbeid med trafikktryggleik på tvers av sektorar. Arbeidet har omfatta mellom anna ei spørjeundersøking blant tilsette, innsending av oppdatert dokumentasjon og regodkjenningssmøte med Trygg Trafikk. Formålet er å sikre kontinuitet i trafikksikringsarbeidet og vidareutvikle kommunen sitt arbeid for å førebyggje trafikkulykker og skadar.

Innbyggarservice

Innbyggarservice blei etablert i august 2021 og hadde innan utgangen av 2022 redusert bemanninga med 33 prosent. I 2024 blei eininga redusert med ytterlegare eitt årsverk. I tillegg har vi fått nye oppgåver utan å bli tilført ressursar. Oppgåvene skal løysast og blir løyst med vesentleg færre ressursar. Satsinga på digitalisering og integrasjon kan berre delvis kompensere for reduksjonen i bemanning, og vi er avhengige av å halde fram med dette arbeidet.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

| Fagområde | Rekneskap 2024 | Rev. bud. 2025 | Rekneskap 2025 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--|-------------------|-------------------|-------------------|---------------|---------------|
| 40-Samfunnsutvikling - Fagstab og fellesutgifter | -1 863 | 2 106 | 1 263 | 843 | 40,0 % |
| 43-Prosjekteininga | 111 | 382 | 362 | 20 | 5,3 % |
| 45-Plan og Byggesak | 15 425 | 11 771 | 11 045 | 726 | 6,2 % |
| 47-Kultureininga | 41 497 | 37 405 | 39 729 | -2 324 | -6,2 % |
| 48-Brann | 27 418 | 25 511 | 27 774 | -2 263 | -8,9 % |
| 49-Eigedom Drift | 45 440 | 51 211 | 46 161 | 5 050 | 9,9 % |
| 50-Samferdsle | 25 780 | 23 939 | 23 878 | 61 | 0,3 % |
| 51-Vatn | 5 527 | 0 | 1 748 | -1 748 | 0,0 % |
| 52-Avløp | 2 604 | 0 | 10 565 | -10 565 | 0,0 % |
| 53-Innbyggarservice | 19 475 | 18 109 | 18 261 | -152 | -0,8 % |
| 59-Kalkulatoriske postar - sjølvkost | -91 253 | -89 111 | -97 415 | 8 304 | 9,3 % |
| Sum | 90 161 | 81 323 | 83 370 | -2 047 | -2,5 % |

Kommentar til status økonomi

Prosjekteininga

Prosjekteininga har ikkje store avvik i forhold til budsjettet. Lønsmidlar vert hovudsakleg fordelt tertialvis på prosjekta, inntekter kjem av utleige av personell.

Plan og Byggesak

Plan

På utgiftssida har planavdelinga halde seg godt innanfor dei budsjetterte rammene. På inntektssida kjem hovuddelen av inntektene frå planar som skal leggest ut til offentleg ettersyn. Dette er få kvart år, men med mykje arbeid og gebyrinntekter til kvar enkelt sak. Ettersom talet nye planar er såpass lågt, er avdelinga sårbar sjølv for små endringar. Inntektene vil vere ujamne gjennom året, og talet saker vi får inn til behandling kan vere lite føreseielege.

Inntektene for plan har vore lågare enn budsjettert, men avdelinga hadde mindreforbruk på andre utgifter og løn, slik at det samla er eit mindreforbruk på om lag 750 000 kroner.

Byggesak

Byggesak og tilsyn skal vere 100 prosent finansiert etter sjølvkostprinsippet. I 2025 har avdelinga gått med overskot. Dette skuldast dels eit høgt aktivitetsnivå med tilhøyrande gebyrinntekter, men og dels at nokre stillingar har stått vakante gjennom året som følgje av at rekrutteringa av ny tilsynsførar tok tid, med behov for fleire utlysingar av stillinga.

Då vi såg at aktiviteten på byggjesak auka, gjekk vi vidare med tilsetting av ein ny saksbehandlar i ei stilling som hadde stått vakant første halvår 2025. Rekrutteringa var viktig for å møte den auka saksmengda vi såg utover året.

Kart og oppmåling

Kart- og oppmålingstenestene i Bjørnafjorden kommune er 100% finansiert etter sjølvkostprinsippet. Gebyrinntektene for saker etter matrikkellova vart for 2025 under budsjettert. Dette blir kompensert av høgare inntekter på sal av kart og meklaroppgåver og lågare lønnsutgifter som gjer at området samla sett går noko i pluss.

Landbruk

Landbruksavdelinga har stabile og føreseielege rammer, både på utgifts- og inntektssida. I rekneskapen er det registrert eit underskot på om lag 200 000 kroner, men dette skuldast at samarbeidskommunane ikkje var fakturert for veterinærtjenester før avslutninga av rekneskapen. Desse midlane blir såleis først registrert i 2026. Avdelinga har nytta ressursar til å hente inn ei mellombels stilling til å jobbe med landbruksplanen, men dette er dekkja inn av tilgjengelege midlar, og mindreforbruk på løn. Samla har avdelinga gått i balanse i 2025.

Kultureininga

Rekneskapen syner eit meirforbruk på Kultureininga på 6,2% - til saman 2.323.439,- for heile 2025. Dette er stort sett knytt til Støttekontaktenesta som over år har teke med seg eit underskot. Det vert no gjennomført eit prosjekt Støttekontaktar innan heilskapleg bustad- og innsatstrapp og det vil komme ei sak om dette i 2026.

Brann

Brann og redning hadde i 2025 eit meirforbruk på 2,26 mill. kroner. Den primære årsaka er at eit vedteke nedtrekk på 1 mill. kroner ikkje er gjennomført. Vidare er eit innteningskrav på 0,3 mill. kroner knytt til linjegang ikkje realisert, då behovet for linjegang og vedlikehald har vore lågare enn føreset.

Det resterande meirforbruket skuldast mellom anna IT-software, 110-sentralen, vaktkostnader ved lov-pålagd opplæring og bilpark/utstyr.

Det har vore særleg usikkerheit i sjølvkostområdet for feiing og tilsyn (33810). Området hadde i 2024 eit framførbart underskot på ca. 1,5 mill. kroner, medan ein i 2025 får eit overskot på om lag 0,3 mill. kroner.

Det vil komme eiga sak om dette våren 2026.

Eigedom Drift

Eigedom Drift har eit samla overskot på 5 millionar kroner. Ein vesentleg del av dette, 3,85 millionar kroner, kjem frå forventa mindreforbruk på straum – eit resultat av både gunstige prisar og god driftsoptimalisering. Kommunale avgifter og renovasjon har auka til ca kr. 1,7 mill over budsjett.

Samferdsle

Samferdsle gjekk i økonomisk balanse i 2025. Dette er første gong på fleire år at området leverer resultat i tråd med vedteken budsjetttramme.

Resultatet må sjåast i samanheng med målretta arbeid med økonomistyring, tettare oppfølging av kontraktar og prioritering av tiltak innanfor tilgjengelege rammer. Samstundes har det vore eit medvite fokus på å halde eit forsvarleg driftsnivå knytt til framcome, trafikksikkerheit og beredskap.

Det er likevel viktig å understreke at området framleis er sårbart for kostnadsdrivande hendingar, mellom anna knytt til vêrforhold, vedlikehaldetterslep og prisutvikling i marknaden.

Vatn

Kalkulatoriske kostnader

Kalkulatoriske poster har i 2025 hatt eit stort avvik frå budsjett. I hovudsak skuldast dette at kalkylerenta for 2025 vart langt høgare enn budsjettet.

I budsjettet for 2025 vart det lagt til grunn ei kalkylerente på 3,87%. Rentenivået gjennom 2025 utvikla seg derimot ikkje slik som marknaden la til grunn. I 2025 endte kalkylerenta på 4,48%. Kalkulatoriske rentekostnader vart såleis 2,7 millionar over budsjett og forklarar heile underskotet på sjølvkostområdet for Vatn.

Avløp

Ohara har hatt driftstekniske utfordringar i 3.tertial som har gitt ei overskriding på kjøp av tenester frå Bergen Vann.

Kalkulatoriske kostnader

Kalkulatoriske poster har i 2025 hatt eit stort avvik frå budsjett. I hovudsak skuldast dette at kalkylerenta for 2025 vart langt høgare enn budsjettet.

I budsjettet for 2025 vart det lagt til grunn ei kalkylerente på 3,87%. Rentenivået gjennom 2025 utvikla seg derimot ikkje slik som marknaden la til grunn. I 2025 endte kalkylerenta på 4,48%. Kalkulatoriske rentekostnader vart såleis 5,1 millionar over budsjett.

I tillegg vart kalkulatoriske avskrivningar 0,4 millionar over budsjett, sånn at kalkulatoriske kostnader samla sett endte 5,5 millionar over budsjett.

Innbyggarservice

Det er meirforbruk på lønn, men mindreforbruk på øvrige utgifter. Det vart betalt full lønn til vikarleiar på Innbyggarservice dei tre første månadane av året. Det har vore meir bruk av overtid enn budsjettet, mellom anna knytt til arbeidet med overføringa frå fagsystemet Cubit til Websak, som blei mykje meir omfattande enn føresett. Refusjon sjukeløn kompenserer ikkje fullt ut kostnad ved sjukefråvær.

Kalkulatoriske poster - sjølvkost

Inntektene under dette området er motposten til dei kalkulatoriske kostnadane på sjølvkostområda.

Kalkulatoriske poster har i 2025 hatt eit stort avvik frå budsjett. I hovudsak skuldast dette at kalkylerenta for 2025 vart langt høgare enn budsjettet.

I budsjettet for 2025 vart det lagt til grunn ei kalkylerente på 3,87%. Rentenivået gjennom 2025 utvikla seg derimot ikkje slik som marknaden la til grunn. I 2025 endte kalkylerenta på 4,48%. Totalt sett ga dette eit avvik på 7,2 millionar i 2025.

Avskrivningane endte 450.000 over budsjett, medan kalkulatoriske renter på framfarbart underskot vart 700.000 høgare enn budsjettet. Dette skuldast i stor grad at resultatet for sjølvkostområda vart dårleg i 2025.

Samla endte dermed dei kalkulatoriske postane 8,3 millionar over budsjett. Det meste av dette vil inngå i VA-området sitt meirforbruk.

Status målsettingar

- Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.
- Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune
- Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar
- Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet
- Vi leverer treffsikre tenester

Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Skildring mål |
|---|---|-----------------|---------------------|------------------|---|
| Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling. | Planar blir utforma med utgangspunkt i FN sine berekraftsmål | Andel av planar | 100,0 % | 100,0 % | ✔ Dette er ein del av rutinane kring arbeidet med planar. |
| | Utlån i BUA | Tal på utlån | 3 000 | 3 622 | ✔ Dette viser at BUA både er eit attraktivt tilbod og at tenesta fungerer på ei effektiv og god måte. |
| Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune | Tal planar som er starta eller gjennomført i tråd med planstrategien | Andel planar | 100,0 % | 90,0 % | <p>– Av planane i planstrategien som Samfunnsutvikling har ansvar for, er dei fleste planane for 2025 starta opp. Særleg planprogrammet for KPA og arbeidet med KDP for naturmangfald var viktige milepålar.</p> <p>Vi har ikkje starta detaljreguleringsplan for gravplassen på Nore Neset, som skulle starte i 2025/2026. KPA har høg prioritet, og det er lite truleg at vi kjem i gang med denne i 2026. Vi har heller ikkje starta strategisk plan for Lysefjorden (inkludert Lyseparken), som står på 2025/2026. Vi har likevel ambisjon om å starte dette arbeidet i år. Arbeidet med sektorplan for kultur, idrett og friluftsliv kom seint i gang og vil verte ferdigstilt i 2026.</p> |
| Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar | Tal planar kor det er lagt tilrette for digital medverkand i planarbeidet | Andel planar | 100,0 % | 100,0 % | ✔ Alle planar legg no opp til digital medverkand. |
| Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet | Nye nærmiljøanlegg blir realisert | Tal nye anlegg | 5 | 7 | ✔ Det er to anleggsstader. Turveg Nore Neset og 6 ulike anlegg innanfor prosjektet på Fusa idrettsplass. |

Årsmelding 2025

| Hovudmål | Mål | Indikator | Ønska resultat 2025 | Oppnådd resultat | Skildring mål |
|---------------------------------------|--|-----------------------|---------------------|------------------|--|
| | Vi leverer godt og trygt vatn | Tal reelle kokevarsel | 0 | 1 | – I 2025 var det ei mindre hending med eitt funn av enterokokkar i ei rutineprøve teke ved Tømmernes bru den 18.11.25. Det vart sendt kokevarsel til aktuelle abonnentar, og doble omprøvar vart tekne over to dagar. Det var ingen funn av fekale indikatorbakteriar i omprøvane, og kokevarselet vart dermed oppeva. |
| Vi leverer treffsikre tenester | Reguleringsplanar blir handsama 1. gong innan fristen | Andel planar | 100,0 % | 100,0 % | ✓ |
| | Reguleringsplanar blir handsama administrativt 2. gong innan frist | Andel planar | 100,0 % | 100,0 % | ✓ |
| | Vi handsamar byggesaker innan fristen | Andel saker | 100,0 % | 99,0 % | – Det er registrert 3 saker over frist. |
| | Vi handsamar saker etter matrikkellova innan lovpålagt frist | Andel saker | 100,0 % | 100,0 % | ✓ |

KOSTRA Nøkkeltal

| | Bjørnafjorden 2024 | Bjørnafjorden 2025 | Kostragruppe 09 | Landet uten Oslo |
|---|-----------------------|-----------------------|--------------------|------------------------|
| Prioritet | | | | |
| Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner (B) | 2 279 | 1 878 | 2 760 | 3 214 |
| Netto driftsutgifter i kr pr. innbyggere, komm. veier og gater | 1 392 | 1 325 | 1 552 | 1 656 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (301) plansaksbehandling (B) **) | 182 | 220 | 294 | 321 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (303) kart og oppmåling (B) **) | 23 | 3 | 94 | 120 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (320) kommunal næringsvirksomhet (B) **) | -67 | -63 | -72 | -86 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (329) landbruksforvaltning og landbruksbasert nær.utv. (B) **) | 122 | 153 | 142 | 163 |

Årsmelding 2025

| | | | | |
|--|---------|---------|---------|---------|
| Netto driftsutgifter per innbygger (338) forebygging av branner og andre ulykker (B) **) | 77 | 17 | 73 | 78 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (339) beredskap mot branner og andre ulykker (B) **) | 992 | 1 066 | 1 012 | 1 052 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (360) naturforvaltning og friluftsliv (B) **) | 172 | 158 | 166 | 208 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (370) bibliotek (B) **) | 197 | 197 | 297 | 319 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (383) musikk- og kulturskoler (B) **) | 258 | 240 | 323 | 355 |
| Netto driftsutgifter til idrett per innbygger (B) **) | 523 | 349 | 274 | 277 |
| Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per innbygger (B) | 5 146 | 5 321 | 6 704 | 7 352 |
| Samferdsel, kommune nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) | 1 517 | 1 438 | 1 462 | |
| Produktivitet | | | | |
| Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate | 209 040 | 201 083 | 232 393 | 224 983 |
| Brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker (B) | 22 148 | 21 277 | 30 175 | 29 298 |
| Dekningsgrad | | | | |
| Besøk i folkebibliotek per innbygger (B) | 1,7 | 1,7 | 4,7 | 4,5 |
| Kvalitet | | | | |
| Andel av innvilgede byggesøknader som medførte vedtak om dispensasjon fra plan (prosent) | 19,6 | 18,6 | 19,3 | 20,0 |

**) Justert for utgiftsbehov

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

| Investering | Totalbudsjett | | Budsjett for året | | |
|--|----------------|----------------|-------------------|----------------------------|----------------------|
| | Vedteke totalt | Påløpt totalt | Rev. bud. | Rekneskap Forbruk i % i år | Status |
| Avlaupsprosjekt | - | - | 39 000 | 25 718 | 65,9 % Ikkje vurdert |
| Brannstasjon Eikelandsosen - Tilbygg | 25 000 | 26 257 | 0 | 88 | 0,0 % Ferdig |
| Kjøp av tomter og bygg | - | - | 7 500 | 6 104 | 81,4 % Iht. plan |
| Kommunal infrastruktur | - | - | 5 000 | 4 861 | 97,2 % Iht. plan |
| Kommunal Veg | 21 800 | 20 460 | 10 749 | 9 409 | 87,5 % Iht. plan |
| Revsåsen | | | | | |
| Lepsøyvegen – Trolldalen GS-løysning – Tidleg fase | 1 677 | 1 743 | 245 | 246 | 100,3 % Ferdig |
| Miljøløftet – Lepsøyvegen-Trolldalen GS-løysning – Byggefase | 0 | 16 396 | -6 673 | 9 723 | -145,7 % Ferdig |
| Nytt Ventilasjonsanlegg | 3 000 | 26 | 1 500 | 26 | 1,7 % Forsinket |
| Ombygging kommunale bygg | - | - | 5 400 | 2 826 | 52,3 % Iht. plan |
| Parkering i fjell | 12 951 | 12 862 | 12 083 | 11 993 | 99,3 % Ikkje vurdert |
| Parkeringsanlegg | 65 100 | 69 358 | 367 | 0 | 0,0 % Ferdig |
| Politistasjon | 68 000 | 70 610 | 402 | 44 | 10,9 % Ferdig |
| Moberg | | | | | |
| Prosjektering utbyggingsområder | - | - | 1 000 | 0 | 0,0 % Ikkje vurdert |
| Rullande materiell | - | - | 3 500 | 3 995 | 114,1 % Iht. plan |
| Steinavikjo friluftområde | 1 000 | 1 224 | 1 000 | 1 224 | 122,4 % Ferdig |
| Tellevika friluftområde | 1 000 | 803 | 1 000 | 803 | 80,3 % Iht. plan |
| Tiltak i trafikksekringsplan | 29 000 | 21 438 | 2 000 | 1 824 | 91,2 % Iht. plan |
| Utgreiing bane | 500 | 266 | 500 | 266 | 53,1 % Ferdig |
| Kuventræ idrettsplass | | | | | |
| VA anlegg ny vei Åsen | 44 500 | 35 718 | 21 683 | 14 901 | 68,7 % Iht. plan |
| Vassprosjekt | - | - | 25 000 | 17 806 | 71,2 % Ikkje vurdert |
| Sum andre prosjekt | 0 | 46 851 | -1 151 | 31 | -2,7 % |
| Sum | 273 528 | 324 012 | 130 105 | 111 888 | |

Statustekst investeringar

Avlaupsprosjekt

I prosjektet overføring av avløp frå Skeisleira til OHARA har arbeidet starta opp, det har pågått grøftearbeid langs Ulvenflaten og i Hagaviksbakken. Kontrakt for pumpestasjonane er inngått. I prosjektet om overføring av avløp Solstrand - Kuhnle så er det under bygging, byggegrep for

pumpestasjon vart spuntet. Konkurransen for pumpestasjon må lysast ut på ny.

VA Stegen 12 pågår i samarbeid med utbyggjar for separering av avløp/overvatn.

Utsifting av avløp og vatn i Vesterlio på Søfteland og prosjektet VA Solstrandsvegen - avløp vart slutført. Sluttarbeid har også pågått for prosjekta VA Landboden, Mobergshaugane og Renseanlegg Ådnavika.

Prosjektering for vidare arbeid i Midtskogvegen-Mobergshaugen har starta opp, samt for pumpestasjon i Kuvågen og utviding av pumpekapasitet i P2(OHARA).

Mindreforbruk kjem i hovudsak av at prosjekta VA Stegen 12 og overføring Skeisleira til OHARA er mindre belasta i 2025 enn forventa, samt at ein ikkje har fått inn tilbud på konkurransar for pumpestasjonar. Noko av årsaka er også overforbruket i 2024.

Kjøp av tomter og bygg

Investeringsposten vart auka i revidert budsjett på grunn av kjøp av Stegen 6 som vedtatt i kom.styre 13.02.2025.

Kommunal infrastruktur

Utbedring av Os industrikai er gjennomført. Arbeid med oppgradering av vegstrekingar, bl.a. Skeisbotn, Eikhaugvegen og Ådlandsvegen.

Kommunal Veg Revsåsen

Prosjektramme 26,3 mill.kr. Vegen er overtatt av kommunen og tatt i bruk. Sluttarbeid pågår i samarbeid med VLFK for prosjektet Åsen- Helleskaret.

Miljøløftet – Lepsøyvegen-Trolldalen GS-løysning – Byggefase

Anlegget vart opna til påske og overlevert til VLFK. Midlar frå miljøløftet er mottatt. Restsum er mva, som det er planlagt å inngå justeringsavtale med VLFK for.

Nytt Ventilasjonsanlegg

Planlegging og utarbeiding av konkurransegrunnlag pågjekk. utfordringar med leveringstider for ventilasjonsaggregat.

Ombygging kommunale bygg

Oppgradering av låsesystem ved Nore Neset barneskule, Lunde barneskule og Baldersheim Helsetun har vært utført. Mindre arbeid med bl.a. bruksløyve for enkelt bygg og arbeid i høve flytting av BUA til Fjorden Arena. Planlegging og arbeid med soveløysning/soveskur i Os barnehage og utbedring av brannalarmanlegg i Fjorden Arena starta opp.

Parkering i fjell

Planforslaget for reguleringsplanen "Parkering i fjell og kollektivterminal" vart levert før jul som avtalt. Planforslaget er venta opp til 1.gangsbehandling i løpet av april.

Arbeidet med planinitiativ for "Ombruksmassar Lyseparken aust" starta opp, det vert meirkostnad som følge av dette arbeidet og rettingar/oppfølging av forslag til reguleringsplan.

Politistasjon Moberg

Prosjektramme er 72 mill.kr.

Rullande materiell

Dagsenterbil til FBBS/heimetenester, skjærslukker og feiebil til brannvesenet, truck til teknisk er kjøpt inn. Meirforbruket kjem av behovet for ytterlegare ein bil med plass for rullestol inkl.rampe til heimetenesta.

Steinavikjo friluftområde

Arbeidet vart ferdigstilt i løpet av året, noko meirkostnad på grunn av dreneringsarbeid og pigging av fjell.

Tellevika friluftområde

Planeringsarbeid og gangstiar er i hovudsak ferdig. Betongarbeid er under arbeid, både kai og deler av HC-rampe.

Tiltak i trafikksikringsplan

Ulike tiltak er gjennomført som t.d. Trygg trafikk, Hjertesone, nye fartsdumpar, skilt, forsterka rekkverk og prosjektering for gangbru Sælen.

Utgreiing bane Kuventræ idrettsplass

Rapport inkl. kostnadsestimat vart utarbeida og lagt fram i eige politisk sak.

VA anlegg ny vei Åsen

VA-anlegg ny veg Åsen er delvis under VLFK sitt prosjekt Åsen-Helleskaret, den delen som er i fellesprosjektet er tatt i bruk. Sluttarbeid og prøvedrift for denne delen pågår.

Entreprisen for ledningsanlegget frå Helleskaret til Søvik RA er i hovudsak utført, entreprisen for ombygging av Søvik RA til pumpestasjon er ferdig prosjektert men avventer avklaring frå BKK.

Vassprosjekt

VA Hatvikvegen er eit samarbeidsprosjekt med VLFK sitt miljøløftsprosjekt om GS-løysning i Hatvikvegen. Bygging har pågått med vannledning i Hatvikvegen, samt ledningsfornyning i Midtbøvegen. VA Hegglandsdalen 2 vart sluttført.

I prosjektet om forsterka vassforsyning Skjelbreid så har arbeidet med overbygning samt samankobling pågått, planlagt ferdig våren 2026.

Råvassledning nr. 2 til Gåssandvatnet er levert, planlagt utlegging i 2026.

Fleire prosjekt er i prosjektering- og oppstartsfasen, bl.a.: deler av Osdalen del 5, VA Brugata og VA Midtskogvegen - Moberg.

Mindreforbruk kjem i hovudsak av at VA-del i Hatvikvegen vart mindre belasta i 2025 enn forventa, samt at oppstart av deler av Osdalen del 5 vart forsinka. Noko av årsaka er også overforbruket i 2024.

Pdf vedlegg

[Økonomiske oversikter Bjørnafjorden kommune 2025](#)

[Noter Bjørnafjorden kommune 2025](#)

[Økonomiske oversikter Bjørnafjorden konsolidert 2025](#)

[Noter Bjørnafjorden konsolidert 2025](#)